

KONSEKVENSGREIING

Kulturmiljø

Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland. Konsekvensar for kulturmiljø.

VERSJON: 13.05.25



RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR

Teknaconsult AS / Ecofact AS

DOKUMENTINFORMASJON	
Tittel: Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland. Konsekvensar for kulturmiljø.	Dato: 13.05.25
	Versjon: 13.05.25
Forfatter: Oddhild Dokset Engedal	Rapportnr.:
Referanse: Engedal, O.D. 2024: Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland. Konsekvensar for kulturmiljø.	
Oppdragsgjevar: Ecofact AS for Teknaconsult AS	Kontaktperson oppdragsgjevar: Roy Mangersnes, Ecofact AS.
Framsidaillustrasjon: KM 9 Sørå Kalberg, tunet til gnr. 29/2. Fagrafjell transformatorstasjon i bakgrunnen. Tatt mot nordaust.	
Produsert av: RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR ANS 6953 Leirvik i Sogn Tlf. 91329417 / 95882320 E-post: post@arkeoraad.no Internett: www.arkeoraad.no	

INNHALD

Innhald.....	3
1 Innleiing	6
2 Samandrag.....	7
2.1 Bakgrunn	7
2.2 Metode.....	7
2.3 Resultat.....	7
2.4 Skadereduserande tiltak.....	9
3 Bakgrunn og skildring av tiltaket	11
3.1 Lokalisering.....	11
3.2 Planprogram	12
4 Teori og metode	13
4.1 Definisjonar og overordna mål og føringar.....	13
4.1.1 Definisjonar.....	13
4.1.2 Overordna mål og føringar.....	13
4.2 Metodikk	14
4.2.1 Delområde	15
4.2.2 Verdi.....	15
4.2.3 Påverknad	17
4.2.4 Konsekvensar	19
4.3 Definisjon av plan- og influensområdet	22
4.4 Datagrunnlag	22
5 Kulturhistorisk utvikling	23
5.1 Eldre tid	23
5.2 Nyare tid.....	24
5.3 Kulturminne i Rogaland – særpreg og prioriteringar	26
5.4 Kulturhistorisk utvikling i plan- og influensområdet.....	27
6 Kulturmiljø og verdivurdering	30
6.1 Delområde A	30
6.1.1 KM 1 Ålgardbanen.....	30
6.1.2 KM 2 Nordre Kalberg	33
6.1.3 KM 3 Orstad.....	41
6.1.4 KM 4 Foss-Eikeland.....	44
6.1.5 KM 5 Orstad sør	45
6.1.6 KM 6 Fagrafjell/Møgjedal	48
6.1.7 KM 7 Gjetarhytte	53

6.1.8	KM 8 ASK ID 129145	55
6.1.9	KM 9 Sørå Kalberg	56
6.1.10	KM 10 Sørå Kalberg II.....	65
6.1.11	KM 11 Nordre Kalberg kulturlandskap	68
6.2	Delområde B	69
6.2.1	KM 12 Frøyland	69
6.2.2	KM 13 Kvernaland.....	76
6.2.3	KM 14 Netland og Tegle.....	82
6.2.4	KM 15 ASK ID 15192	84
6.2.5	KM 16 Håfjell / Klokkeberg	85
6.2.6	KM 17 ASK ID 5355	88
6.2.7	KM 18 Gammel indre Hovedvei.....	89
6.2.8	KM 19 ASK 327258-0	90
7	Påverknad- og konsekvensvurdering	92
7.1	Alternativ.....	92
7.1.1	0-alternativet.....	92
7.1.2	Hovudalternativ	92
7.1.3	Masseuttak RK1 og RK2.....	92
7.1.4	Næringsbebyggelse NK3.....	93
7.2	Delområde A	94
7.2.1	KM 1 Ålgårdbanen og Figgjo	94
7.2.2	KM 2 Nordre Kalberg	94
7.2.3	KM 3 Orstad.....	95
7.2.4	KM 4 Foss-Eikeland.....	95
7.2.5	KM 5 Orstad sør.....	95
7.2.6	KM 6 Fagrafjell/Møgjedal	96
7.2.7	KM 7 Gjetarhytte	97
7.2.8	KM 8 ASK ID 129145	97
7.2.9	KM 9 Sørå Kalberg	98
7.2.10	KM 10 Sørå Kalberg II.....	99
7.2.11	KM 11 Nordre Kalberg kulturlandskap	100
7.3	Delområde B	101
7.3.1	KM 12 Frøyland	101
7.3.2	KM 13 Kvernaland.....	101
7.3.3	KM 14 Netland og Tegle.....	102
7.3.4	KM 15 ASK ID 15192	102

7.3.5	KM 16 Håfjell – Klokkeberg	103
7.3.6	KM 17 ASK ID 5355	104
7.3.7	KM 18 Gammel indre Hovedvei.....	104
7.3.1	KM 19 ASK ID 327258-0	105
7.4	Samanstilling av konsekvensar	106
7.5	Konsekvensar i anleggsperioden.....	107
7.6	Skadereduserande tiltak.....	108
8	Referansar.....	109
8.1	Kjelder på internett.....	109
9	Vedlegg	110

1 INNLEIING

Denne konsekvensutgreiinga er utført av Rådgjevande Arkeologar som underkonsulent for Ecofact AS. Teknaconsult AS har vore oppdragsgjevar.

Synfaring vart gjort av Ørjan Engedal den 16.11.2023, 04.01.2024 og 22.04.2024. Oddhild Dokset Engedal har vore oppdragsleiar, og Ørjan Engedal har kvalitetssikra arbeidet. Alle foto er tekne av Ørjan Engedal på synfaring, om ikkje anna er nemnt.

13.05.25

Oddhild Dokset Engedal
Oppdragsleiar

Ørjan Engedal
Kvalitetssikring

2 SAMANDRAG

2.1 BAKGRUNN

Det skal utarbeidast ein områdeplan for Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland i Time og Klepp kommune, for å etablere rammer for utbygging, samt rammer for vidare detaljregulering. Områdeplanen femner om omkøyringsveg fv. 505 om Kvernaland og Orstad, samt næringsområda NK1-NK4, råstoffutvinningsområda RK1-RK5, grøntområda GK1-GK3, bustadområda BK1, BK5 og BK6 i kommuneplanens arealdel for Time kommune, samt næringsområdet KN6 i Klepp kommune.

2.2 METODE

Konsekvensutgreiinga er gjort i samsvar med metodikk skildra i *Veileder MD-1941 Konsekvensutredning av klima og miljø* (MD 2023).

2.3 RESULTAT

I plan- og influensområdet er det definert 18 kulturmiljø og 1 overordna kulturlandskap.

Utgreiingsområdet er prega av fleire moreneryggar med sandhaldig og sjølvdrenerert jord. Dette ga gode tilhøve for jordbruk og her er registrert ei rekkje spor etter førhistorisk jordbruk, både frå bronsealder og jernalder. I området er her også tett med gravminne. Jordbruk har fram til nyare tid vore viktigaste næringsveg, sjølv om industri som vaks fram mot slutten av 1800-talet, også har vore viktig for utviklinga av området.

13 kulturmiljø er vurdert å ha stor verdi, 4 middels verdi og 1 er vurdert å ha noko verdi. Mange av kulturmiljøa er store og inneheld fleire lokalitetar med automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne. Ein variasjon av enkeltminne i eit fint kulturlandskap gjev høg kunnskap- og opplevingsverdi. I nord er kulturlandskapet meir fragmentert, enn i sør, på grunn av eksisterande masseuttak, Fagrafjell transformatorstasjon og fleire kraftlinjer.

I utgreiingsområdet er her også to kulturmiljø kytt til samferdsel. KM 1 Ålgårdsbana bind saman industrihistoria på Ålgård, Figgjo og i Ganddalen og innanfor influensområdet er også ei fagverksbru, ein tidstypisk og mykje brukt konstruksjon, men likevel sjeldan i området. KM 1 er vurdert å ha stor verdi. Lenger sør går ein del av «Gammel indre Hovedvei» gjennom utgreiingsområdet. Vegen er bygd før 1837 og er eit viktig veghistorisk minne, vurdert til middels verdi.

Tabellen under syner ein samanstilling av konsekvensgrad for kulturmiljøa i dei ulike alternativa, rangering av alternativ og samla konsekvensgrad for alternativa.

Tabell 2.1. Samanstilling av konsekvensgrad for kulturmiljø, rangering av alternativ og samla konsekvensgrad for alternativa.

Kultur- miljø	Alternativ			
	Konsekvens			
	0-alt	Alt. 1b		Alt. 2b
KM 1	0	(0)		(0)
KM 2	0	(---)		(---)
KM 3	0	(---)		(---)
KM 4	0	(-)		(-)
KM 5	0	(0)		(0)
KM 6 To alternativ for utforming av RK2	0	RK2 A (--)	RK2 B (--)	RK2 A (--) RK2 B (--)
KM 7	0	(-)		(-)
KM 8	0	(---)		(---)
KM 9 To alternativ for utforming av NK 3	0	NK3 A (--)	NK3 B (--)	NK3 A (--) NK3 B (--)
KM 10 To alternativ for utforming av NK3	0	NK3 A (-)	NK3 B (--)	NK3 A (-) NK3 B (--)
KM 11 To alternativ for utforming av NK3	0	NK3 A (--)	NK3 B (--)	NK3 A (--) NK3 B (--)
KM 12	0	(---)		(---)
KM 13	0	(0)		(0)
KM 14	0	(0)		(0)
KM 15	0	(0)		(-)
KM 16	0	(---)		(---)
KM 17	0	(-)		(-)
KM 18	0	(-)		(-)
KM 19	(0)	(0)		(0)
Rangering	0	2		3
Samla vurdering	0	Stor negativ konsekvens		Stor negativ konsekvens

Samla medfører ei realisering av områdeplanen negative konsekvensar for fagtema kulturmiljø. Det er direkte konflikt med fleire automatisk freda-, samt nyare tids kulturminne, i fleire kulturmiljø og tiltaket vil medføre fragmentering av kulturlandskap med stor tidsdjupne. Både opplevings- og kunnskapsverdi vert svekka for fleire kulturmiljø. Av totalt 19 kulturmiljø, er områdeplanen vurdert å ha alvorleg eller middels konsekvens for 8 eller 9 kulturmiljø (avhengig av alternativ for NK3). Samla konsekvens er vurdert i tråd med tabell i Figur 4-4. Kriterium for fastsetjing av konsekvens for kvart alternativ (MD 2023).

Samla konsekvensgrad, for begge alternativ, er vurdert til stor negativ konsekvens.

Rangering av alternativ 1b og 2b

Dei to hovudalternativa er like gjennom store delar av planområdet, også der påverkinga på kulturmiljø er størst. Det er såleis relativ liten skilnad på alternativa. Alternativ 1b er likevel rangert som det beste alternativet, då dette er vurdert som noko betre for KM 15 og KM 18 enn alternativ 2b.

Rangering av alternativ RK2 A og RK2 B (utforming av RK2)

Kultur- miljø	Alternativ		
	Konsekvens		
	0-alt	Alt. RK 2 A	Alt. RK 2 B
KM 6	0	(--)	(--)
Rangering	1	3	2
Samla vurdering	0	Middels negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens

Alternativ RK2 B er vurdert å vere noko betre enn alternativ RK2 A, då det medfører direkte konflikt med færre enkelminne. Det er likevel vurdert å vere relativ liten skilnad på dei to alternativa, då dei bevarte enkeltminna i alternativ RK2 B vil bli liggjande i eit smalt belte inn i masseuttak RK2. Opplevingsverdien vil bli redusert og omgjevnadane enkeltminna ligg i, ytterlegare fragmentert.

Rangering av alternativ NK3 A og NK3 B (utforming av NK3)

Kultur- miljø	Alternativ		
	Konsekvens		
	0-alt	Alt. NK3 A	Alt. NK3 B
KM 9	0	(--)	(--)
KM 10	0	(-)	(-)
KM 11	0	(--)	(--)
Rangering	1	2	3
Samla vurdering	0	Middels negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens

Alternativ NK3 B har ei større utstrekning enn alternativ NK3 A og medfører nærføring til ASK ID 5368 og ei ytterlegare fragmentering av det overordna kulturlandskapet. Vidare medfører alternativ NK3 B reduserte samanhengar mellom KM 9, KM 10 og KM 11. Alternativ NK 3A er såleis rangert som det beste av dei to alternativa.

2.4 SKADEREDUSERANDE TILTAK

God landskapstilpassing og revegetering av ramma areal er viktig og kan redusere grad av negativ visuell påverking av kulturminne og kulturmiljø noko, men ikkje nok til å endre konsekvensgrad. Skadereduserande tiltak knytt til fagtema *landskapsbilete*, vil ofte ha ein positiv effekt på kulturmiljø innanfor same landskapsrom.

Opplevingsverdien knytt til viktige kulturmiljø vert redusert ved støy. God støyskjerming er derfor skadereduserande tiltak for kulturminne i influensområdet. Nye installasjonar som støyskjerm, vollar og gjerder må i størst mogleg grad innordne seg viktige kulturmiljø og kulturlandskap.

Masseuttaka bør fyllast opp att og tilbakeførast til landbruksareal etter at driftsperioden er ferdig. Ein må då ha god landskapstilpassing slik at masseuttaket ikkje vert liggjande som eit permanent terrenginngrep.


Risikovurdering og sikring av kulturminne vil vere viktig for å redusere risiko for forutsette hendingar. Fleire automatisk freda kulturminne kjem svært nær planlagde tiltak og bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i anleggsfase og driftsfase. Dette gjeld for følgjande kulturminnelokalitetar:

- ASK ID 15183
- ASK ID 60874
- ASK ID 296009
- ASK ID 5150
- ASK ID 129145
- ASK ID 305243
- ASK ID 5368
- ASK ID 44318
- ASK ID 141487
- ASK ID 141484
- ASK ID 24984
- ASK ID 15192 (alternativ 2b)

3 BAKGRUNN OG SKILDRING AV TILTAKET

Det skal utarbeidast ein områdeplan for Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland i Time og Klepp kommune, for å etablere rammer for utbygging, samt rammer for vidare detaljregulering. Områdeplanen femner om omkøyringsveg fv. 505 om Kvernaland og Orstad, samt næringsområda NK1-NK4, råstoffutvinningsområda RK1-RK5, grøntområda GK1-GK3, bustadområda BK1, BK5 og BK6 i kommuneplanens arealdel for Time kommune, samt næringsområdet KN6 i Klepp kommune.

For regulerings-/områdeplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing som ein del av planforslaget. Som ein del av konsekvensutgreiinga skal konsekvensar for kulturmiljø vurderast. Denne rapporten tek føre seg kulturhistoriske verdiar og kva konsekvensar planlagde tiltak vil ha på kulturmiljø.



Figur 3-1. Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland, delområde A og B.

KM 9 og KM 10 ligg i grensa mellom delområde A og delområde B, og har areal innanfor begge delområda. Dei to kulturmiljøa er skildra og vurdert, i heilskap, under delområde A.

3.1 LOKALISERING

Planområdet ligg hovudsakleg i Time kommune, men delar av omkøyringsvegen og industriområde KN6 i Klepp kommune, er også inkludert.



Figur 3-2. Regional lokalisering av planområdet (raud markering).

Utgreiingsområdet er lokalisert på delar av Nordre Kalberg, gnr. 30, Sørre Kalberg, gnr. 29 og Frøyland, gnr. 28, Kvernaland, gnr. 27, Netland, gnr. 26, Tegle, gnr. 25, Njå, gnr. 24 og Åsland, gnr. 31, i Time kommune, samt delar av Orstad, gnr. 9, i Klepp kommune.

3.2 PLANPROGRAM

I planprogrammet er tema kulturminne og kulturmiljø skildra på følgjande vis:

«Planområdet ligger i et område på Jæren med svært mange eldre, automatisk fredede kulturminner. Disse består i stor grad av gårdsanlegg, gravfelt, gravrøyser og rydningsrøyser. Det ligger også ett SEFRAC-registrert bygg i nær tilknytting til planområdet. Et område mellom Nordre Kalberg og Åslandsvegen er registrert med middels verdi i nasjonal registrering av kulturlandskap.» (Time og Klepp kommune 2022:24).

Under utgreiingsbehov står det følgjande om tema kulturminne og kulturmiljø (ibid:40):

	Tema	Problemstillinger	Utredningsbehov
	Kulturminner og kulturmiljø	Det er registrert et relativt stort antall kjente automatisk freda kulturminner innenfor både varslingsgrensen og også analyseområdet.	Kulturminner, kulturmiljø og kulturlandskap innenfor planområdet og planens influensområde må beskrives og kartfestes. Tiltakets konsekvens for slike må beskrives og visualiseres ved illustrasjoner.

4 TEORI OG METODE

4.1 DEFINISJONAR OG OVERORDNA MÅL OG FØRINGAR

4.1.1 DEFINISJONAR

Kulturminnelova definerer kulturminne som: «alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til». Når eit eller fleire kulturminne inngår i ein vidare heilskap eller samanheng, snakkar ein om eit *kulturmiljø*.

I Stortingsmelding nr. 16 (2019-2020) er kulturmiljø innført som eit samleomgrep for «Kulturminner, kulturmiljø og landskap» og vert brukt når feltet vert omtala som ein heilskap, men erstattar ikkje dei individuelle omgrepa. Omgrepet understrekar heilheit og samanheng, og tilknytninga til den øvrige klima- og miljøpolitikken vert tydelegare.

Grunnlaget for å verne kulturminne er at dei har verdi som:

- kjelder til kunnskap
- grunnlag for oppleving
- ressurs for bruk

4.1.2 OVERORDNA MÅL OG FØRINGAR

§1 i Kulturminnelova av 9. juni 1978, slår fast fylgjande formål med lova:

”Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet”.

Stortingsmelding nr. 16 (2019-2020) erstattar tidlegare målsetjingar for kulturminnepolitikk med følgjande kulturmiljømål:

- alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø
- kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging
- eit mangfald av kulturmiljø skal tas vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk

Dei tre måla skal byggje opp under, supplere kvarandre og sjåast i samanheng.

Punkt tre vidarefører essensen i det tidlegare strategiske målet for kulturminnepolitikken som vart lagt fram i St.meld. nr 16 (2004-2005) *Leve med kulturminne*:

Nasjonalt strategisk mål:	Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og tas vare på som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping. Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv
Nasjonalt resultatmål 1	Det årlige tapet av verneverdige kulturminner og kulturmiljøer som følge av at de fjernes, ødelegges eller forfaller, skal minimaliseres. Innen 2020 skal tapet ikke overstige 0,5 prosent årlig.
Nasjonalt resultatmål 2	Fredete og fredningsverdige kulturminner og kulturmiljøer skal være sikret og ha ordinært vedlikeholdsnivå innen 2020
Nasjonalt resultatmål 3	Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredden i de varig vernete kulturminnene og kulturmiljøene skal bli bedre, og et representativt utvalg skal være fredet innen 2020.

Vidare vert det gjennom punkt 2 framheva samfunns- og arealplanlegginga si betydning for å ivareta eit mangfald av kulturmiljø og korleis desse kan bidra til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Punkt 1 legg vekt på menneska sin rett til å ha ein kulturarv og at kulturmiljø er eit felles gode som det er eit felles ansvar å forvalte.

På regionalt plan gjeld eventuelle fylkesplanar som omhandlar kulturmiljø. Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035, Rogaland fylkeskommune, vart vedteken i fylkestinget 14.juni 2023.

Følgjande overordna målsetjingar for arbeidet med kulturmiljø i Rogaland skildra:

- 1) I Rogaland skal me ta vare på eit mangfald av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og undersøkast no og i framtida.
- 2) I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidrar til å gje eigenart og identitet til stader og folk.
- 3) I Rogaland nyttar med kulturarv og kulturmiljø til å skapa trivsel og tilhøyrse for lokalbefolkninga og unike opplevingar for tilreisande.

På lokalt nivå skisserer kommunane mål for forvaltning av kulturminne i *kommuneplanen* eller i ein *kulturmiljøplan*. Plan- og influensområdet kjem innanfor tre kommunar, Sandnes, Time og Klepp kommunar. Alle tre kommunane har kulturmiljøplanar:

- Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer i Sandnes 2020-2035 (utkast)
- Kulturminneplan 2021-2031, Klepp kommune
- Kulturminneplan, Time kommune 2008-2019 (vedteken av Time kommunestyre 04.11.2008)

4.2 METODIKK


Føremålet med denne utgreiinga er å kartlegge dei kulturhistoriske verdiar innanfor plan- og influensområdet, samt å gjere greie for konsekvensar av planlagde tiltak. Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens følgjer *Konsekvensutredning av klima og miljø, Veileder M-1941* (MD 2023).

4.2.1 DELOMRÅDE

Rettleiar M-1941 legg opp til at utgreiingsområdet kan delast inn i delområde, for dette temaet heiter delområda *kulturmiljø* (MD 2023). For å identifisere og avgrense kulturmiljø tar ein utgangspunkt i dei kulturhistoriske verdiane i området, kva tiltak det er og korleis det vil verke inn på miljøet. Vurderingar av kulturhistorie, tidsdjupne, enkeltminne, siktlinje og landskap ligg til grunn når eit kulturmiljø vertdefinert og avgrensa. Kva type tiltak som er planlagt kan verke inn på korleis ein avgrensar eit kulturmiljø.

4.2.2 VERDI

Med verdi meinast kor verdifullt eit område eller miljø er, og verdien vert fastsett langs ein skala frå *Ubetydeleg verdi* til *Svært stor verdi*. Denne verdivurderinga er gjort i samsvar med kriteria lista i tabellen *Verdisetting av kulturmiljø* (M-1941). Verdien som er sett på eit delområde/kulturmiljø er ein *gjennomsnittsverdi*, dette tyder *ikkje* at alle einskildminna i miljøet har denne verdien. Det vert teke omsyn til dette når grad av påverknad vert vurdert.



Figur 4-1. Skala for vurdering av verdi. Det er glidande overgangar mellom verdikategoriene for å nyansere verdivurderinga ytterlegare.

4.2.2.1.1 Kulturmiljø

Miljødirektoratets rettleiar M-1941 syner til følgjande kriterium for å vurdere verdien av kulturmiljø (Tabell 4.1):

Tabell 4.1. Verdisetting av kulturmiljø (M-1941)

Verdikategori	Uten betydning for KU	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Kulturminnet/ kulturmiljøet har betydning som kilde til historien for perioder eller tema der det fins få eller ingen skriftlige kilder	Kulturminnet/ kulturmiljøet har svært begrenset betydning som kilde til historien for perioder eller tema der det fins få eller ingen skriftlige kilder. Andre kulturmiljøer vil kunne gi mer kunnskap om samme periode/tema.	Kulturminnet/ kulturmiljøet har begrenset betydning som kilde til historien for perioder eller tema der det fins få eller ingen skriftlige kilder, både i seg selv og sammenlignet med andre kulturmiljøer.	Kulturminnet/ kulturmiljøet har betydning som kilde til historien for perioder eller tema der det fins få eller ingen skriftlige kilder, både i seg selv og sammenlignet med andre kulturmiljøer.	Kulturminnet/ kulturmiljøet har stor betydning som kilde til historien for perioder eller tema der det fins få eller ingen skriftlige kilder, både i seg selv og sammenlignet med andre kulturmiljøer. Kulturminnet/ kulturmiljøet vil kunne bidra med unik kunnskap om perioder eller tema som er dårlig dekket av skriftlige kilder.	Kulturminnet/ kulturmiljøet har svært stor betydning som kilde til historien for perioder eller tema der det fins få eller ingen skriftlige kilder, både i seg selv og sammenlignet med andre kulturmiljøer. Kulturminnet/ kulturmiljøet vil kunne bidra med omfattende og unik kunnskap om perioder eller tema som er dårlig dekket av skriftlige kilder.
Kulturminnet/ kulturmiljøet er knyttet til tro eller tradisjoner	Kulturminnet/ kulturmiljøet er i svært liten grad knyttet til tro eller tradisjoner.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er i noe grad knyttet til tro eller tradisjoner.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er knyttet til tro eller tradisjoner.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er i stor grad knyttet til viktig tro eller tradisjoner.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er i svært stor grad og eller tradisjoner.
Kulturminnet/ kulturmiljøet er av betydning for en eller	Kulturminnet/ kulturmiljøet inneholder få	Kulturminnet/ kulturmiljøet inneholder noen	Kulturminnet/ kulturmiljøet inneholder flere elementer som er	Kulturminnet/ kulturmiljøet er helhetlig, karakteristisk, og av stor	Kulturminnet/ kulturmiljøet er helhetlig, godt bevart,

Verdikategori	Uten betydning for KU	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
flere etniske grupper (den samiske urbefolkningen, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper)	elementer, som også er av begrenset betydning for en eller flere etniske grupper.	elementer som er av noe betydning for en eller flere etniske grupper.	karakteristiske og av betydning for en eller flere etniske grupper.	betydning for en eller flere etniske grupper.	karakteristisk, og av særlig stor betydning for en eller flere etniske grupper.
Kulturminnet/ kulturmiljøet er knyttet til en sosial gruppe eller viser en sosial sammenheng med betydning for historien	Kulturminnet/ kulturmiljøet er i svært liten grad knyttet til en sosial gruppe eller viser en sosial sammenheng med betydning for historien.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er til en viss grad knyttet til en sosial gruppe eller viser en sosial sammenheng med noe betydning for historien.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er knyttet til en sosial gruppe eller viser en sosial sammenheng med betydning for historien.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er klart knyttet til en sosial gruppe eller viser en sosial sammenheng med stor betydning for historien.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er klart knyttet til en sosial gruppe eller viser en sosial sammenheng med særlig stor betydning for historien på en lett lesbar måte.
Kulturminnet/ kulturmiljøet representerer en eller flere faser eller virksomheter med betydning for historien/ utviklingen	Kulturminnet/ kulturmiljøet representerer i svært liten grad en eller flere faser eller virksomheter med betydning for historien/utviklingen.	Kulturminnet/ kulturmiljøet representerer til en viss grad en eller flere faser eller virksomheter med betydning for historien/utviklingen.	Kulturminnet/ kulturmiljøet representerer en eller flere faser eller virksomheter med betydning for historien/utviklingen.	Kulturminnet/ kulturmiljøet representerer i stor grad en eller flere faser eller virksomheter med særlig betydning for historien/utviklingen.	Kulturminnet/ kulturmiljøet representerer i svært stor grad og på en tydelig måte en eller flere faser eller virksomheter med særlig betydning for historien/utviklingen.
Kulturminnet/ kulturmiljøet inneholder og preges av verdifull byggeskikk eller arkitektur eller inneholder Kulturminner med kunstnerisk verdi	Kulturminnet/ kulturmiljøet inneholder i svært liten grad verdifull byggeskikk eller arkitektur eller inneholder Kulturminner med kunstnerisk verdi.	Kulturminnet/ kulturmiljøet inneholder og preges av byggeskikk eller arkitektur eller inneholder Kulturminner med kunstnerisk verdi av begrenset betydning.	Kulturminnet/ kulturmiljøet inneholder og preges av verdifull byggeskikk eller arkitektur eller inneholder Kulturminner med kunstnerisk verdi.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er helhetlig, og preges i stor grad av særlig verdifull byggeskikk eller arkitektur eller inneholder Kulturminner med stor kunstnerisk verdi.	Kulturminnet/ kulturmiljøet er helhetlig og velbevart, og preges i svært stor grad av særlig verdifull byggeskikk eller arkitektur eller inneholder Kulturminner med særlig stor kunstnerisk verdi.


Eigenskapar som også kan takast med i ei verdivurdering er:

- Alder, tidsdjupne og kontinuitet
- Autentisitet og opphavslegheit
- Mangfald og variasjon
- Samanheng og heilskap
- Dynamikk og endring
- Lesbarheit og tydelegheit

For nokon kulturminne og kulturmiljø er det alt gjort vurderingar, for eksempel automatisk freding i kulturminnelova, fredingstiltak, listeføring eller vedtak etter plan- og bygningslova. Kulturminne med verdsarvstatus skal alltid tilleggast svært stor verdi. Sjølv om automatisk freda kulturminne er gjeven eit særskilt vern som gruppe, skal det gjerast konkrete verdivurderingar som ein del av konsekvensutgreiinga. Det er verdiane i 0-alternativet som skal leggjast til grunn.

4.2.3 PÅVERKNAD

Påverknadsvurderingane er vurderingar av kor store negative eller positive endringar tiltaket vil medføre for dei einskilte delområda/kulturminna/kulturmiljøa. Påverknaden vert vurdert i høve til 0-alternativet, og rangert på ein trinnlaus skala frå *Forbetra* til *Sterkt forringa/øydelaht*, i samsvar med figuren under.



I vurderingane av påverknad har vi lagt til grunn kriteria i figuren under, henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941.

Tabell 4.2. Kriterium for å vurdere om tiltaket fører til forbedring eller forringing av kulturmiljø (MD 2023)

Planen eller tiltakets påvirkning	Forbedret	Ubetydelig endring	Noe forringet	Forringet	Sterkt forringet
Direkte inngrep/ arealbeslag	Bedrer tilstanden vesentlig ved at eksisterende negative inngrep tilbakeføres. Bidrar til at det blir mulig å restaurere kulturmiljøet eller kulturminner.	Ingen direkte inngrep/ arealbeslag.	Berører en mindre viktig del av kulturmiljøet med direkte inngrep/arealbeslag, tap av mindre viktige enkelt-kulturminner.	Deler av kulturmiljøet går tapt gjennom direkte inngrep/-arealbeslag. Viktige enkeltkulturminner går tapt. Videre bruk av kulturmiljøet vanskeligjøres.	Ødelegger hele eller størstedelen av kulturmiljøet gjennom direkte inngrep/-arealbeslag. Ødelegger den mest verdifulle delen av miljøet. Ødelegger videre bruk av kulturmiljøet. Svært viktige enkelt-kulturminner går tapt.
Nærvirkninger (fysiske og visuelle)	Bedrer den visuelle kontakten innad i kulturmiljøet. Fjerner barrierer. Bedrer innsyn/utsyn fra nærområdet til/fra kulturmiljøet. Bidrar til reduksjon i støy og/eller støv. Reduserer faren for flom, fukt i kulturmiljøet eller erosjon.	Ingen eller ubetydelig visuell nærvirkning eller andre nærvirkninger.	Endrer i noen grad den visuelle kontakten mellom viktige kulturminner innad i kulturmiljøet, bryter i noen grad opp kulturmiljøet. Innsynet til kulturmiljøet reduseres noe fra viktige standpunkter. Kulturmiljøet vil i noen grad påvirkes av støy og/eller støv. Bidrar til noe redusert naturlig drenering som vil påvirke kulturmiljøet negativt ved nedbør. Bidrar til noe fuktigere forhold og seinere opptørring innenfor kulturmiljøet. Bidrar til noe økt eller endret erosjon som vil påvirke kulturmiljøet negativt. Klimaendringene vil kunne forsterke disse forholdene.	Endrer den visuelle kontakten mellom viktige kulturminner innad i kulturmiljøet, bryter opp kulturmiljøet og skaper barrierer. Innsynet til kulturmiljøet reduseres vesentlig fra viktige standpunkter. Kulturmiljøet vil påvirkes av støy og/eller støv. Bidrar til redusert naturlig drenering som vil påvirke kulturmiljøet negativt ved nedbør. Bidrar til fuktigere forhold og seinere opptørring innenfor kulturmiljøet. Bidrar til økt eller endret erosjon som vil gi fare for skade eller påvirke kulturmiljøet negativt. Klimaendringene vil kunne forsterke disse forholdene.	Blokkerer eller endrer sterkt den visuelle kontakten mellom viktige kulturminner innad i kulturmiljøet, bryter i stor grad opp kulturmiljøet og skaper barrierer. Innsynet til kulturmiljøet blokkeres fra viktige standpunkter. Kulturmiljøet vil i stor grad påvirkes av støy og/eller støv. Bidrar til svært redusert naturlig drenering som vil påvirke kulturmiljøet sterkt negativt ved nedbør. Bidrar til svært mye fuktigere forhold og seinere opptørring innenfor kulturmiljøet. Bidrar til svært økt eller endret erosjon som vil skade eller påvirke kulturmiljøet sterkt negativt. Klimaendringene vil kunne forsterke disse forholdene.
Visuell fjernvirkning	Utsynet fra kulturmiljøet bedres/ gjenopprettes fra kulturhistorisk viktige utsynspunkter i kulturmiljøet. Innsynet til kulturmiljøet bedres/ gjenopprettes. Enkeltkulturminner som er laget for å være svært synlige får bedret utsyn/innsyn. Kulturhistorisk viktige sammenhenger styrkes.	Ingen eller ubetydelig visuell fjernvirkning.	Utsynet fra kulturmiljøet blir noe endret fra kulturhistorisk viktige utsynspunkter i kulturmiljøet. Innsynet til kulturmiljøet vanskeligjøres i noen grad. Enkeltkulturminner som er laget for å være svært synlige får noe redusert eller endret utsyn/innsyn. Kulturhistorisk viktige sammenhenger svekkes i noen grad.	Utsynet fra kulturmiljøet blir sterkt endret fra kulturhistorisk viktige utsynspunkter i kulturmiljøet. Innsynet til kulturmiljøet vanskeligjøres. Enkelt-kulturminner som er laget for å være svært synlige får sterkt endret eller redusert utsyn/innsyn. Kulturhistorisk viktige sammenhenger svekkes.	Utsynet fra kulturmiljøet blir blokkert eller sterkt endret fra kulturhistorisk viktige utsynspunkter i kulturmiljøet. Innsynet til kulturmiljøet blokkeres. Enkelt-kulturminner som er laget for å være svært synlige mister, eller får sterkt endret utsyn/innsyn. Kulturhistorisk viktige sammenhenger svekkes vesentlig.
Tiltakets utforming	Tiltaket framstår som en særlig god konstruktiv helhet, har god volumoppbygging, og særlig god sammenheng med omgivelsene.	Tiltaket framstår som en konstruktiv helhet med god volumoppbygging og god sammenheng med omgivelsene.	Tiltaket framstår i noen grad som en konstruktiv helhet, har noe dominerende volumoppbygging og noe dårlig sammenheng med omgivelsene.	Tiltaket framstår i liten grad som en konstruktiv helhet, har dominerende volumoppbygging og dårlig sammenheng med omgivelsene.	Tiltaket framstår helt uten konstruktiv helhet, har svært dominerende volumoppbygging og svært dårlig sammenheng med omgivelsene.


Vurderinga av påverknad må ta omsyn til at ulike delar av eit kulturmiljø kan ha ulik verdi, og at delen som vert råka har ein *anna* verdi enn gjennomsnittsverdien. Dette vert gjort ved at påverknaden vert rekna som større dersom ein del med høg verdi vert råka på same måten som ein del med låg verdi. På denne måten kan ikkje einskildminne med høg verdi gøymast ved å inkludere dei i vidare miljø med lågare verdi.

Det er verknader av varig karakter som skal vurderast, altså påverkingar når tiltaket er ferdig etablert. Mellombels påverknad i anleggsperioden vert skildra i eige avsnitt.

Skadereduserande tiltak skal føreslåast i eige avsnitt i slutten av utgreiinga, både for anleggsfasen og når tiltaket er ferdigstilt (driftsfasen). Påverknaden skal i utgangspunktet vurderast utan avbøtande tiltak, men om avbøtande tiltak vert gjennomført i anleggsperioden, eller det er juridisk sikra at dei skal gjennomførast, skal dei vere inkludert i vurderinga.

4.2.4 KONSEKVENSA

Konsekvensgraden for kvart delområde vert fastsett ved å stille verdien av eit kulturminne/-miljø opp mot påverknaden av endringar tiltaket vil føre med seg for dei einskilde kulturminna/-miljøa. Dette gjer vi ved hjelp av "konsekvensvifta" i diagrammet under. Verdiskalaen utgjer x-aksen i konsekvensvifta i figuren, mens påverkingsskalaen utgjer y-aksen. Skala, konsekvensgrad og rettleiing for konsekvensvurdering kjem fram av figur og tabell under.



Figur 4-2. Konsekvensvifta», henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Figuren syner korleis verdi og påverknad vert samanstilte for å vurdere konsekvens. Denne samanstillinga gjev resultat på ein skala frå svært stor konsekvens til stor/svært stor positiv konsekvens. Dei ulike kategoriane er illustrerte ved å bruke symbola "-" og "+".

Skala	Forklaring	RGB-fargekode
Svært stor konsekvens ----	Den mest alvorlige konsekvensen som kan oppnås for delområdet. Brukes kun for delområder med stor eller svært stor verdi.	0, 32, 96
Stor konsekvens ---	Alvorlig konsekvens for delområdet.	0, 112, 192
Betydelig konsekvens --	Betydelig konsekvens for delområdet.	0, 176, 240
Noe konsekvens -	Noe konsekvens for delområdet.	212, 255, 254
Ubetydelig konsekvens 0	Ingen eller ubetydelig konsekvens for delområdet.	251, 255, 255
Noe/betydelig positiv konsekvens + / ++	Forbedring (+) eller betydelig forbedring (++)	146, 208, 80
Stor/svært stor positiv konsekvens +++ / ++++	Stor forbedring (+++) eller svært stor forbedring (++++). Brukes i hovedsak der områder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.	0, 176, 80

Figur 4-3. Forklaring på fargane i konsekvensvifta.

Konsekvensar for alternativ

Til sist skal konsekvensane for dei einskilde delområda/kulturmiljøa samanfattast for kvart alternativ. Samanstilling av konsekvens vert framstilt i tabellform, med avveging, rangering og forklaring til rangering.

Konsekvensgrad	Kriterier for samlet vurdering
Kritisk negativ konsekvens	Tiltaket medfører kritisk skade på kulturmiljøet innenfor influensområdet. Brukes kun for områder med registreringskategorier som er gitt stor eller svært stor verdi. Overvekt av delområder med konsekvensgrad svært alvorlig konsekvens (4 minus)
Svært stor negativ konsekvens	Tiltaket medfører forringelse eller ødeleggelse av nasjonalt viktig kulturmiljø. Brukes kun for områder med registreringskategorier som er gitt stor eller svært stor verdi. - Overvekt av delområder med konsekvensgrad alvorlig konsekvens (3 minus). - Flere delområder har konsekvensgrad svært alvorlig (4 minus)
Stor negativ konsekvens	Tiltaket medfører stor konsekvens for kulturmiljøet innenfor influensområdet. - Overvekt av delområder med konsekvensgrad middels (2 minus) - Flere delområder med konsekvensgrad alvorlig (3 minus) - Ett delområde kan ha konsekvensgrad svært alvorlig
Middels negativ konsekvens	Tiltaket medfører middels konsekvens for kulturmiljøet innenfor influensområdet - Overvekt av delområder har konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus). - Flere delområder har konsekvensgrad middels (2 minus) - Ett delområde kan ha konsekvensgrad alvorlig (3 minus) - Ingen delområder er gitt svært alvorlig konsekvensgrad.
Noe negativ konsekvens	Tiltaket medfører noe konsekvens for kulturmiljøet innenfor influensområdet. Lite konflikt med kulturmiljø innenfor influensområdet. - Delområder har lave konsekvensgrader - Overvekt av konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus) og ubetydelig konsekvens (0). - Maks ett delområde kan ha konsekvensgrad middels (2 minus) - Ingen delområder er gitt konsekvensgrad svært alvorlig (4 minus) eller alvorlig (3 minus).
Ubetydelig konsekvens	Tiltaket vil ikke medføre vesentlige endringer for kulturmiljøet i 0-alternativet. - Overvekt av ubetydelig konsekvens (0) - Ett delområder kan inneholde konsekvensgrad noe konsekvens (1 minus) - Ingen delområder er gitt svært alvorlig (4 minus), alvorlig (3 minus) eller middels (2 minus) konsekvensgrad.
Positiv konsekvens	Benyttes i områder som er gitt ubetydelig eller noe verdi som får noe eller middels verdiøkning som følge av tiltaket. Tiltaket/alternativet er en forbedring for kulturmiljøet i forhold til 0-alternativet. - Overvekt av delområder med positiv konsekvensgrad (1 eller 2 pluss) - Kan kun inneholde delområder med noe negativ konsekvensgrad - Delområder med noe negativ konsekvensgrad (1 minus) oppveies klart av områdene med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Benyttes i områder som er gitt ubetydelig eller noe verdi som får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket. Stor forbedring for kulturmiljøet i forhold til 0-alternativet. - Overvekt av delområde med svært stor miljøforbedring (4 pluss). - Overvekt av delområder med svært positiv konsekvensgrad. - Kan kun inneholde delområder med lav negativ konsekvensgrad, delområder med negative konsekvensgrad oppveies klart av områdene med positiv konsekvensgrad.

Figur 4-4. Kriterium for fastsetjing av konsekvens for kvart alternativ (MD 2023).

4.3 DEFINISJON AV PLAN- OG INFLUENSOMRÅDET

Definisjon av omgrepa **planområde** og **influensområde**:

- Planområdet er alle dei område som vert direkte råka av arealbeslag av den planlagde utbygginga.
- Influensområdet er areal utanfor det definerte planområdet, men som likevel vert påverka av tiltaket, til dømes gjennom visuell påverknad

4.4 DATAGRUNNLAG

Utgreiinga samanfatar offentleg tilgjengeleg informasjon om kjende kulturminne i plan- og influensområdet. Følgjande kjelder er nytta:

Askeladden	Riksantikvaren sin landsomfattande fornminnedatabase. I omtale av kjende automatisk freda kulturminne refererer me til denne databasen med "ASK ID".
SEFRAK	Landsomfattande register over bygningar eldre enn 1900 og andre faste kulturminne yngre enn 1537 (Rogaland fylkeskommune sin reviderte versjon via Temakart Rogaland).
Kulturminnesøk	Informasjon om kulturmiljø, kulturminne og landskap. Data frå Askeladden, samt bidrag frå brukarar over heile landet.
UNIMUS	Landsdelsmusea sine databasar over lause kulturminne (gjenstandar) integrerte i felles søkemotor (www.unimus.no). Registrerte funn får eit eige nummer, ved Arkeologisk Museum i Stavanger byrjar dette nr. med S, f.eks. S3832.
Landsverneplanar	Landsverneplanar for kulturminne i dei statlege sektorane.
Kulturminneplanar	Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer i Sandnes 2020-2035 (utkast), samt bydelsrapportane: Figgjo og Ganddal. Kulturminneplan 2021-2031, Klepp kommune. Kulturminneplan, Time kommune 2008-2019 (vedteken av Time kommunestyre 04.11.2008)
Lokalhistorisk litteratur	Bygdebøker mm.
Arkeologisk faglitteratur	Oversiktsverk, spesiallitteratur, registreringsrapporter mm.
Lokale stadnamn	Ei oversikt over 156056 namn frå Rogaland og Sunnhordland


Vidare har ortofoto, eldre og nye kart vore nytta, særskilt kartverktøyet til Rogaland fylkeskommune «Temakart Rogaland». Når det gjeld SEFRAK er det vesentleg å understreke at *det er registrert revidert av kulturavdelinga ved fylkeskommunen som er brukt*, ikkje det opphavlege tilgjengeleg via Askeladden, Miljøstatus m.fl. Det er ikkje tale om nye objekt, men revisjon med vurdering i nye verneklassar. I våre temakart har vi brukt dei same fargekodane som Temakart Rogaland, men trekantsymbol som i det landsdekkande registeret, i staden for sirkelsymbol som i Temakart Rogaland.

Synfaring av plan- og influensområdet vart gjort den 16.11.2023, 04.01.2024 og 22.04 av Ørjan Engedal. Alle foto i denne rapporten er tekne av Ørjan Engedal, om ikkje anna er nemnd. Det var dessverre eit tynt lag med snø på synfaringa i november. Sidan Rogaland fylkeskommune nyleg har gjort registreringar i planområdet og kontrollregistrert fleire lokalitetar vart tilhøva likevel rekna som forsvarlege i høve til føremålet med utgreiinga.

5 KULTURHISTORISK UTVIKLING

5.1 ELDRE TID

Då isen smelta etter siste istid vart det sett i gang eit innfløkt samspel mellom hav og land. Til den isfrie kysten kom så planter, dyr og dei første menneska. Den tunge breen hadde pressa ned landet, og utan denne børa byrja landet å heve seg. Samstundes gjorde alt smeltevatnet til at havnivået steig. Ei kartlegging av denne prosessen, dvs. kor høgt stranda låg til ei kvar tid, i ulike område, er avgjerande for at ein har klart å finne buplassane til menneska i steinalderen. Desse livnærte seg som jegerar og fiskarar og var nær knytte til strandsona. Fangstbuplassar er også å finne i høg fjellet.



Figur 5-1. Tidslinje: dei vanlegaste periodenamna, forkortingar og tidfesting i vanlege kalenderår og C-14 år.

Sjølv om menneska heldt fram med jakt og fiske fram i moderne tid, skjedde det eit sentralt skifte i økonomisk tilpassing i slutten av steinalderen. Då jordbruket fekk sitt gjennombrot kring 2000 f.Kr., med større og meir solide hus, husdyr, åkrar, og gjerde, vart folk meir stadbundne enn før, og no bundne til dei gode jordbruksområda heller enn til stranda. Overgangen til jordbruk førte med seg ei lang rekkje nye kulturminnekategoriar, mange av dei lokaliserte til historisk innmark.

I bronsealderen vart jordbruket sterkare fundamentert og samfunna synest å verte meir komplekse med varehandel over lange avstandar, metallteknologi og ulik maktfordeling –

noko som viser seg i dei store og prangande gravhaugane og gravrøysane frå denne perioden. Sjølv om ein kjenner få rike graver frå fyrste halvdel av eldre jernalder, veit me i dag at dette var ein ekspansjonsfase i jordbruk og busetjing som heldt fram utan opphald frå yngre bronsealder. Frå siste halvdel av den eldre jernalderen kjenner ein til ei mengd gravfunn, og ei rekkje gardsanlegg som sidan har lege øyde. Her står Jæren i ei særstilling med ei stor mengd gardsanlegg der hustufter, geilar og gjerde framleis er synlege på overflata i dag.

Rike gravfunn og skattefunn, i tillegg til skriftlege kjelder, kastar lys over den yngre jernalderen med vikingtid. Gardsanlegg er tvert om sær sjeldsynte, truleg fordi ein har hatt kontinuitet i tun frå yngre jernalder gjennom mellomalder og inn i nyare tid. Dette vil seie at husa og tuna frå vikingtid og mellomalder ligg i tunet til den historiske garden, og er slik ofte øydelagde. Med mellomalderen forsvinn dei heidenske gravrituala, og med dei ein viktig arkeologisk kjeldekategori. Mellomalderen utanfor mellomalderbyane og kyrkjestadane er dårleg kjend gjennom arkeologiske kjelder. Folkeauka som prega yngre jernalder heldt fram i mellomalderen, men frå omlag 1300 er det fleire teikn til stagnasjon og tilbakegang. Dette altså før den store krisa med Svartedauden frå 1349 og stadige pestutbrot framover. Pestane førte til eit hundreår med dramatisk nedgang i folketalet. Sjølv om pestane ikkje forsvann heilt før kring 1650, byrja folketalet å stige att noko før 1500. På denne tida låg mange gardar øyde, og nokre vart aldri tekne opp att. I røynda rudde også krisa grunnen for den rivande utviklinga på 1500-talet: jord var billeg og rikeleg og adelen var sterkt svekka.

I tidleg mellomalder, nokre stader kanskje i løpet av vikingtid, endra hus og tun seg: heller enn eitt stort og langt hus, bygde ein mange mindre hus med ulike funksjonar. Ei mogleg årsak var at lafteteknikken kom til, iallfall i våningshusa, og bruk av tømmer gjorde det like greitt å byggje fleire små hus som eitt stort. Våningshuset, eller stova, var typisk tømra, utan glas og med åre eller røykomn, og utan himling i taket, med ei ljore for røyk og lys i taket.

Allereie i vikingtid vart det knapt med jord på Vestlandet. Frå omlag 1150 vart bønder flest leiglendingar hjå dei store jordeigarane kyrkja, kloster og adel. Parallelt med dette vart trælehaldet avvikla. Utover i mellomalderen vart stadig fleire gardar delte opp i stadig fleire bruk. Desse brukarane hadde oftast husa samla i eit felles tun. På gardar med mange bruk fekk ein då det ein kallar *klyngetun*. Deling av einbølte gardar i fleire bruk, førte også til oppdeling av åkrar, bøar og beite, det ein kallar *teigblanding*. Teigblandinga hadde også negative sider som vart betre synleg etterkvart som fenomenet auka. Reiskapane på garden var i stor grad dei same som i yngre jernalder. Ei viktig nyvinning var vasskverna, men det er vanskeleg å vite i kva grad denne fanst utanfor byane, kloster og storgardane. Frå kvernsteinsbrota veit vi at produksjonen av handkverner heldt fram for fullt gjennom mellomalderen. Dei eldste skriftlege kjeldene er for mange bygder av lite verdi, og arkeologiske granskingar av gardstun og hus frå mellomalder er sær sjeldsynte - resultatet vert difor at bygdene fell mellom to stolar i denne perioden.

5.2 NYARE TID

1537 fungerer som ei praktisk grense i kulturminneforvaltinga. Objekt eldre enn 1537 er automatisk freda. For ståande bygg er denne grensa 1649. Nyare tid er tvillaust den bolken med dei raskaste og mest gjennomgripande endringane - materielt og samfunnsmessig. Eit vesentleg bakteppe er den store folkeauka: 1500-talet var ein vekstperiode og henta inn og passerte folketalet frå før Svartedauden. Slutten av 1600-talet bar med seg stagnasjon og nedgang, medan 1700-talet vart ei betring att. Trass i kriseår tidleg på 1800-talet ser ein i dette

hundreåret ein eksplosjon i folketalet, ei dobling frå ein million til to, i tillegg til at nesten ein million utvandra til Amerika.

Det store hamskiftet

Den industrielle revolusjonen og det store hamskiftet i jordbruket kan setjast som skiljeveggar mellom det gamle og det nye. Mange stader gjorde ikkje maskinene inntog i sjølv jordbruket før etter siste krigen. I tillegg handla ikkje desse prosessane berre om maskiner og teknologi, dei var også vovne inn i vidare kulturelle, sosiale, politiske og åndelege skifte. I denne samanhengen er fokuset på dei materielle spora som vart sette.

Eitt er at gamle kategoriar vart gjorde i nytt formspråk - våningshusa, uthusa, sjøhusa, kyrkjene, båtane, vart bygde annleis. Folkeauken førte med seg framveksten av husmannsvesenet som nådde eit maksimum kring 1850, og var avvikla kring 1900. Husmannsvesenet førte mellom anna med seg spor av gardsdrift i randsonene kring dei gamle gardane. Den store eigedomsutskiftinga var ein sentral del av hamskiftet, og denne førte mellom anna til ei endring i plassering av hus og tun - gardane med mange bruk hadde hatt felles tun som kunne få nærast landsbypreg. Desse vart no splitta opp med eigne hus på eigne tun med eigne teigar samla ikring. Mellom dei første store tekniske nyvinningane på bygdene var oppgangssaga. Men saga plank og bord var framleis dyrt, og det meste av sagbruksproduksjonen vart eksportert. Material var kostbart og flytting av hus og oppattbruk av material var vanleg. Utover 1800-talet vart *midtgangshuset* vanleg: eit symmetrisk bygd hus med gong, kjøkken og to stover på kvar side. Innanfor stovene kunne det vere kammers. Ofte har slike hus ein eldre del, den gamle røykstova som bestod av tre rom: gong, stove og kammers. Det symmetriske formspråket har gjort at denne byggjemåten vart kalla «bygde-empire». Mot slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet gjorde *sveitsarstilen* sitt inntog og større hus med meir luft og lys vart idealet. Karakteristisk for sveitserstil er store takutstikk, framheving av gavlar og dekorative element med flotte utskjeringar og mønster på eksteriøret.

Eit anna moment er at det kjem nye kategoriar med nye funksjonar. Når det gjeld bygningar er slike som er meinte for nye typar fellesskap viktige. Den nye tida er nettopp prega av framvekst av nye fellesskap: misjonsrørsla, fråhaldsrørsla, målrørsla, lese- og samtalelag og ungdomslag. Og ein ukjend filosof skal ha sagt at: “hus byggjer lag” – ei fellesnemning for desse bygningane er gjerne *foreiningshus*. Eit anna kollektiv som kom til var skulen og skuleklassane. Etter Fastskulelova frå 1860 skulle alle norske born i skule, og skulen skulle i regelen vere ein fastskule og ikkje ein omgangsskule. Og med det sprang ein ny markant bygningstype opp i bygdene: *skulehuset*.

Andre verdskrigen med tysk okkupasjon av Noreg 1940-45 sette merke i Rogaland - i einskildminne og folkeminne, og i landskapet. Båtar, hus og radioar vart kverrsette av okkupasjonsmakta, sjøfolk vart liggande ute heile krigen, matvarer vart rasjonerte, og nokre miste livet. Det som i særleg grad bringa okkupasjonen tett på folket var etableringa av tyske festningsverk. Krigsminne i form av festningsverk er monumentale og godt synlege kulturminne. Dei er særleg pedagogiske i at føremålet oftast kan lesast og skjønast på staden: kanonstillingar plasserte i terrenget slik at ein kan rette eld mot trafikk langs kommunikasjonsårer. Dei var, og er framleis, kontroversielle med emne som: lokal bistand til arbeid på festningane og norske jenter som heldt seg med tyske soldatar på festningane. Festningsverka er eit viktig kompliment til andre kjelder og anna kunnskap om andre verdskrigen. Det må også understrekast at krigsminne er av særleg nasjonal og internasjonal interesse. Festung Norwegen, og slik ein del av Atlantikwall (Atlantehavsvollen) som strakte

seg frå Nordkapp til Biscaya. Det er ei sterkt aukande interesse for festningsverka i Noreg og i Europa, som viser seg i ei rekkje nye forsking- og dokumentasjonsprosjekt.

5.3 KULTURMINNE I ROGALAND – SÆRPREG OG PRIORITERINGAR

Eldre jernalders øydegardsanlegg

I periodar av fortida med stor folkevekst spreidde busetjinga seg ut forbi dei beste jordbruksområda. Når det så skjedde ein nedgang i folketalet, eventuelt endringar i driftsformer eller organisasjon av drifta, kunne tidlegare gardsbruk bli liggjande øyde – såkalla *øydegardar*. Slike kjenner me frå folkevandringstida kring 500 e.Kr., frå høgmellomalderen før Svartedauden, og også frå seinare periodar. Særmerkt for Rogaland er den store mengda øydegardsanlegg synlege på overflata frå folkevandringstid. Dei ligg typisk i mark seinare nytta berre som beitemark.

Øydegardsanlegga frå eldre jernalder omfattar typisk eit tun med ei eller fleire *hustufter*. Dette har vore langhus med steinmurar langs veggane, og takberande stolpar innanfor. Frå hustuftene leiar ei fegate eller *geil* gjennom innmarka med åkrar til grensa mot utmarka. Dette er to låge, parallelle steingjerde. På innmarka kring husa ligg typisk *gravhaugar* eller *gravrøyser* og åkrar. Opparbeiding av åkrane førte med seg *rydningsrøyser* i kasteavstand. Pløying av åkrane i hellande terreng førte til *åkerreiner*, knekkar i terrenget av oppsamla jord frå pløyinga. Rundt innmarka, gjerne i tilknytning til geilen, går system av steingjerde, såkalla *gardfar*. Ullandhaug utanfor Stavanger er eit døme på eit slikt anlegg som vart arkeologisk granska og seinare rekonstruert.

Desse anlegga, særskilt dei som ligg i beitelandskap med autentisk preg, med alle dei sentrale kategoriane representert (hustuft, gravminne, geil, rydningsrøys og åkerrein), har høg opplevingsverdi og høg kunnskapsverdi. Særskilt lokalitetar som truleg har lege i utkanten eller eit stykke frå tunområdet, med berre rydningsrøyser og eller gardfar, står i stor fare for å forsvinne på grunn av nydyrking.

Stakktufter/Alvedans

Ei *stakktuft*, også kalla *alvedans*, er spor etter ein særmerkt praksis for lagring av fôr, i form av gras eller lyng, utandørs. Tufta er skapt ved at det er grave ei grøft til drenering rundt ein firkanta eller rund tomt der gras eller lyng vart sett i ein stabel eller stakk.

Slike grøfta lagringsplassar for gras eller lyng var i vanlig bruk i Rogaland (mest Jæren) frå yngre jernalder til rundt 1830. Stakktufter var også i sporadisk bruk fram til 1970-talet (Lillehammer 2005: 218; Bang Andersen 2005). For mange kulturminnekategoriar kan det finnast intakte restar av kulturminnet under overflata, dersom nydyrking/pløying ikkje har gått for djupt. Med dagens standardmetodar for arkeologisk gransking er kunnskapsverdien i stakktufter å rekne som låg. Mellom anna er dei vanskelege å tidfeste. Sidan ein reknar brukstida frå om lag 800 til 1830, 1000 år, må truleg også ein viss del av dei vere yngre enn 1537, og difor ikkje automatisk freda.

Stakktuftene er eit særmerkt drag ved det jærskje beitelandskapet. Dei er, saman med rydningsrøysene, i dag særleg truga av nydyrking.

Jærhuset og midtgangshuset

Jærhuset representerer ein særmerkt byggjeskikk på Jæren med røter tilbake til det førhistoriske langhuset. Jærhuset slik me kjenner det i dag, og i fylgje dei fleste definisjonar, tok form på 1600-talet. Dei eldste hadde truleg bakvegg og gavlveggar bygde i stein. Mellom murane og reisverket i tre vart det danna kaldare rom, såkalla *skutar* eller *svaler*. Desse romma vart nytta som lager for torv, ved og anna. Den trebygde kjernen av huset hadde ein eller to lafta kassar eller rom. Jærhus etter ein slik streng definisjon finst det berre att eitt døme på, husmannsplassen Træet i Time. Betre økonomi, påverknad frå byarkitektur, og betre tilgang til materialar, førte til endringar mot det Jærhuset me kjenner best i dag. Ein vidare definisjon som vart nytta i Jærhusprosjektet, definerer Jærhuset som (Måseidvåg 2002):

- Eit ganske lågt hus
- Det har skutar og/eller svoler – halvkalde eller kalde rom utanfor den tømra kjernen
- Det er i hovudsak bygd før 1900

Skutane og svolene skil Jærhuset frå *midtgangshuset*, men mange jærhus er *også* midtgangshus. Midtgangsplanen, med ein gang og kjøkken i midtaksen med ei stove på kvar side, eventuelt også med kammers bak kvar av stovene, er eit sær vanleg bygningsplan over store delar av landet. Dette var ein byggjeskikk som breidde om seg på 1800-talet, og bak midtgangsplanet låg ei samanbygging av stova og eit av dei tidlegare uthusa, *bua*. Bua kom til å danne ei av dei to stovene på kvar side av midtgangen.

I kulturminnevernet i Rogaland har tradisjonelt jærhuset hatt høgare verneverdi enn midtgangshuset – det siste rekna som yngre, med mindre regionalt særpreg, og mindre autentisk. I dag er også midtgangshuset frå 1800-talet i ferd med å forsvinne på Jæren, og det er naudsynt å oppjustere verneverdien til desse.

5.4 KULTURHISTORISK UTVIKLING I PLAN- OG INFLUENSOMRÅDET

Utgreiingsområdet er lokalisert på delar av Nordre Kalberg, gnr. 30, Sørå Kalberg, gnr. 29 og Frøyland, gnr. 28, Åsland, gnr. 31, Kvernaland, gnr. 27, Netland, gnr. 26, Tegle, gnr. 25 og Njå, gnr. 24, i Time kommune, samt delar av Orstad, gnr. 9, i Klepp kommune. Området er prega av fleire moreneryggar med sandhaldig og sjølvdrener jord. Dette gjev gode tilhøve for jordbruk og her er registrert ei rekkje spor etter førhistorisk jordbruk og busetnad, både frå bronsealder og jernalder. I området er her også tett med gravminne. Fornminna vitnar om langvarig og intensiv bruk i området. Truleg har garden Frøyland hatt ein sentral rolle i førhistorisk tid for grendene rundt. Namnet på garden kjem av Frøy, guden for grøde og vokster. Etter segna skal det ha lege eit hov nært det gamle tunet (Lindanger og Waula 2003:208).

Fram til moderne tid har jordbruk vore den viktigaste næringsvegen for folket her. Elva Figgjo dannar grensa mellom delar av Klepp og Time kommunar mot Sandnes kommune. Elva slyngjer seg gjennom landskapet og har vore ein viktig ressurs. Elva var ei god lakseelv og gardbrukarar som hadde fiskerett i elva naut godt av laksefiske. I tillegg var det rikeleg og jamn vassføring og elva vart nytta til å drifte gardskverner og seinare, møller. På garden Orstad var her på 1870/80-talet ikkje mindre enn 30 kverner, og mange mol for andre. Dei største kverneigarane kunne ha opp mot 1000 kr i året i fortieneste (Lindanger og Nordås 2005:206). Også på Nordre Kalberg henta enkelte bruk ein del av inntektene sine frå kvernbruk (Lindanger og Waula 2003:462, 470, 474). Mot slutten av 1800-talet vart dei

mindre kvernene erstatta med større møller og sjølv om dette ikkje vart ei stor næring i Klepp kommune, var det noko aktivitet på Orstad ganske lenge framover (Lindanger og Nordås 2005:206). Ved Foss-Eikeland var her ein konsentrasjon av møller, som synt på illustrasjon under.



Figur 5-2. Kartutsnitt henta frå kulturmiljøplan Sandnes, Ganddal bydelssrapport (Sandnes kommune 2022a:21). Rektangelkart 6B Jæderen utgitt 1902. Produsert av Natrud og Nordhagen. Kartet syner førekomsten av møller og andre vasskraftbaserte verksemdar ved Figgjo, markert med gule prikkar.

Også Frøyland og Sørå Kalberg var gode kverngardar og dei hadde kvernene sine i Frøylandsåna (Kalbergbekken). Her var også tørke og mølle (ved Kalvehagen, Sørå Kalberg) som var i bruk fram til rett etter 2.verdskrigen (Lindanger og Waula 2003:253,426). På Kverneland slyngjer Kvernebekken seg gjennom garden og vatnet her drifta både kverner og etter kvart smie.

På midten av 1800-talet og framover var samfunnet prega av endringar, ikkje minst ved byrjande industrialisering. Vasskraft var vesentleg og fabrikkar etablerte seg på stader med god og jamn vassføring for å utnytte vasskrafta, først til å drifte maskineri, og seinare til å produsere straum. På slutten av 1800-talet vaks det fram industri mellom anna på Ganddal, Figgjo og Ålgård. I 1870 starta Ole Nielsen ullvarefabrikk på Ålgård og i 1889 bygde Ole Nielsen og søner også ullvarefabrikk på Figgjo. Ganddal vaks fram som ei industribygd frå slutten av 1800-talet og var på midten av 1900-talet eit industrisenter, særleg kjent for sin møbelproduksjon (Sandnes kommune 2022a:120).

Delar plan- og influensområde ligg mellom desse industristadane. Naturgrunnlaget her ga moglegheiter til å ta ut sand og grus. Rein kommersiell utnytting av sand i Ganddal byrja alt på slutten av 1800-talet, men ekspanderte for alvor frå 1920 og utover. På Foss-Eikeland har

det vore fleire sanduttak. Under arbeidet med Ålgårdbanen eksproprierte NSB eit grustak til bruk for anlegget av bana. Dette utvikla seg til ei stor verksemd, ikkje berre for jernbaneanlegget. I 1956 overtok solabedrifta *Norsk Spennbetong* området som tidlegare NSB hadde brukt. Dei innførte elementbygging i byggebransjen og anlegget deira på Foss-Eikeland var den første fabrikken i sitt slag i distriktet. I 1967 sikra Ullvaren seg tomt for å kunne flytte produksjonen ut av byen til Foss-Eikeland, noko som vart realisert i 1986. Foss-Eikeland utvikla seg til eit av Sandnes sine store industriområde.

Også på Nordre Kalberg er det sanduttak. I mellomkrigstida vart det starta opp med store sandtak på Nordre Kalberg, som mellom anna skulle brukast i samband med støyping. Dette var særleg på bruk nr. 2, men også på 1 og 5. Under krigen henta tyskarane ut sand og sidan 1982 er det T. Stangeland som har stått for drifta (Lindanger og Waula 2003:476). I dag er nokre av sanduttaka tilbakeført som dyrka mark.


Lenger sør i planområdet, på Frøyland, utvikla det seg også industri. Ein av dei fremste og mest sermerkte industrireisarane på Jæren var Ole Gabriel Kverneland, stiftaren av Kvernelandkonsernet. Han byrja tidleg med smedfaget og i 1879 starta han ein liten fabrikk som produserte ljåar og sigdar. Han sette opp smia si ved Frøylandsåna og kjøpte seg ein part av vassfallet her. Her hadde han vasskraft til å drive den store smihammaren og smiebelgen, det var også lett å frakte varer over Frøylandsvatnet til den nybygde jernbana med Klepp stasjon som knutepunkt (Time kommune 2008:14, Lindanger og Waula 2003:256-257). Etter kvart ekspanderte bedrifta og det vart produksjon av også plogar og harver og andre jordbruksreiskap. Verksemda hadde mykje å seie for utviklinga av lokalsamfunnet.

6 KULTURMILJØ OG VERDIVURDERING

Utgreiingsområdet er prega av fleire moreneryggar med sandhaldig og sjølvdrenerert jord. Dette ga gode tilhøve for jordbruk og her er registrert ei rekkje spor etter førhistorisk jordbruk, både frå bronsealder og jernalder. I området er her også tett med gravminne. Jordbruk har fram til nyare tid vore viktigaste næringsveg, sjølv om industri som vaks fram på siste halvdel av 1800-talet, også har vore viktig for utviklinga av området.

Innanfor plan- og influensområdet er det definert 18 kulturmiljø og 1 overordna kulturlandskap.

6.1 DELOMRÅDE A



Figur 6-1. Oversyn over kulturmiljø og verdi i delområde A.

6.1.1 KM 1 ÅLGARDBANEN

- Type kulturmiljø: kulturminne og kulturmiljø knytt til samferdsel
- Skala: geografisk
- Avgrensing: Ålgårdbanen

Dagens situasjon

Utnytting av vasskraft var ein føresetnad for industrien som vaks fram på midten/slutten av 1800-talet. Industrialiseringa som føregjekk over store delar av landet, førte med seg store samfunnsomveltingar. Nye industristader vaks fram og folk flytta til dei nye tettstadane. Nye økonomiske, sosiale, kulturelle og politiske strukturar vart danna. På slutten av 1800-talet vaks det fram industri mellom anna på Ganddal, Figgjo og Ålgård. Som følgje av denne industrien kom det ynskje om ei jernbane med samband til Jærbanen. Den første komiteen

vart sett ned alt i 1894, men først i 1921 vart bana vedteken og arbeidet kunne starte opp. Bana vart bygd som eit sysselsettingstiltak mot den store arbeidsløysa, og vart bygd etter høgaste standard, som ein framtidig parsell av den planlagde Sørlandsbanen. Ålgårdbanen vart opna i desember 1924 med stasjon på Ålgård, med stoppestadar på Figgjo, Bråstein og Foss-Eikeland. Originale ekspedisjonsbygningar i nyklassisistisk stil er bevart på Figgjo (stod opphavleg på Foss-Eikeland) og på Ganddal.

I 1953 vart planane om ei indre stambane, der Ålgårdbanen inngjekk, oppgitt. I 1955 vart det slutt på persontrafikk på bana og i 1988 også på godstrafikk, med unnatak for godstog mellom Foss-Eikeland og Ganddal fram til 2001. Sidan 1996 har det vore mogleg å leige dresin frå Figgjo stasjon til Ålgård. Foreininga *Ålgårdsbanens venner* vart danna i 2004 og dei har etablert eit lite jernbanemuseum i ekspedisjonsbygningen på Figgjo (Sandnes kommune 2022a:44-45).

Delar av Ålgårdsbanen går gjennom influensområdet og der bana kryssar Figgjo ved Eikelandshølen, er ei fagverksbru bygd i 1924 (S 1). Brua er 30 m lang og vart levert og montert av firmaet til Erik Ruud. Ho har landkar av fint mura naturstein på kvar side, steinen vart teken frå omkringliggjande vandreblokker. Ei tidstypisk og mykje nytta brukonstruksjon, men sjeldan i Sandnes (kulturminneregisteret Sandnes kommune).

I influensområdet til tiltaket går Ålgårdsbanen tett ved elva Figgjo. Figgjo er eit markant landskapselement og var ein viktig ressurs, på fleire vis. Elva var ei god lakselv, i tillegg har ho stor og jamn vassføring og vart nytta som drivkraft til kverner og seinare møller, samt maskineri til store og små verksemdar.

Verdivurdering

Ålgårdsbanen har høg kunnskapsverdi knytt til samferdslehistorie og industrihistorie. Bana er ei av dei store, bevarte historieforteljande strukturane. Ho bind saman industrihistoria på Ålgård, Figgjo og Ganddalen og gjev moglegheit for å oppleve kulturminne og landskap i samanheng. Innanfor influensområdet er også ei fagverksbru, ein tidstypisk og mykje brukt konstruksjon, men likevel sjeldan i området. Brua er eit element som styrkjer bana sin autentisitet som samferdselhistorisk kulturminne. Både brua og bana som heilskap, har høg kunnskaps- og opplevingsverdi.

Samla er kulturmiljøet vurdert å ha *stor verdi*.

KM	VERDI	Utan betyding					Noko		Middels		Stor		Svært stor	
		----- ----- ----- ----- ----- ----- ----- ----- ----- ----- -----												
1	Oppleving	>>>												
	Kunnskap	>>>												
	Bruk	>>>												



Figur 6-2. Fagverksbru, bygd til Ålgårdsbanen i 1924.



Figur 6-3. Ålgårdsbanen, biletet er tatt mot aust.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 1			Verne-status	
		Ålgårdbanen			Kulturmiljøplan	Bygd 1924 som følge av framveksten av industri på Figgjo, Ålgård og Ganddal
S 1		Fagverksbrua			Kulturmiljøplan	Jernbanebru, bygd til Ålgårdbanen åpning i 1924. 30 m lang fagverksbru over Figgjo ved Eikelandshølen. Brua ble levert og montert av firmaet Erik Ruud. Landkar av fint murt naturstein på hver side. Steinen ble tatt fra omkringliggende vandreblokker. En tidstypisk og mye brukt brukonstruksjon, sjelden i Sandnes. Brua er et element som styrker banens autenticitet som samferdselshistorisk kulturminne. Har som del av banen høy kunnskapsverdi og opplevelsesverdi.

6.1.2 KM 2 NORDRE KALBERG

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: konsentrasjon av automatisk freda kulturminne

Dagens situasjon

KM 2 femner om delar av garden Nordre Kalberg, gnr. 30. Nordre Kalberg er den nordlegaste garden i Time kommune og han skjer seg som eit nes inn i Sandnes og Time kommune. Sentralt, nord mot Figgjo, er garden dominert av ein morenerygg. Her er gode tilhøve for å drive jordbruk, med lett og sjølvdrenerande jord. I sør grensar garden mot Sørø Kalberg, gnr. 29, og truleg har dei to gardane opphavleg vore ein gard. Det er registrert mange fornminne på dei to gardane, og funn rundt begge dei to klyngetuna frå mellomalderen, fortel oss at garden truleg vart delt i to, alt i førhistorisk tid (Lindanger og Waula 2003:453-454).

Automatisk freda kulturminne

På Nordre Kalberg var gamletunet der bruk nr. 5 har tun i dag. Like nord/nordvest for dagens tun er her eit gardsanlegg, ASK ID 4487. Lengst sør på lokaliteten er her 2, klart markerte, parallelle hustufter. Vidare er det på lokaliteten registrert gravminne, gardfar, geil og rydningsrøyser. ASK ID 296009 ligg like vest for denne lokaliteten og her er det registrert fleire aktivitetsspor frå jernalder: fleirfasa dyrkingslag, ardspar og 4 kokegroper.

Kvednaheio (ASK ID 15183) ligg om lag 130 m nord/nordvest for gardsanlegget. Lokaliteten er eit stort gravfelt der det er registrert ei rekkje gravminne i form av både røyser og haugar. Til saman er det registrert 68 gravminne, samt 32 rydningsrøyser og 13 røyser utan spesifisert funksjon. I tillegg her registrert 4 gardfar og 2 steinstrengar. Lokaliteten grensar til eit masseuttak i aust og er delt i to av ein grusveg. Nord for grusvegen er det steinete kulturmark, mens sør for vegen ligg enkeltminna i blanda lauv- og granskog, med undervegetasjon hovudsakleg av mose og lyng.

I både bronse- og jernalder vart gravminne ofte plassert på høgder i terrenget med godt utsyn. Varen, med sine 94 moh, sør for tunet til bruk nr. 5 er eit slikt høgdedrag, og her er det registrert 4 gravhaugar, der 3 ligg oppå moreneryggen (ASK ID 34828).

På bruk nr. 1 er det registrert eit større gravfelt nord for gardstunet, ASK ID 60874. Lokaliteten har vore kjent lenge og vart først registrert i 1911 av Helliesen. I 2021 vart lokaliteten kontrollregistrert av Rogaland fylkeskommune og i samband med denne registreringa vart det avdekka fleire enkeltminne. I dag er det registrert 2 gravhaugar, 2

gravrøyser, 32 rydningsrøyser, 7 røyser med uavklart funksjon, 2 steinstrengar og 1 holveg som går tvers over nordleg del av lokaliteten. Under sjakting av området vart det også avdekka 1 kokegrop, denne vart datert til romartid.

Truleg er dei fleste kulturminna skildra ovanfor, frå jernalder, men på bruk nr. 2 er det også registrert busetnadsspor og aktivitet frå bronsealder, ASK ID 296014. På eit 36021 m² stort område vart her registrert 40 stolpehol, 2 kokegroper og 1 avlang struktur/mogleg grøft. Funna representerer busetnad i bronsealder, dateringar frå ulike strukturar syner eit tidsspenn frå eldre bronsealder til yngre bronsealder. I tillegg vart det også funne flint, mogleg eldflint og leirkarskår med grovmagra gods. Funna vart gjort i tilknyting til stolpehol (Rogaland fylkeskommune 2022:46-53).

Kulturminne frå nyare tid

Tuna innanfor KM 2 har alle nyare bygningsmasse og ingen SEFRAK-registrerte bygningar er bevart. Det er nokre bevarte steingardar, mellom anna rest av ein geil, aust for tunet til bruk nr. 5, *Markageilen*, (lokalnamn.no), S 2 på verdikartet.

Delar av kulturmiljøet ligg innanfor kulturlandskapet Nordre Kalberg, registrert i Nasjonal registrering av kulturlandskap, med middels verdi. Sjå kap. 6.11.

Verdivurdering

Innanfor KM 2 er det registrert ei rekkje fornminne og her har vore busetnad tilbake til, i alle fall, eldre bronsealder. Særleg verdifulle er dei store lokalitetane som har synlege kulturminne. Desse lokalitetane har stor opplevingsverdi då dei er lette å forstå med synlege tufter, gravminne, rydningsrøyser, geilar og så vidare. Med variasjonen av enkeltminne er kunnskapsverdien også høg.

Bygningsmassen på tuna er utskifta, og moderne aktivitet, som fleire store masseuttak i nærleiken, reduserer verdien på kulturmiljøet noko.

Samla er kulturmiljøet vurdert å ha *stor verdi*.

KM	VERDI		Utan betydning					Noko					Middels					Stor					Svært stor				
			-----					-----					-----					-----					-----				
2		Oppleving >>>																									
		Kunnskap >>>																									
		Bruk >>>																									



Figur 6-4. Den største gravrøysa på ASK ID 60874, røysa er forstyrra og manglar ein del stein. Biletet er tatt mot aust.



Figur 6-5. Dronefoto over ASK ID 60874, tatt mot sør. Biletet er henta frå Rogaland fylkeskommune sin registreringsrapport «Områdeplan Kalberg 2022- arkeologisk rapport».



Figur 6-6. Nordre del av ASK ID 60874. Oppe til høgre ser ein tunet til bruk nr. 2.



Figur 6-7. Del av planområdet, NK1, i framgrunnen. ASK ID 60874 ligg bak gjerdet midt i biletet. Tunet til bruk nr. 2 er markert med raud pil. Mot aust.



Figur 6-8. Oversiktsbilete over deler av KM 2. Biletet er henta frå Rogaland fylkeskommune sin registreringsrapport «Områdeplan Kalberg 2022- arkeologisk rapport». Mot søraust.



Figur 6-9. Gravrøys, ASK ID 15183-1, Kvednaheio.



Figur 6-10. Nordre del av ASK ID 15183, Kvednaheio. Enkeltminne -27, ein gravhaug, er markert med raud pil. Utsyn mot nordaust. Ein ser ein del av moderne masseuttak til høgre i biletet.



Figur 6-11. Gardsanlegg, ASK ID 44847. Enkeltminne -2, hustuft, er markert med raud pil. Mot vest.



Figur 6-12. Oversiktsbilde KM 2, tunet til gnr. 30/1 ligg midt i biletet.



Figur 6-13. Oversyn over delar av KM 2. Biletet er tatt frå ASK ID 5150 og mot vest.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 2			Verne-status	
ASK ID	296014		Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk freda	
«Lokaliteten er et bosetning-aktivitetsområde fra bronsealder. Det ble funnet 43 strukturer i form av 40 stolpehull, 2 kokegroper og 1 avlang struktur/ mulig grøft. Strukturene ble påvist ved maskinell sjaktning i dyrket mark. Strukturene ble påvist i to konsentrasjoner; en i nordlig del av lokaliteten og en i sørlig del. Det er i tillegg enkelte strukturer i vestlig kant av lokaliteten som ligger litt mer for seg selv og skiller seg ut fra de to stolpehullkonsentrasjonene. Det ble gjort funn av keramikk og to avslag av flint på lokaliteten. Keramikken ble funnet i tilknytning til enkelte						

stolpehull og i den ene kokegropen. Flinten var løsfunn som ble funnet blant strukturene i den nordlige funnkonsentrasjonen på lokaliteten.						
ASK ID	60874	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
(...)»Lokaliteten ble kontrollregistrert i 2021 og fikk ny kartfesting. Ble totalt målt inn 3 gravrøyser og 23 rydningsrøyser. I forbindelse med Kalberg Områdeplan ble det foretatt en registrering av området rundt lokaliteten. Da det ble påvist flere nye røyser både nord og sør for de tidligere registrerte røysene, ble lokaliteten utvidet. To enkeltliggende røyser et lite stykke sør for lokaliteten (ID 5351 og ID 276081) ble innlemmet i lokaliteten sammen med de nyregistrerte røysene. Det ble i tillegg påvist en kokegrop og en rydningsrøys under sjaktingen av området. Kokegropen fikk en datering til romertid. I tillegg til røysene ble det påvist en hulvei «						
ASK ID	15183	Kvednaheio	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
(...)«2015/2016: Befaring og kontrollregistrering i forbindelse med Tverrforbindelsen Sandnes-Time resulterte i oppdagelsen av flere nye gravrøyser og ett gardfar i skogholtet lokaliteten ligger i. Røysene ligger på hver sin side av en grusvei som er anlagt gjennom skogen. Gardfaret starter rett nordvest for den nordligste av de opprinnelig registrerte haugene på lokaliteten, fortsetter videre nordvest mot grusveien, før den fortsetter langs grusveien mot nord. På vestsiden av grusveien kan det se ut til at en forgreining av gardfaret fortsetter. I nord, på østsiden av veien, ligger en tidligere registrert gravrøys, Id 24970. Den er nå innlemmet i denne lokaliteten. Tett skog og vanskelige GPS-forhold medførte ujevn innmåling med RTK som falt ut hele tiden. Innmålingene er derfor noe omtrentlige.»(...)						
ASK ID	44847	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk freda	
«Gårdsanlegg, 2 hustufter 2 geiler, 1 gardfar og 5 gravhauger. Lengst i S: 2 parallelle hustufter, orientert NNV-SSØ:a) Den vestligste har 3 rom. L.8 m.,8 m og 10 m, br.5-6 m (indre mål). Veggene er endel utraste, enkelte reiste rundkamp, mye rundkamp synlig, ellers gresskledd. Veggene br.2-3 m, h.ca.0,5 m.Fra nordre kant av tuften går det ut en geil ca. 25 m mot SV hvor den forsvinner i dyrket mark. Geilen er noe utrast.9 m Ø for tuft a):b) tuft med 3 rom, 11 m, 4 m og 4 m, br.ca. 3 m (indre mål) Veggene endel utraste. Mye rundkamp synlig ellers gresskledd, br.1-2 m, h.opptil 0,5 m.Fra tuftens N-kant går det en geil ca. 50 m mot NNØ, hvor den ender i gårdsvei. Geilen er endel sammenrast.Mellom tuftens N-kant går det et gardfar. Det har antagelig vært innhegning mellom tuftene.5 m V for tuft a:c) Rundhaug. Bra markert. Svak fordypning i midten ellers uskadd. Endel tilkjørt rundkamp oppå haugen. Gresskledd. D.ca. 12 m, h.1,5 m.10 m N for tuft a:d) Langhaug, orientert NNV-SSØ. Bra markert. Noe omrotet enkelte steder oppå haugen. I S-kant står 1 reist rundkamp. Opprinnelig har det stått 2. Endel rundkamp synlig. Gresskledd. L. 20 m, br.7 m, h.1 m.4 m V for haug d:e) Ruhdhaug, bra markert. Oppkastet omkring en stor jordfast stein. Muligens bare rydningsrøys. Gresskledd. D.ca.5 m, h.0,8 m.2 m Ø for haug d:f) Rundhaug, bra markert. Ser nokså uskadd ut. Endel stor rundkamp synlig foruten noen små, ellers gresskledd. D. 8 m, h. 1,5 m.6 m NNØ for haug f:g) Rundhaug, bra markert. Nokso uskadd, endel mindre rundkamp er kastet oppå haugen. Gresskledd. D. 10 m, h. 2 m.»						
ASK ID	296009	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk freda	
«Aktivitetsområde fra jernalder. Den består av flerfaset dyrkingslag, ardspor og fire kokegropers spredte rundt på lokaliteten. Alle kullprøvene på lokaliteten som ble sendt til C14-analyse ble datert til romertid. Lokaliteten må sees i sammenheng med gårdsanlegget på høyden i øst (ID 44847).»						
ASK ID	54609	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Rest av rundhaug. Vanskelig å avgrense, usikker haug. Ø- og V-del igjen, endel rundkamp synlig, ellers gresskledd. D. ca. 10 m, nåværende h. 0,5 m.»
ASK ID	34828	Varden	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«4 gravhauger. 3 ligger oppå moreneryggen, 1 i NV-siden av ryggen. Lengst i NV ligger:a. Rundhaug. Bra markert. Forkjeden viser. Toppen noe avkuttet. NØ- og Ø-siden noe ødelagt. Rundkampsamling i midten. Gresskledd. D. 12 m, h. 1,5 m.10 m S for haugen:b. Langhaug, orientert NV-SØ. Dårlig markert, men tydelig i terrenget. Vanskelig å avgrense. Bra bevart. Usikker haug. I SØ-kanten er svær rundkamp. Endel større rundkamp synlig. Gresskledd. L. 18 m, br. 14 m, h.ca. 2 m.30 m VSV for haug b:c. Rundhaug, bra markert. Noe omrotet i midten. Endel rundkamp synlig. Gresskledd. D. 13 m, h. 1-1,5 m.25 m V for haug a:d. Rundhaug i NV-siden av moreneryggen. Noe usikker. Vanskelig å avgrense, da det er svært omrotet på haugen og omkring.Skiftegrjerde mellom 30: 5,10 og 30; 4,6 går over haugen. I SØ kant rundkampsamling ellers endel rundkamp synlig. Gresskledd. D.ca. 10 m, h. 1 m.Haugene a og b ligger på 5;10, haug c på 4;6, og haug d i skiftet mellom dem.»						
ASK ID	34827	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Rydningsrøys lokalitet	Fjerna	«ca. 10 små rydn.røyser, gresskledd med enkelte små rundkamp synlig. D. 2-3 m. Lokaliteten ble kontrollregistrert i 2021. Kun en enkel rydningsrøys helt i nord gjenstår av lokaliteten. Resten har blitt dyrket bort en gang mellom 1973 og 1979 basert på historisk flyfoto. Lokaliteten blir dermed endret til fjernet, mens den enslige rydningen blir lagt inn som en ny lokalitet.»
ASK ID	34829	Småbakk	Arkeologisk minne	Gravfelt	Fjerna	«3 rundhauger som er fjernet. To av dem skal være utgravd avStavanger Museum før siste krig. De lå lengst i SV av feltet og berørte hverandre. Begge var omgitt av fotsteiner og var like i størrelse. D.15 m, h.1 m. Et stykke mot Ø lå den tredje som er gått med i dyrkning. Helliesen har ingen mål på den i sin registrering, da en stor del av den var bortryddet.»
ASK ID	60875	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Gravminne	Fjerna	«Rundhaug. Bra markert. Så å si uskadd. Gresskledd med enkelte trær på. D. 8 m, h. 0,5 m. Befaring 2022: Gravhaugen er fjernet i forbindelse med

						utvidelse av massetak på gnr. 30 bnr. 5. Tiltaket er gjort en gang mellom 2011 og 2013. Område er totalt oppgravd og det er anlagt en anleggsvei der gravhaugen en gang låg.»
S 2						«Markajeilen». Rest av veg for dyra med steingjerde på begge sider.

6.1.3 KM 3 ORSTAD

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: automatisk freda kulturminne og omkringliggjande terreng og gardstun

Dagen situasjon

I vest grensar planområdet mot garden Orstad, gnr. 9, i Klepp kommune. Også denne garden er rik på registrerte fornminne og her er mange og varierte spor etter tidlegare aktivitet. På Håbakken vart det under ei utgraving i 1983 funne 3 hus frå bronsealder. Det eine var kring 16 m langt og 7 m breitt og taket vart haldt oppe av 6 eller 7 stolpepar. Huset var delt i to delar, i den austlege delen haldt husdyra til og den vestlege delen var bustad for menneske på garden. I denne delen vart det registrert ein eldstad. Lokaliteten er i dag fjerna.

Lengst søraust på garden er det registrert eit større gardsanlegg, truleg frå eldre jernalder. Her er det mellom anna registrert 4 tufter, 7 gravhaugar og 120 rydningsrøyser (ASK ID 64473). Vidare er her registrert fleire felt med rydningsrøyser og fleire gravminne. Gravminna ligg både enkeltvis og samla i gravfelt. Til saman vitnar dette om ein gard med stor tidsdjupne og aktivitet tilbake til, i alle fall, bronsealder.

Etter 2. verdskrig var det ei auke i industrien i Klepp kommune og særleg på 1960-talet vart det bygd ut storindustri i Øksnevad/Orstad området, mellom anna etablerte Polaris fabrikk på Orstad i 1959 (Lindanger og Nordås 2005:427). Med etableringa av store industribedrifter kom det også fleire bustadfelt og dette pregar garden, særleg i sør og i vest.

Her er framleis aktiv gardsdrift og fleire gardstun, men storparten av bygningane på desse er skifta ut og berre einskilde bygningar som er registrert i SEFRAK er bevart. I grensa mellom ulike bruk og teigar ser ein steingardar som er karakteristisk for jordbrukslandskapet på Jæren.

KM 3 femner om ASK ID 54090 og ASK ID 54091, samt gardstunet til bruk nr. 42.

Automatisk freda kulturminne

ASK ID 54090 ligg på eit høgdedrag med steinete utmark, her i frå er det vidt utsyn i alle retningar, med unnatak mot SV. Lokaliteten er oppført som ein rydningsrøyslokalitet, med 55 registrerte røyser, truleg frå jernalder/mellomalder. Alle er graskledde med ein del synleg rundkampstein. Enkelte røyser er lagt opp kring 1 jordfast stein. Røysene er runde eller tilnærma runde.

Innanfor same lokalitet er det oppført 2 lokalitetar med uavklart vernestatus, ASK ID 14618 og 72065. Begge lokalitetane er moglege gravminne, registrerte av Helliesen i 1906, no truleg fjerna. Rogaland fylkeskommune kontrollregistrerte ASK ID 54090 sommaren 2022, men i

Askeladden står det likevel at det bør gjerast ei ny kontrollregistrering. Det kan derfor ikkje utelukkast at fleire kulturminnekategoriar enn rydningsrøyser er representert på lokaliteten.

Kring 60 m aust for tunet til gnr. 42 er det også registrert eit gravfelt med uavklart vernestatus, ASK ID 54091. Feltet består av to moglege gravhaugar. Desse vart registrert av Helliesen på byrjinga av 1900-talet, berre ein av haugane er att i dag. Dette er ein lyngkledd rundhaug av stein, 6 m i diameter. Den andre haugen vart fjerna før 1940, i følgje eigar, og då skal det ha blitt funne trekol.

Kulturminne frå nyare tid

Ingen av bygningane på tunet til bruk nr. 42 er registrert i SEFRAK, men våningshus og driftsbygning er truleg frå før 1953 (jf. ortofoto). Nye bygningar bryt med tidlegare tunstruktur og både låve og våningshus er påbygde.

Verdivurdering

Den største verdien i kulturmiljøet er knytt til ASK ID 54090. Lokaliteten er registrert som ein rydningsrøyslokalitet og er automatisk freda. Ein lokalitet med berre rydningsrøyser har noko lågare kunnskaps- og opplevingsverdi enn lokalitetar med ein større variasjon som til dømes gravminne og/eller hustufter. Lokaliteten har likevel høg alder og er kjelde til kunnskap frå ein periode med få eller ingen, skriftlege kjelder. Den har også opplevingsverdi, då enkeltminna er synlege på overflata og lette å lese i det omkringliggjande jordbrukslandskapet.

Samla er delområdet vurdert å ha middels verdi, opp mot stor verdi.

KM	VERDI		Utan betydning					Noko		Middels		Stor		Svært stor	
			-----					-----		-----		-----		-----	
3		Oppleving >>													
		Kunnskap >>>													
		Bruk >													



Figur 6-14. Oversikt over ASK ID 54090. Tunet til gnr. 9/42 er markert med raud pil. Mot nord.



Figur 6-15. Del av planområdet, NK1, i framgrunnen, ASK ID 54090 er markert med raud pil. Mot sørvest.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 3			Verne-status	
ASK ID	54090	Orstad	Arkeologisk minne	Rydningsrøy slokalitet	Automatisk freda	
«Kontrollregistrert sommer 2022. Samtlige enkeltminner er lagt inn med informasjon og geometri. Forsøkt kontrollregistrert i oktober 2021 i forbindelse med hogst i skogen. Det ble da oppdaget at lokaliteten/polygonet var plassert ca 100 sørøst for der den egentlig skulle ligge. Lokaliteten har blitt flyttet slik det ser ut som den var ment å være plassert. OBS: Denne lokaliteten bør kontrollregistreres. Alle gresskledd med en del synlig rundkampstein. Enkeltlagt opp om jordfast stein. Runde eller tilnærmet run- de. Innenfor det avmerkede området finnes minst 16 røyser. D. 1-3,5 m, h. 0,15-0,4 m.						
ASK ID	72065	Orstad	Arkeologisk minne	Gravminne	Uavklart	«Rundhaug av stein. D. 12,5 m. I 1909 var bare bunnlaget tilbake. Eieren opplyser at da dette ble fjernet ble der funnet trekull.»
ASK ID	14618	Orstad	Arkeologisk minne	Gravfelt	Uavklart	«I. Lyngkledd rundhaug, litt opprotet. D.8,5 m, h. ca 1 m. Ca 20 skritt V for I ligger: II. Bunnlag av en rundhaug med samme tverrmål som I. Iflg. eier fjernet før krigen. Intet ble funnet. Der fornminnene har ligget, er det nå kulturbeite.»
ASK ID	54091	Orstad	Arkeologisk minne	Gravfelt	Uavklart	«I. Lyngkledd rundhaug av stein. D. 6 m. I nærheten ligger: II. En noe mindre haug. Iflg. eieren fjernet før 1940. Trekull ble vistnok funnet.»

6.1.4 KM 4 FOSS-EIKELAND

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: konsentrasjon av automatisk freda kulturminne og omkringliggjande terreng

Dagens situasjon

Som skildra i kap. 5.4 utvikla Foss-Eikeland seg til eit industriområde utover 1900-talet og mykje av den vestlege delen av garden er utbygt med moderne industri. I aust er her bevart både gardstun, dyrka mark og kulturlandskap.

Automatisk freda kulturminne

KM 4 ligg på eit høgdedrag rett aust for industriområdet, her er det registrert eit gravfelt og eit felt med rydningsrøyser. Gravfeltet består av tre gravhaugar, av dei er den eine ein klart markert og godt synleg langhaug. Dei to siste gravminna er rundhaugar, der den eine og er klart markert og med ein diameter på 5 meter. Den siste er noko usikker, men også eit mogleg gravminne. I dag ligg lokaliteten i eit plantefelt og utsikta er noko avgrensa, men gravfeltet ligg høgt og fritt og utan vegetasjon, med godt utsyn.

Berre om lag 18 m nordaust for gravfeltet ligg ASK ID 34627, ein lokalitet med åtte rydningsrøyser, ein holveg og ei røys tolka som gravminne.

Dei to lokalitetane ligg i eit aust-vest gåande høgdedrag, i dag er her plantefelt og tett granskog. Plantefeltet er omkransa av ein steingard.

Verdivurdering

Kulturmiljøet femner om to lokalitetar som begge har høg opplevings- og kunnskapsverdi. Dei er frå ein periode med svært få skriftlege kjelder og ein variasjon av enkeltminne gjev kunnskap om ulike sider ved samfunnet. Enkeltminna er synlege i terrenget og er lette å lese. Moderne inngrep som kraftlinje og industri reduserer opplevingsverdien noko.

Samla er kulturmiljøet vurdert å ha stor verdi.

KM	VERDI		Utan betydning					Noko					Middels					Stor					Svært stor				
			-----					-----					-----					-----					-----				
4		Oppleving >>>																									
		Kunnskap >>>																									
		Bruk >>																									



Figur 6-16. KM 4 er markert med raud pil, biletet er tatt mot nord. Industriområdet på Foss-Eikeland til venstre for KM 4.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 4			Verne-status	
ASK ID	61017	Foss-eikeland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«Samling gravhauger består av 3 gravhauger.1. Langhaug. Orientert Ø-V. Klart markert. Tydelig i terrenget. Bevakst med mose, lyng og gran. Ødelagt i V kant. Lengde 9 m, h: 1 m, bredde 6 m.Inntil og i østkant av 1:2. Gravhaug. Rund. Klart markert, tydelig i terrenget. Bevakst med mose, lyng og grantrær. D: 5 m, h: 0,7 m.V for 1: 3. Mulig gravhaug. Trolig rund. Uklart markert. Utydelig i terrenget. Sterkt overtorvet. Antatt d: 5 m, h: 0,5.Hele området er bevakst med gran og ved vår registrering var det nylig hugget endel som lå på haugene og gjorde registreringen svært vanskelig.»						
ASK ID	34627	Foss-eikeland	Arkeologisk minne	Rydningrøy lokalitet	Automatisk freda	
«Kontrollregistrert i forbindelse med Fagrafjell-Vagle-Stokkeland (2018) registreringen. Det ble funnet 5 røyser og 1 hulvei. Området er veldig overgrodd med trær og det finnes helt sikkert flere røyser. Spredt i skråningen på begge sider av sti1 - 10. Rydningsrøyser. Runde. Klart markerte. Tydelige i terrenget. Overtorvet. D: 2-4 m, h: 0,2 - 0,5 m. Kontrollregistrering 2023 RFK: Hulveien kunne følges lengere mot sør enn først registrert. Observert på LIDAR og bekreftet i felt. Geometri for enkeltminne og lokalitet ble oppdatert.»						

6.1.5 KM 5 ORSTAD SØR

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokaliteter med nær geografisk sammenheng

Dagen situasjon

Sjå kap 6.3 for kort skildring av utviklinga av garden.

Dette kulturmiljøet femner om konsentrasjonen av automatisk freda kulturminne, mellom to bustadfelt, sør på garden Orstad. Kulturminna ligg i eit jordbrukslandskap med dyrka mark, kulturbeite og skogkledde teigar.

Automatisk freda kulturminne

Sentralt i kulturmiljøet er ASK ID 64473, eit større gardsanlegg, truleg frå eldre jernalder. Her er det mellom anna registrert 4 tufter, 7 gravhaugar og 120 rydningsrøyser. Vidare er det innanfor kulturmiljøet registrert fleire felt med rydningsrøyser og fleire gravminne.

Gravminna ligg både enkeltvis og samla i gravfelt. Til saman vitnar dette om ein gard med stor tidsdjupne og aktivitet tilbake til, i alle fall, bronsealder.

ASK ID 44318, ligg innanfor plangrensa, i friområde GK3. Lokaliteten er eit gravfelt med to gravrøyser. Begge røysene er dårleg markerte med berre enkelte steinar synlege. Lokaliteten vart kontrollregistrert i 2021.

Verdivurdering

Kulturmiljøet har ein variasjon av førhistoriske enkeltminne og har stor kunnskaps- og opplevingsverdi.

Samla er delområdet vurdert å ha stor verdi.

KM 5	VERDI					
		Oppleving >>>	Utan betydning	Noko	Middels	Stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----
		Bruk >>>				▲



Figur 6-17. ASK ID 44318.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 5			Verne-status	
ASK ID	157485		Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	
«8 rydningsrøys, 2 steinstrenger og en stakketuft funnet i forbindelse med registreringer på gnr 9/bnr 16 og 34 i mars 2010.»						
ASK ID	64474	Orstad	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«I. Dårlig markert bunnlag av rundhaug. Gress- og mosekledd. Enkelte synlig rundkampstein. Meget store skader, haugens midtparti fjernet nesten helt til bunns. Den ytterste kant ligger tilbake. D. 10 m, h. ca 0,5 m. Like i SSØ kant av I ligger: II. Dårlig markert rund steinlegning. Nesten helt overgrodd av gress. En del rundkampstein synlig. Den steinlagte flate har d. 6 m. 19 m ØSØ for I ligger: III. Dårlig markert 4-kantet steinlegning. Gresskledd. En del rundkampstein av ulik størrelse synlig. Tilnærm. rektangulær, orientert NØ-SV, 3,5 x 6 m.»						
ASK ID	14615	Orstad	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	
«I. (H.21) Dårlig markert i terrenget. Gress-, mose- og lyng- kledd. Mye rundkampstein av ulik størrelse synlig, større jordfaste steiner synlig i NØ del av midtpartiet og i NNV kant. Hele midtpartiet fjernet, bare ytterste kant samt et tilrotet bunnlag tilbake. D. 14 m, h. ca 0,6 m. 31 m SØ for I ligger: II. Dårlig markert. Gresskledd. Enkelte middels store rundkampstein synlig. Overflaten noe ujevn. Meget lav, muligens kun en rydningsrøys. D. 3,5 m, h. ca 0,4 m. 8 m SSØ for II ligger: III. Dårlig markert. Gress-, mose- og lyngkledd. Enkelte synlig rundkampstein. Meget lav, muligens rydningsstein. D. 4 m, h. ca 0,45 m. 14 m SV for VI ligger: IV. Tålig bra markert. Gresskledd. Noen få synlig stein langs kanten. Spor etter liten nedgravning i NØ del av midtpartiet. D. 5 m, h. ca 0,6 m. Like inntil det N-S gående skiftegrødet med bnr 34 ligger: V. Dårlig markert. Gress-, mose- og lyngkledd. Enkelte rund- kampstein synlig. V halvdel rasert. Spor etter mindre ned- gravning i N del av midtpartiet. D. ca 4,5 m, h. ca 0,5 m. 8 m SV for III ligger: VI. Dårlig markert. Gress-, mose- og lyngkledd. En del stein av ulik form og størrelse synlig. Hele midtpartiet fjernet til bunns. Synes avlang, orientert NNØ-SSV. Måler 6 x 4 m, h. ca 0,4 m. VII. Innenfor det avmerkede området finnes ca 10 rydningsrøys. Alle er dårlig markert, runde eller tilnærm. runde. Gress- og lyngkledd. Lite eller ingen synlig stein. D. 1,5-3 m, h. ca 0,2-0,4 m. Dokumentasjon registrering 2012 Merknad: 5 nye gravrøys, 11 nye rydningsrøys og 1 tuft funnet på og like ved den gamle plasseringen. Ny geometri laget og enkeltminner lagt til.»						
ASK ID	72063		Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	

«Tålig bra markert. Gress- mose og lyngkledd. En mengde rundkampstein synlig. Midtpartiet meget tilrotet, en del stein synes fjernet herfra. Grunn nedgravning ytterst i ØSØ kant, dypere nedgravning av nyere dato ytterst i SV kant. D. 15 m, h. ca 1,5 m. Under registreringer i 2012 ble det observert flere mindre røyser på samme topografiske område som gravrøysen, geometrien ble lagt på nytt for å få med disse.»						
ASK ID	14616		Arkeologisk minne	Røysfelt	Automatisk freda	
«Gravrøys: Godt markert i terrenget. Gresskledd. En del rundkamp synlig langs ytterkanten. I Ø kant større jordfast stein. Hele toppen fjernet og midtpartiet planert. D. 10 m, h. ca 0,8 m. Eierne opplyser at en del stein fra haugen ble benyttet under bygning av silo. Intet ble funnet. Flere rydningsrøyser funnet under overflaterregistrering juni 2012 ifm. ny reguleringsplan Orstad. Disse ligger på samme kolle 20-40m sør for røysen. Det ble sett tre flate delvis overgroddede rydningsrøyser og en rydningsrøys inntil større jordfast stein. Stor sannsynlighet for flere rydningsrøyser under torven.»						
ASK ID	64473	Orstad	Arkeologisk minne	Gårdsanlegg	Automatisk freda	1 gardfar, 7 gravhaugar, 4 hustufter, 120 rydningsrøyser, 11 røyser, 1 tuft (for nære skildring sjå Askeladden eller kulturminnesøk)
ASK ID	72062	Orstad	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Dårlig markert lyngkledd rundrøys. En del mindre rundkampstein synlig. Lav, midtpartiet noe tilrotet. Flere mindre nedgravninger langs kanten. D. 10,5 m, h. ca 1 m.»
ASK ID	34754	Orstad	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«I. Dårlig markert i terrenget. Mosekledd. Dekket av barnåler og nedfelte greiner. Enkelte rundkampstein synlig. I NV kant ligger en stor jordfast stein. Hele røysen er tilrotet. Er muligens en rydningsrøys. D. 4,5 m, h. ca 0,4 m.6 m SSV for III ligger: II. Dårlig markert i terrenget. Lyng- og mosekledd, dekket av greiner. Bevokst av gran- og furutrær. Omtrent i midten er en del rundkampstein synlig. D. 5 m, h. ca 0,5 m.14 m ØNØ for I ligger: III. Dårlig markert i terrenget. Gress- og mosekledd og delvis dekket av greiner. Et større antall liten rundkamp synlig i midtpartiet, som er noe tilrotet. Tilnærmet avlang. L: 7 m, b: 4 m, h. ca 0,4 m.4 m S for II ligger: IV. Tålig bra markert. Delvis lyng- og mosekledd. Ytterste kant på S langsida trebevokst. En mengde mindre rundkampstein synlig. Røysens midtparti er meget tilrotet, her er spor et-ter større nedgravning. Forsenkning etter gravning også i SV del. Avlang, tilnærm. båtform., or. Ø-V. L: 11 m, b: 4,5 m, h. ca 0,5 m.»						
ASK ID	44318	Orstad	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«Lokaliteten ble kontrollregistrert og merket i forkant av hogst i oktober 2021. Mottaksforholdene for GPS var såpass dårlige inne i skogen at det ikke var mulig å få til en nøyaktig innmåling, men lokaliteten virket å være plassert på riktig sted. Lengst mot NØ ligger:I. (H.10b). Meget dårlig markert. Gress-, mose- og lyngkledd. Ytterkanten bevokst av bartrær. Enkelte middels store steiner synlig. Overflaten er meget tilrotet og ujevn. D. 10 m, h. ca 0,5 m.3 m SV for I ligger:II. (H.10a) Dårlig markert i terrenget. Gress-, mose- og lyng- kledd. Ytterkanten bevokst av bartrær, i ØNØ del står et bjør- ketre. En mengde middelsstor rundkamp synlig. Overflaten er meget tilrotet. Ytterkanten temmelig bra bevart. D. 14 m, h. ca 0,6 m.»						
ASK ID	281719	Gravrøys	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«ca 8 m i diameter. 50-60cm høy på det høyeste. Mye synlig stein. Større jordfast stein midt i, samt en i nordøstlig kant. Plyndringsgrop/kollapset kammer på ca 1,5x1,5m. Klart markert tydelig gravrøys med mye synlig stein.»
ASK ID	72060	Orstad	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	
«Gravrøysen ble kontrollmålt og merket i forbindelse med hogst i oktober 2021. Lokaliteten ble noe justert både i størrelse og utstrekning. Tålig bra markert i terrenget. Gress-, mose- og lyngkledd. Delvis dekket av barnåler og nedfelte greiner. Ingen trebevoksning. En mengde rundkamp og mindre bruddstein synlig. Hele røysen er tilrotet. D. 10 m, h. ca 0,8 m.»						
ASK ID	14613	Orstad	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Uavklart	«Ingen. Alle jordfaste steiner i området er i den senere tid ved ny- brottsarbeid revet opp av jorden. Ikke spor tilbake etter tuften.»

6.1.6 KM 6 FAGRAFJELL/MØGJEDAL

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetar med nær geografisk samanheng

Dagens situasjon

Delområdet femner om to automatisk freda fornminnelokalitetar, ASK ID 5150 og ASK ID 44850, samt to lokalitetar med uavklart vernestatus, ASK ID 130213 og 130212.

Automatisk freda kulturminne

Ved Fagrafjell er det registrert eit større gardsanlegg frå jernalder-mellomalder (ASK ID 5150 med 542 registrerte enkeltminne). Lokaliteten strekkjer seg frå Møgedal over Sandskallen og fram på kanten mot Kalberg, og her er registrert gravrøyser, rydningsrøyser, hølvegar, gardfar, tufter og stakketufter. Lokaliteten har tidlegare vore registrert som fleire mindre lokalitetar, men vart under registrering av Rogaland fylkeskommune slått saman til ein stor lokalitet. Lokaliteten ligg på eit høgdedrag, i eit blokkrikt kulturbeite. Vest for lokaliteten er landskapet prega av masseuttak og Fagrafjell transformatorstasjon og kraftlinjer kryssar nær og, til dels, gjennom vestleg del av lokaliteten.

Ein mindre del av lokaliteten kjem innanfor planområdet (RK2), her er det registrert 3 gravrøyser, 6 rydningsrøyser, 2 gardfar og 2 hølvegar. Dette området er undersøkt av Rogaland fylkeskommune og er ferdig undersøkt med tanke på automatisk freda kulturminne. Denne delen av lokaliteten er oppstykkja av grusvegar og er lite samanhengande.

ASK ID 44850, eit større røysfelt, med både gravrøyser og rydningsrøyser, ligg sør for Stutafjell. Fleire av røysene her har steinpakningar med tydelege kammer, men fleire er også låge og vanskeleg å få auge på i årstider med mykje vegetasjon. Lokaliteten ligg i beitemark, vidt utsyn mot alle retningar, med unnatak mot aust.

Innanfor kulturmiljøet ligg også ASK ID 130213, stakktuft, og 130212, rydningsrøys, begge med uavklart vernestatus.

Verdivurdering

Gardsanlegg frå jernalderen er karakteristiske for Jæren og representerer høge kulturhistoriske verdiar i nasjonal samanheng. Det store gardsanlegget på Fagrafjell, ASK ID 5150 og røyslokaliteten ASK ID 44850 har stor tidsdjupne og med ein variasjon av enkeltminne har dei høg kunnskaps- og opplevingsverdi.


Opplevingsverdien er likevel noko redusert i vest, ved større, moderne inngrep i landskapet, som nye Fagrafjell transformatorstasjon, fleire kraftleidningar, masseuttak og vegar. Dette reduserer også samanhengen mellom KM 6 og dei andre kulturmiljøa i utgreiingsområdet.

Samla er kulturmiljøet vurdert å ha stor verdi.

KM	VERDI					
		Oppleving >>	Utan betydning	Noko	Middels	Stor
6	Kunnskap >>>		-----	-----	-----	-----
	Bruk >>>					▲



Figur 6-18. ASK ID 5150, enkeltminna -368 og 369, begge gravrøyser, ligg på kvar si side av steingarden, lengst framme i biletet. I bakgrunnen ser ein Fagrafell transformatorstasjon til høgre og enkeltminne nr. -376, 642 og 367 til venstre. Tatt mot søraust.



Figur 6-19. ASK ID 5150, enkelminne -376, hólveg er markert med raud pil. Tatt mot søraust.



Figur 6-20. ASK ID 5150, enkeltminna -366, -641 og -375, (gardfar og rydningsrøys) ligg ved steingarden mellom fjellknausen og grusvegen. Tatt mot nordvest.



Figur 6-21. Utsyn frå ASK ID 5150 og mot Sørå Kalberg. ASK ID 60872 er markert med raud pil. Tatt mot sør.



Figur 6-22. Utsyn over Nordre Kalberg frå ASK ID 5150. ASK ID 34828, Varden, er markert med raud pil. Til høgre for denne er gardstunet til gnr. 30/5.



Figur 6-23. Sørlege del av ASK ID 5150, enkeltminne 124, stakktuft, frå jernalder/mellomalder er markert med raud pil. Tatt mot søraust.



Figur 6-24. Utsyn mot sørvest frå sørleg del av ASK ID 5150. Berget bak i biletet er Krossfjell og ein skimtar Frøylandsvatnet i bakgrunnen.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 6			Verne-status	
ASK ID	5150	Møgjedal	Arkeologisk minne	Gårdsanlegg	Automatisk freda	
(...) «Beskrivelse fra registrering 2017: Større gårdsanlegg med gravrøyser, rydningsrøyser, hulveier, gardfar, tufter og stakketufter. På høyden lengst i NV er røysene svært tydelige, om noe lave, mens området ved skogen aller lengst N er preget av mye naturstein og ur. Sentralt i området ligger de største røysene litt lenger nede i terrenget, i N-kanten av en myr. Lengst S i området er røysene mer spredt, og flere er lite synlige i terrenget. Området er generelt gressbevokst og flere av kulturminnene vil være vanskelige å se på sommerhalvåret. Den tidligere beskrivelsen stemmer overens for det meste, men nummerering vil ikke lenger samsvare med alle enkeltminnene. Se kart og beskrivelse for fullstendig oversikt.» (...)						
ASK ID	44850	Åsland	Arkeologisk minne	Røysfelt	Automatisk freda	
«Beskrivelse 2017: røysfelt med 81 røyser, både graver og rydninger. Flere steinpakninger med tydelig kammer. Lave gresskledd røyser, veldig vanskelige å få øye på i juni. S-over er ikke lokaliteten fullstendig registrert, og det må forventes å finne flere kulturminner i denne retningen.» (...)						
ASK ID	130213-1	Årsland	Arkeologisk minne	Stakktuft	Uavklart	«Mulig stakktuft. Steinsatt sirkel, ca 10 m i diameter. Usikker struktur funnet i fjellside ca 170 meter NNV for ID130212 (rydningsrøys).»
ASK ID	130212-1	Åsland	Arkeologisk minne	Rydningsrøys	Uavklart	«Lav rydningsrøys lagt inntil flere større steiner. D. 5 m., i kanten vokser gress ellers er noen av steinene mosekledd.»

6.1.7 KM 7 GJETARHYTTE

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: hytta og omkringliggende terreng

Dagens situasjon

Kulturmiljøet består av eit enkeltminne, ei gjetarhytte, SEFRAK 1121-006-070. Denne skal ha vore i bruk for 100 år sidan (Matrikkelen). Hytta består av ein U-forma steinmur, det skal ikkje ha vore tak på konstruksjonen. I databasen Lokale stadnamn, står det at staden heiter «Husaberje» og at konstruksjonen er eit u-forma vindvern av steinar der ungane sat når dei skulle gjete.

Ligg på eit lite høgdedrag, steinete beitemark. Terrenget skrånar i vest, ned mot plangrensa og det er fleire stiar /vegar i området.

Verdivurdering

Eit kulturminne som først og fremst er av lokal verdi. Gjedarhytta ligg aleine som enkeltminne, men funksjonen til hytta er lett å lese då den ligg i beitemark. Konstruksjonen er eit vitnesbyrd om tidlegare driftsformer, som gjeting var ein del av.

Samla er kulturmiljøet vurdert å ha *noko verdi*.

KM 7	VERDI	Oppleving > Kunnskap > Bruk >	Utan betydning Noko Middels Stor Svært stor				
			----- ----- ----- ----- -----				
			▲				



Figur 6-25. SEFRAK 1121-006-070, gjedarhytte. Biletet er tatt mot vest/nordvest. Raud pil markerer tunet til 29/1.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 7			Verne- status	
SEFRAK	61017	Gjedarhytte				Datering: ukjent Verneklasse: C

6.1.8 KM 8 ASK ID 129145

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: lokalitetsavgrensing og nærområdet

Dagens situasjon

Kulturmiljøet femner om ASK ID 129145, ein lokalitet med 3 rydningsrøyser, 2 gravrøyser og 1 hustuft. Lokaliteten er førreformatorisk, truleg frå jernalder.

Verdivurdering

Med ein variasjon av enkeltminne har kulturmiljøet høg kunnskapsverdi og den inngår i ein større samanheng med kulturlandskap og automatisk freda kulturminne. Det overordna kulturlandskapet er likevel fragmentert og vest for lokaliteten er det utsyn mot masseuttak, og mot nord er det utsyn mot Fagrafjell transformatorstasjon.

Samla er kulturmiljøet vurdert å ha stor verdi.

KM 8	VERDI		Utan betydning					Noko		Middels		Stor		Svært stor	
			-----					-----		-----		-----		-----	
		Oppleving >>													
		Kunnskap >>>													
		Bruk >>>											▲		



Figur 6-26. Framme i midten ser ein enkeltminne -5, ei graskledd og delvis synleg gravrøys. Ytterkanten er omtrentleg markert med raud sirkel. Utsyn mot masseuttak i vest, ASK ID 60872 er markert med raud pil. Tatt mot vest.



Figur 6-27. Utsyn frå ASK ID 129145 mot nord og Fagrafell transformatorstasjon.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 8			Verne-status	
ASK ID	129145		Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	
«To rydningsrøyser. Røys 1, den østre, måler 4x4 m i plan og har en høyde på ca. 40 cm. Den er sammensatt av noe større stein. Stort sett håndball til fotballstore. Røysen ligger på en liten flate i et ellers ulendt terreng. På flaten finnes to rydningsrøyser. Røys 2, den vestre, måler 3x3 m i plan og har en høyde på ca 40-50 cm. Den er sammensatt av noe større stein. Stort sett håndball til fotballstore. Røysen er bygd opp rundt en større jordfast stein i vest. Kontrollregistrering 2017: 2 gravrøyser, 3 rydningsrøyser, 1 tuft»						

6.1.9 KM 9 SØRA KALBERG

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetar med geografisk nærleik i eit samanhengande jordbrukslandskap, i sør er kulturmiljøet avgrensa ved Frøylandsåna, som delvis også markerer grensa mellom gardane Sørå Kalberg og Frøyland

Dagens situasjon

KM 9 femner om delar av garden Sørå Kalberg, gnr. 29. Garden grensar mot Nordre Kalberg, gnr. 30, i nord, mot Frøyland, gnr. 28, i sør og mot Åsland, gnr. 31, i aust. I vest grensar garden både mot Orstad, gnr. 9 (Klepp kommune) og Nordre Kalberg. Ein mindre del av gnr. 28 er også inkludert i kulturmiljøet, grunna geografisk nærleik mellom enkeltminne.

Heile garden er ganske kupert og sterkt forma av istida. Dei spisse og karakteristiske morenhaugane er døme på dette, som «Smørpigjen» og «Revholen». Førstnemnde er i dag

planert ut, i samband med grustak på 1970-talet. Som på Nordre Kalberg har her vore gode tilhøve for å drive jordbruk i førhistorisk tid. Mykje av jorda er sjølvdrenerande og lett driven. Det er svært mange spor etter førhistorisk busetnad og aktivitet på garden (Lindanger og Waula 2003:407-408).

Automatisk freda kulturminne

Gamletunet låg på begge sider av det som i dag er Åslandsvegen, der bruk nr. 1 har tun i dag. Kring gamletunet er her kjent fleire automatisk freda kulturminne. Kulturmiljøet er dominert av to større lokalitetar. På Kalbergloen eller Kalberglunden, sør for Åslandsvegen, ligg ASK ID 24967, ein stor lokalitet som rommar gravrøyser, rydningsrøyser, steingjerder og hølvegar. Ei nyare undersøking gjort hausten 2023 har også avdekt ei rekkje kokegroper, fleire dyrkningsflater, 1 mogleg stolpehol og andre nedgravingar, tidlegare skjult under markoverflata. På ein haug nordvest for lokaliteten ligg ASK ID 60873, eit gravfelt med 3 gravhaugar. Under synfaring av Rogaland fylkeskommune i 2017 vart berre 2 av dei 3 gravhaugane funne att.

Den andre store lokaliteten, ASK ID 60872, ligg nord og aust for tunet til bruk nr. 2. Lokaliteten har stor utstrekning og er kategorisert som eit gravfelt. Her er likevel fleire enkeltminnekategoriar, mellom anna 1 hustuft, fleire stakktufter, rydningsrøyser og innhegningar. Sør for denne lokaliteten er her 2 rydningsrøyslokalitetar. Innanfor ASK ID 5367 er her registrert 1 hustuft og 1 bogestelle, samt 10 rydningsrøyser og ASK ID 5368 er også ein rydningsrøyslokalitet der det er registrert 8 rydningsrøyser og 2 stakktufter.

Like nord for Åslandsvegen har nyare undersøkingar avdekt førhistoriske dyrkingslag og kokegroper, skjult under markoverflata, ASK ID 305243, 305027 og 305532. I dette området er også to gravminne, ASK ID 34826 og 24968. Førstnemnde er skada og det er køyrd stein rundt og delvis oppå kulturminnet. Aust for ASK 24967, sør for Åslandsvegen, ligg ASK 31578, ein lokalitet som består av to kokegroper.

Kulturminne frå nyare tid

Innanfor kulturmiljøet finn ein tuna til bruk nr. 1, 4 og 2. Berre på bruk nr. 1 er det eldre bygningsmasse, der er våningshuset registrert i SEFRAK, SEFRAK 1121-0006-088, verneklasse C. Huset er bygd på 1800-talet, 4.kvartal.

Frøylandsåna var ein viktig ressurs for folket på Sørø Kalberg. Her var det fleire kverner og det vart også drive ein del fiske, særleg etter aure og noko ål. Kvernene låg nede ved Kvednamyra ved Frøylandsåna (Lindanger og Waula 2003:426). Sør for bekken, på gnr. 28/2 er det markert ei ruin etter eit kvernhus, SEFRAK 1121-0006-004, dette skal i følge Matrikkelen vere frå kring 1500-talet, men denne vart ikkje funnen att på synfaring. Kring 80 m mot søraust vart det derimot registrert ein mogleg rest etter grunnmur og ei mura renne ned mot elva (S 7). På flyfoto over området i 1953 syner at det då stod ein bygning her, denne synest noko stor til å vere eit kvernhus, men i følge bygdeboka skal det også ha stått ei treskeløe her, drive av vasskraft frå åna (ibid:253).

I kulturmiljøet er her to eldre, steinhellebruer over Frøylandsåna, S 3 og S 4 på verdikartet. Begge har rette landkar og ein, eller to, rett pilar. Begge bruene er med i kulturminneplan for Time kommune. Ved S 4 ligg også SEFRAK 1121-0006-020, ruin etter kvernhus, Kalbergslunden, verneklasse C.

Nord for Frøylandsåna, på det som i dag er gnr. 28/9, er her også registrert fleire tufter og 1 rydningsrøys, alle enkeltminna er truleg frå nyare tid og har status som *ikkje freda* (ASK ID 14265, 217098 og 217099). Tuftene vart registrert under Aksjon jærvassdraget i 1996 og det ligg ikkje føre fleire opplysningar om desse. Tuftene ligg i beitemark med ein del stein. Her er også steingardar.

Delar av kulturmiljøet ligg innanfor kulturlandskapet Nordre Kalberg, registrert i Nasjonal registrering av kulturlandskap, med middels verdi. Sjå kap. 6.11.

Verdivurdering

Kulturmiljøet har stor tidsdjupne med spor etter busetnad og aktivitet tilbake til, i alle fall, jernalder og fram til nyare tid. Her er registrert eit mangfald av enkeltminne som fortel om ulike sider ved førhistoriske samfunn. Enkeltminna inngår i større samanhengande lokalitetar som i stor grad ligg intakt i det kulturhistoriske jordbrukslandskapet. Sjølv om her er større, moderne inngrep i nord, like ved kulturmiljøet, er samanhengane mellom dei ulike lokalitetane innanfor kulturmiljøet i stor grad bevart. Samanhengen mellom KM 9 og kulturmiljøa i nord og nordaust, er berre delvis bevart.

Sjølv om tuna i stor grad har nyare bygningsmasse og få verneverdige bygningar og bygningsmiljø, har dei likevel ein plass og verdi i det kulturhistoriske landskapet. Her er også spor etter kvernhus, som peikar tilbake på tidlegare driftsformer då gardane i stor grad var sjølvforsynte. Kulturmiljøet rommar også 2 steinhellebruer og tufter, fine kulturminne frå nyare tid.

Samla er kulturmiljøet vurdert å ha **stor verdi**.

KM 9	VERDI	Oppleving Kunnskap Bruk >>>	Utan betydning					Noko		Middels		Stor		Svært stor	
			-----					-----		-----		-----		-----	
												▲			



Figur 6-28. Utsyn frå ASK ID 60872 mot sør. Tunet til gnr. 29/1 er markert med raud pil.



Figur 6-29. Utsyn frå ASK ID 60872 mot nord og masseuttak.



Figur 6-30. Bru over Frøylandsåna, S 4 på verdikartet.



Figur 6-31. S 3, bru over Frøylandsåna ved Gamle Kalbergvegen.



Figur 6-32. SEFRAK 1121-0006-088 (verneklasse C), våningshus på gnr. 29/1.



Figur 6-33. ASK ID 217099, tuft frå nyare tid midt i biletet. På høgda i bakgrunnen ser ASK ID 60873, med sine to gravminne. Tatt mot nordaust.



Figur 6-34. Tuset til gnr. 29/2. ASK ID 24968 er til venstre i bildet, i området med vegetasjon.



Figur 6-35. Utsyn over ASK ID 305243, kokegroper og dyrkingslag skjult under markoverflata. Funn av keramikk i eit av dyrkingslaga. Tatt mot vest.



Figur 6-36. Oppmura renne. Truleg har den høyr til eit kvernhaus eller treskeløe.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 9			Verne-status	
ASK ID	24967	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«5 langhauger, 3 rundhauger og gardfarsystem. I N-kant av åker: a) Langhaug orientert NV-SØ. Bra markert, svakt fordypning i midten, ellers uskadd. I SØ-enden en stor rundkamp. Skog- og gresskledd. L. 11 m, br. 6 m, h. 1 m. 1 m SØ for haugen: b) Rundhaug, usikker, virker noe rar i formen. Ø-siden nesten rett. Ser uskadd ut. Skog- og gresskledd. D. 7 m, h. 1 m. 45 m S for haug b: c) Langhaug med tverre ender, orientert N-S. Bra markert. I hjørnene står reiste rundkamp. Noe omrota midtetter. Mose- og skogkledd. L. 19 m, br. 5 m, h. 1 m. 10 m SØ for haug c: d) Langhaug med tverre ender, orientert SSV-NNØ. Bra markert. S-halvdel noe utjevnet. Hjørnesteiner. Enkelte rundkamp synlig. Lyng- og skogkledd. L. 16 m, br. 5 m, h. 1 m. 20 m SV for haug d: e) Langhaug med tverre ender, orientert NV-SØ. Bra markert. Noe omrota midtetter. S-kantendel utjevnet. Fotkjeden synlig enkelte steder. Lyng- og skogkledd. L. 12 m, br. 4 m, h. 1 m. 45 m SØ for haug d: f) Rundhaug, bra markert: Noe utgrava i midten og på sidene. Enkelte rundkamp synlig. Lyng- og skogkledd. D. 10 m, h. 1,5 m. 30 m NØ for haug c: g) Bunnlag av rundhaug. Dårlig markert, enkelte rundkamp synlig. Gress- og skogkledd. D. 7 m, h. 0,5 m. 7 m N for haug g: h) Langhaug. Tverr i endene, orientert N-S. Dårlig markert. Et 2 m bredt steingjerde går N-S over haugen. Det dekkar Ø-siden av haugen. Fotkjeden viser på V-siden og i S-enden. N-kanten er vanskelig å avgrense p.g.a. steingjerdet. Enkelte rundkamp synlig. Gresskledd. L.ca. 25 m, br. 6 m, h. 1,5 m. Ca. 40 m NØ for langhaug a: Begynner en geil. Den står muligens i forbindelse med tuften i fornminnefeltet R 18 - 514 C 14. Mellom tuften og geilen er det ca. 50 m. Her er det dyrket mark nå. Geilen er ca. 4 m br. og går i en bue mot S ca. 50 m. Deretter greiner det seg ut.»						
ASK ID	60873	Søra Kalberg	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«3 gravhauger. På toppen av morenehøyden: a) Rundhaug. Dårlig markert, vanskelig å avgrense. Utjevnet i kantene. Virker noe omrota. Over haugen går et gardfar som ikke kan være så veldig gammelt. Haugen er gresskledd med noen trær på. D. ca. 9 m, h. 1,5 m. 2 m NØ for haug a: b) Rundhaug, dårlig markert, vanskelig i avgrense. Ser relativt uskadd ut. Lyngkledd med noen trær på. D.ca. 9 m, h. 1 m. Ca. 40 m Ø for haug b nede i skråningen av morene: c) Bunnlag av rundhaug, dårlig markert. Ø-halvdel utjevnet. Ligger igjen en stor rundkamp her. Gress og skogkledd. D. 8 m, h. 0,5 m. Haug a ligger på 29;3 og haugene b og c på 29;4. Lokalteteten ble befart 17.03.2022 av Rogaland fylkeskommune. Haug a og b ble gjenfunnet. Haug c ble ikke gjenfunnet. Det ble observert en samling med stein sørøst for haug a og b, denne steinsamlingen ligger i forbindelse med to kryssende steingjerder i område. Feltavgrensing oppdatert etter befaring, samt lidar-data. Lokalteteten ble befart på nytt i 2023 og haug C ble heller ikke gjenfunnet på dette tidspunktet. Lokaltetsavgrensningen ble derfor oppdatert etter endt registrering.»						
ASK ID	305243		Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetssområde	Automatisk freda	«Lokalteteten består av fem kokegroper og partier med eldre dyrkingslag. Enkeltminnene 6-9 viser hvor dyrkingslag har blitt påvist i sjaktene, men de har en større utstrekning enn det innmålingene viser. Dyrkingslagene opptrer stedvis rundt på lokaliteten og varierer en del i dybde og antall lag. Det var funn av keramikk fra et av dyrkingslagene.»

ASK ID	34826	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	
Rundhaug. Umulig å avgrense, da en tilkjørt steinsamling ligger rundt og delvis oppå haugen. Hagen er gresskledd med et par trær på. Ikke mulig å oppgi diameter på den, h.2 m. Skadet gravrøys. Større steinrøys lagt inn i SV. Grenser også mot steingard i N. Åker like inn i Ø 1.7 m høy. Bevokst med ugress, gress og noe mose. Enkelte større steiner spredt over røysa, muligens oppkastet fra potensiell kantkjede. Grop på SØ-side av sentrum, 1x1m. 2023.						
ASK ID	305532		Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk freda	«Aktivitetsområde med flerfaset dyrkingslag og en kokegrop. Tykkelsen og antall faser med dyrkingslag varierte på lokaliteten.»
ASK ID	305027		Arkeologisk minne	Dyrknings-spor	Automatisk freda	«Rester av eldre dyrkingslag. Det er et rødlig, rustbrunt lag med noe kullspett. Det er funnet flere løsfunn av keramikk i tilknytning til dyrkingslaget. Det er det samme dyrkingslaget som er funnet på lokaliteten like øst for denne.»
ASK ID	24968	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Rundhaug. Dårlig markert, men tydelig i terrenget. Fordypning i midten. En del rundkamp synlig ellers gresskledd. D.ca.8 m, h.1 m. Målt inn med CPOS i 2023.»
ASK ID	60872	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«Kontrollregistrering og overflatesøk 2023: Omdefinert som gravfelt. Omfatter 250+ røys og flere stakktufter. Beskrivelse kontrollregistrering 2017: Det ble gjenfunnet 29 røys og 2 tufter og 1 innhegning. Mulig noen kulturminner ble oversett men det virker usannsynlig at registrantene skal ha gått forbi omlag 100+ kulturminner. Registreringen ble gjort i august, med relativt høyt gress, men området ble beitet av storefe og de kulturminnene som ble funnet var godt synlige. Dette gjør at man tenker at tidligere registreringen enten har vært feil, eller at de kulturminnene som ble registrert den gang i stor grad har blitt fjernet.»						
ASK ID	5367	Søre kalberg	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	«2023: 10 av rydningsrøysene ble gjenfunnet. Én ble omskrevet som bogastelle. Hustuften er fortsatt enkel å gjenfinne. Geometrien til lokaliteten er snevret inn og representerer et mer nøyaktig bilde av lokaliteten. «(...)»
ASK ID	5368	Søre kalberg	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	
«Felt bestående av 8 rydningsrøys og 2 stakktufter. Lengst i N: 1) Rydningsrøys, rund, grasskledd. D. 4 m, h. 1/3 m.2) Do. d. 5 m., h. 1/4 m. Noe utkastet.3)Do. d. 4 m, h. 1/4 m. 4) Do. d. 3 m, h. 1/4 m. Noe utkastet.5) Do. d. 3,5 m, h. 1/2 m.6) Stakktuft, rund. D. 8,8 m, h.1/10 m.7) Stakktuft, rektangulær 8x9 m. Grøft rundt br.1/2 m, dybde 1/3 m.8. Rydningsrøys, rund. D. 3,5 m, h.1/2 m.9) Do. d. 3,5 m, h. 1/3 m.10) Do. d. 3 m, h. 1/3 m.SPESIALKART: AmS top. ark. Oppmåling ved Interconsult 1996.Fornminnene er nummerert 214-223 på kartet. Under kontrollregistrering i 2023 kunne ikke stakktuftene gjenfinnes.»						
ASK ID	129145		Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	
«To rydningsrøys. Røys 1, den østre, måler 4x4 m i plan og har en høyde på ca. 40 cm. Den er sammensatt av noe større stein. Stort sett håndball til fotballstore. Røysen ligger på en liten flate i et ellers ulendt terreng. På flaten finnes to rydningsrøys. Røys 2, den vestre, måler 3x3 m i plan og har en høyde på ca 40-50 cm. Den er sammensatt av noe større stein. Stort sett håndball til fotballstore. Røysen er bygd opp rundt en større jordfast stein i vest. Kontrollregistrering 2017: 2 gravrøys, 3 rydningsrøys, 1 tuft»						
ASK ID	315748		Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk freda	Beskrivelse: Lokaliteten består av to kokegroper. Den høyre kokegroper er stor og har en noe diffus form. Det er derfor mulig at den består av flere kokegroper plassert tett opptil hverandre.»
ASK ID	14265	Frøyland	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Ikkje freda	
«Rydningrøys. Flat og rektangulær. den er dekket av vegetasjon i ØSØ. Steinene består av hodestore og knyttnevestore stein, hvor enkelte ligger løst på fast mark. L. 9 x 2 m, orientert SØ-NV.LITTERATUR :AmS top.ark. Rapport 15.3.1998 v/ L. Julshamn, RFK. Etter befaring i 2023 ble det anslått at rydningsrøysen er fra etterreformatorisk tid og fikk derfor endret status til ikke fredet.»						
ASK ID	217098	4 hustufter	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Ikkje freda	«Beskrivelse fra lokalitet: 4 hustufter funnet under Aksjon jærvassdrag i 1996. Ingen videre opplysninger oppgitt.»
ASK ID	217099	Hustuft	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Ikkje freda	«Hustuft funnet under Aksjon jærvassdrag i 1996. Ingen videre opplysninger gitt.»
SEFRAK	1121-0006-088	Våningshus				Datering: 1800-talet, 4.kvartal Varnekategori: C
SEFRAK	1121-0006-004	Ruin etter kvernhus m trase				Datering: 1500-talet Varnekategori: C

SEFRAK	1121-0006-004	Ruin etter kvernhus m trase			▲	Datering: 1500-talet Varnekategori: C
S 3		Bru				
S 4		Bru				
S 5		Stemme				
S 7		Mogleg rest etter kvernhus og renne				

6.1.10 KM 10 SØRA KALBERG II

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetar med nær geografisk samanheng

Dagen situasjon

Høgaleitet, lengst aust på garden Sørå Kalberg, sør for Frøylandsåna og Åslandsvegen, er eit kulturbeite med fleire fornminne.

Automatisk freda kulturminne

Lengst mot aust i kulturmiljøet er eit lite gardsanlegg, ASK ID 54605. Berre 4 enkeltminne er registrert, 1 hustuft, 2 gravhaugar og 1 rydningsrøys. Anlegget ligg på ei høgde i kupert morenelandskap. Rundt 26 m nord for gardsanlegget ligg ein lokalitet med fleire rydningsrøysar, ASK ID 5350.

Nordvest i kulturmiljøet er det registrert 1 gravhaug, 6 diameter og 0,4 m høg. I senter av røysa er det spor etter ei nedgraving, mogleg ein tidlegare telefonstolpe eller liknande (ASK ID 53664). Vidare er her registrert ein rydningsrøyslokalitet til, ASK ID 53663. Her er det 5 rydningsrøysar, minst 2 av røysene er lagt rundt ein stor stein. I mellom dei to sistnemnde lokalitetane finn ein ASK ID 217100, ein lokalitet med 4 rydningsrøysar, uavklart vernestatus.

Kulturminne frå nyare tid

Fornminna ligg i kulturbeite med steingardar og ein innhegning. Her er også fleire skogsvegar/stiar i området.

Verdivurdering

Fornminnelokalitetane ligg i intakt beitemark med kulturminne frå nyare tid i form av steingardar/innhegning. Kulturmiljøet har stor tidsdjupne og fleire ulike typar enkeltminne. Samanhengen mellom dei einskilde lokalitetane er intakt, men enkeltminna er til dels dårleg markerte. Dette reduserer opplevingsverdien noko.

Samla er delområdet vurdert å ha stor verdi.

KM 10	VERDI	Oppleving >>>	Utan betydning					Noko					Middels					Stor					Svært stor				
		Kunnskap >>>	-----					-----					-----					-----					-----				
		Bruk >>>																									
																							▲				



Figur 6-37. Oversyn over ASK ID 5350. Gardsanlegg, ASK ID 54605, er markert med raud pil. Mot søraust.



Figur 6-38. Utsyn frå ASK ID 5350 mot nordaust og areal for planlagt næringsområde NK3.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 10			Verne-status	
ASK ID	54605	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Gardsanlegg	Automatisk freda	
«2 gravhauger og 1 tuft. Lengst i N:a) tuft, kvadratisk. Veggene er gresskledd. Over Ø-hjørne går det et steingjerde N-S. Her er vegen på tuften noe uklar. Tuftens mål: 12 x 12 m. Veggens br. ca. 1 m, h. ca. 0,5 m. 2 m SV for tuften:b) Rundhaug, bra markert, ser uskadd ut. Enkelte rundkamp synlig. Gresskledd. D. 5 m, h. 0,5 m. 10 m SV for haug a:c) Rundhaug, bra markert, uskadd: Gresskledd. D. 9 m, h. 1 m.»						
ASK ID	5350	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	«En mengde rydningsrøyser, delvis gresskledd. D. 2 m.
ASK ID	53663	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk freda	«Rydningrøysene har ein d. 2-7 m, og ei maksimum h. på 64 cm. Minst to av røysene er anlagt rundt ein stor stein. Røysene er gras og mosekledd. 2 av røysene vart arkeologisk undersøkt i samband med IVAR-projektet.»
ASK ID	53664	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Gravhaug, d. ca. 6m, h.o,4 m. Røysa er grasbevokst. I sentrum er det spor etter nedgravning etter ei telefon- eller el.stolpe som ikkje er der i dag. Røysa er tydelig, til trass for at det er lite stein synleg.»
ASK ID	217100	Søra kalberg	Arkeologisk minne	Annen arkeologisk lokalitet	Automatisk freda	«4 Røyser funnet under Aksjon jærvassdrag. Ingen videre opplysninger gitt.»
ASK ID	289080		Arkeologisk minne	Lausfunn	Uavklart	Løsfunnet slag.

6.1.11 KM 11 NORDRE KALBERG KULTURLANDSKAP

- Type kulturmiljø: kulturlandskap
- Skala: geografisk, kulturlandskapsnivå
- Avgrensing: avgrensinga gjort av Nasjonal registrering av kulturlandskap i 1998.

Dagens situasjon

Kulturlandskapet *Nordre Kalberg*, er registrert i Nasjonal registrering av kulturlandskap, med middels verdi. Kulturlandskapet er karakterisert som: *åpent og kupert terreng med mye løsmasser/morenerygger. Stort sett intensiv drift, nytt tun, men med interessante restbiotoper/kulturmark i bratte partier* (temakart Rogaland).

Innanfor kulturlandskapet er det registrert ei rekkje automatisk freda kulturminne, desse er skildra i delområda KM 2, KM 6, KM 8 og KM 9. I sør er kulturlandskapet i stor grad intakt; eit bølgljande jordbrukslandskap med dyrka mark, gardstun, kulturbeite og utmarksområde. Av kulturlandskapselement frå nyare tid er her fleire steingardar. I nord er kulturlandskapet meir fragmentert og både masseuttak og Fagrafjell transformatorstasjon er innanfor det definerte landskapet. Det er likevel også gardstun, steingardar og automatisk freda kulturminne i denne delen, men samanhengane mellom desse er svekka. Det går kraftleidningar gjennom kulturlandskapet, både i vest og i aust.


Verdivurdering

Det definerte, overordna kulturlandskapet er, sidan det vart registrert i 1998, blitt fragmentert og det er ikkje lenger eit samanhengande jordbrukslandskap. Her er likevel bevarte kvalitetar. Sett frå eit kulturhistorisk perspektiv er dei største verdiane knytt til områda med automatisk freda kulturminne i jordbrukslandskapet, desse er skilde ut i eigne kulturmiljø der verdien er vurdert til *stor verdi*.

Samla er delområdet vurdert å ha middels verdi.

KM	VERDI	Utan betydning					Noko		Middels		Stor		Svært stor	
		Oppleving >>	-----		-----		-----		-----		-----		-----	
11	Kunnskap >>		-----		-----		-----		-----		-----		-----	
	Bruk >>		-----		-----		-----		-----		-----		-----	

6.2 DELOMRÅDE B



Figur 6-39. Oversyn over kulturmiljø og verdi i delområde B.

6.2.1 KM 12 FRØYLAND

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetar med nær geografisk samanheng

Dagen situasjon

Garden Frøyland er nemnd i skriftlege kjelder første gong i 1379, få andre gardar i bygda er nemnde så tidleg. Garden er truleg kalla opp etter Frøy, den norrøne guden for grøder og vekstar og etter tradisjonen skal det ha lege eit hov nært det gamle klyngetunet. Garden har vore rekna som ein av dei største og beste i bygda i historisk tid (Lindanger og Waula 2003:207-214). Mange spor etter førhistorisk aktivitet vitnar også om ein sentral gard, i alle fall tilbake til jernalder.

Det skjedde store samfunnsmessige endringar frå midten av 1800-talet over heile landet, og den nye tida skulle også sette spor etter seg på garden Frøyland. Kring 1878 sette Ole Gabriel Kvernaland, stiftaren av Kvernelandkonsernet, opp ei smie ved Frøylandsåna på bruk nr. 4 på Frøyland (SEFRAK 1121-0006-056). Dette var den første smia på Jæren som la opp til fabrikkmessig drift. I første omgang vart det produsert ljaar og han hadde fleire tilsette. Etter kvart ekspanderte verksemda «O.G Kvernlands Fabrikk»; det kom opp større fabrikkbygning, det vart fleire tilsette og etter kvart vaks det opp eit lite samfunn kring fabrikkbygninga med tilhøyrande bygningar og aktivitet. Ole Gabriel Kvernaland var oppteken av sjølvberging og dreiv gard ved sidan av fabrikkdrifta. Han kjøpte også opp store utmarksareal som han sidan stykka opp til tomter til arbeidarane sine. Meininga var at dei skulle ha ein liten jordlapp dei kunne dyrke opp og ha nokre husdyr. Dette førte til at arbeidarane vart verande og han hadde tilgang til stabil arbeidskraft (Lindanger og Waula 2003:256-260). I dag heiter verksemda «Kverneland Group» og er eit leiande internasjonalt selskap. Fabrikkbygninga er

lokalisert ved Frøylandsvatnet og eit stort område rundt anlegget, langs Frøylandsvatnet, er dominert av bustadfelt.

Automatisk freda kulturminne

KM 12 femner om ein del av garden som ikkje er utbygd, sør for Frøylandsåna – eit jordbruksareal med beitemark og innmark og fleire bevarte fornminnelokalitetar.

Lengst nord i kulturmiljøet ligg ASK ID 141487, ein stor lokalitet med 132 registrerte enkeltminne. Lokaliteten er slått saman med ASK ID 15193, 34840 og 141488, etter ei kontrollregistrering i 2024. Innanfor lokaliteten finst her både gravrøyser, rydningsrøyser, røyser, innhegning og ein steinstreng. 141487-3 er ein tydeleg markert gravhaug, Floarheio. Heile lokaliteten ligg i kulturbeite.

ASK ID 60725 er ein klart markert gravhaug, denne ligg i beitemark. Kring 60 meter sør for denne gravhaugen, ligg ASK ID 141483, ein lokalitet med ein, klart markert, gravhaug, samt to rydningsrøyser. ASK ID 323825-0 og ASK ID 323826-0 er begge gravrøyser, som er bevart frå den tidlegare lokaliteten ASK ID 54622 (resten av enkeltminna som var her, er fjerna). Begge røysene er klart markerte. ASK ID 141484 er eit røysfelt der det er registrert 30 røyser, nokon av desse kan vere gravrøyser. Her er også eit vegfar med uavklart vernestatus. Lokaliteten ligg i beitemark, om lag midt i det definerte kulturmiljøet.

Sør i kulturmiljøet, og innanfor BK5 og BK6, areal avsett til bustader, er her tre rydningsrøyslokalitetar, ASK ID 295554, ASK ID 180050 og ASK ID 295603, alle ligg i beitemark og grensar til bustadområde i sørvest. ASK ID 64376 er eit felt med to gravrøyser, dei to røysene ligg innklemt mellom dyrka mark i vest og grusplass i aust.

Lengst mot sør ligg ASK ID 24984, eit gravfelt som strekkjer seg over eit større område. Her er det registrert 88 gravrøyser, 119 røyser, 1 rydningsrøys, 4 stakktufter og 2 steinstrengar.

Ved, og på, Brekkenuten er her fleire førhistoriske gravminne. ASK ID 64375 er eit gravfelt med 21 gravrøyser og 5 røyser. Feltet ligg på eit vestvendt platå i beite/utmark med mykje stein. Eit stykkje lenger aust er her også registrert ei tuft, ASK ID 141490. ASK ID 141489, ein gravhaug, ligg på Brekkenuten, som er eit av dei høgaste punkta på garden.

Kulturminne frå nyare tid

På bruk nr. 890, tidlegare tun til bruk nr. 13 (Matrikkelen), er det ein bygning som er registrert i SEFRAK, eit våningshus frå 1800-talet. Dette er ombygd/påbygd og er registrert med verneklasse C.

Gamle Kalbergvegen, ein eldre gjennomgangsveg går gjennom kulturmiljøet (lokalnamn.no). Vegen er graskledd og ved Frøylandsåna går vegen over ei steinhellebru, skildra i KM 9 (S3).

I kulturmiljøet er det eit, hovudsakleg, samanhengande kulturlandskap, men beitemark, dyrka mark og skogkledd teigar. Fleire steingardar markerer skilje mellom ulike bruk og teigar.

Verdivurdering

Kulturmiljøet har stor tidsdjupne og ein variasjon av enkeltminne som gjev høg kunnskapsverdi. Her er både spor etter førhistorisk jordbruksaktivitet og gravminne, samt nyare tidskulturminne i form av steingardar, eldre ferdsleveg og eit eldre våningshus. Fleire av kulturminna er også synlege og klart markerte.

Ei kraftlinje går gjennom kulturmiljøet og reduserer opplevingsverdien, enkelte mastefester har ei uheldig plassering nær enkeltminne, for eksempel ved gravminne ASK ID 141487-3. I sør og sørvest grensar kulturmiljøet til bustadfelt og gardstuna har hovudsakleg nyare bygningsmasse.

Samla er delområdet vurdert å ha stor verdi.

KM 12	VERDI		Utan betydning					Noko		Middels		Stor		Svært stor	
			-----					-----		-----		-----		-----	
		Oppleving >>>													
		Kunnskap >>>													
		Bruk >>>											▲		



Figur 6-40. ASK ID 141487-3, gravhaug, tatt mot vest.



Figur 6-41. Utsyn mot nordvest og vest frå ASK ID 24984.



Figur 6-42. Gravrøys, enkeltminne nr. 1, ASK ID 24984. Tatt mot nordvest.



Figur 6-43. Gardstun gnr. 28/890, SEFRÅK 1121-006-084 (verneklasse C) er markert med raud pil.



Figur 6-44. Oversikt ASK ID 180050, mot sørsøraust.



Figur 6-45. Eit parti av Gamle Kalbergsvegen, tatt mot nordaust.



Figur 6-46. ASK ID 64376, sett mot nordaust.



Figur 6-47. Utsyn mot Brekknuten frå ASK ID 60725. ASK ID 323826-0 er markert med raud pil. Tatt mot austsøraust.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 12			Verne-status	
ASK ID	60725	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Rundhaugrest. Ligg på ein morenehaug. Oppå morenehaugen ligg ein del stein. Denne steinsamlinga er 16 m i diameter. Fikk ny kartfesting etter kontrollregistrering i 2024.
ASK ID	141483	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Gravfelt bestående av en gravrøys og to rydningsrøysar.»
ASK ID	54622	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Fjerna	
«28. Rundhaug. Diameter 8,5 m, h. ca.1 m. Svært godt bevart. kanten godt markert. 29a. Rest av rundhaug. Den ligg på toppen av ein morenehaug og då toppen av steinhaugen er tatt bort og delvis kasta utover er det vanskeleg å fastsetja diameteren, men den har truleg vore 11 m. Med morenehaugen som basis blir haugen svært høg. Steinhaugen er idag 1 m høg, men har truleg vore høgare. Ligg 40 m NV for haug 28. 29b. Truleg rundhaugsrest, ligg på ein morenehaug som 29a. Ikkje mykje stein att og det er derfor vanskeleg å setja omfanget av haugen m, men diameter truleg 9 m. ligg 25 m N for 29b. 29d. Ei samling med rydningsrøysar som ligg spreidd utover det beitet der haugane 28 og 29a-c ligg på. Dei fleste røysane er svært små. Etter kontrollregistrering i 2000 ble det klart at østre del av feltet er fjernet ved dyrking av området på 1980-tallet. ei gravrøys ligger att.»						
ASK ID	323825-0		Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	«Bevart gravrøys fra den tidligere lokaliteten ID 54622. Stor, sirkulær gravrøys med en høyde på ca. 1,5 m. Tydelig markert og godt synlig i terrenget. Ligger i tilknytning til flere store gravrøysar på området. Overgrodd med noe synlig stein. Svak nedsenkning i midten av røysen.»
ASK ID	323826-0		Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	«Bevart gravrøys fra tidligere lokalitet ID 54622. Sirkulær gravrøys som ligger igjen alene i dyrka mark.»
ASK ID	141487	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«Lokaliteten ble kontrollregistrert i 2024 og tre tidligere lokaliteter (ID 15193, ID 34840 og ID 141488) ble etter registreringen slått sammen med ID 141487 da de lå like inntil hverandre og var en del av det samme kulturmiljøet. Lokaliteten består av totalt 132 strukturer i form av 1 gravhaug, 129 røysar, 1 innhegning/tuft og en steinstreng. Røysene på lokaliteten ble registrert som 9 gravrøysar, 23 rydningsrøysar og 97 røysar uten spesifikk funksjon (som kan være både grav eller rydning, men det er vanskelig å si uten å undersøke nærmere).						

Kulturminnefeltet omfatter gravrøys ID15193 i nord, sør for denne røysa ble det under registreringen i mai 2000 registrert flere rydningsrøysar. Disse har tidligere hatt idnr.514.D13-X1.»						
ASK ID	141484	Frøyland	Arkeologisk minne	Røysfelt	Automatisk freda	«4 Røysar funnet under Aksjon jærwasssdrag. Ingen videre opplysninger gitt.»
«Lokaliteten består av 31 strukturer i form av 30 røysar og et veifar. Lokaliteten lå tidligere inne som en rydningsrøyslokalitet, men ble etter kontrollregistrering i 2024 endret til røysfelt. Dette åpner for at røysene på lokaliteten kan ha vært både rydningsrøysar og gravrøysar. De seks største røysene på lokaliteten har potensiale for å være gravrøysar. Veifaret på lokaliteten ble undersøkt ved en håndgravd sjakt. Sjakten viste at veifaret er tydelig tilvirket og kan være en etterreformatork ridevei. Veifar har ofte vært brukt over lenger tid og kan derfor være eldre. Veifaret ble derfor inkludert i lokaliteten, men med uviss datering.»						
ASK ID	295554		Arkeologisk minne	Rydningsrøyslokalitet	Automatisk freda	
«Rydningsrøyslokalitet bestående av to rydningsrøysar. De to røysene er en del av et større røysfelt (ID 180050) i øst. De to røysene ble lagt inn som en egen lokalitet på grunn av en bred grøft i forbindelse med den tidligere hovedvannledningen til IVAR som skiller de to røysene fra resten av røysfeltet. Røysene er svært overgrodd med enkelte synlige steiner.»						
ASK ID	180050	Vollen	Arkeologisk minne	Rydningsrøyslokalitet	Automatisk freda	
«Rydningsrøyslokalitet med 26 rydningsrøysar. Ligger i småkupert beitemark. Alle røysene er overgrodd med enkelte synlige steiner. De to røysene på ID 295554 er en del av det samme røysfeltet, men har blitt lagt inn som en egen lokalitet da en bred grøft i forbindelse med den tidligere hovedvannledningen til IVAR skiller de to røysene fra resten av røysfeltet.»						
ASK ID	64376	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	«11. Rundhaug. Diameter 9 m, høgd 1,75 m. Litt utgravd i toppen.12. Rundhaug, diameter 7 m og høgd 1 m Brabevart. Ligg 15 m ANA for haug 11 og like inntil vegen som er nemt under haug 11.»
ASK ID	295603		Arkeologisk minne	Rydningsrøyslokalitet	Automatisk freda	«Rydningsrøyslokalitet som består av 9 rydningsrøysar. Lokaliteten ligger i beitemark som skrår nedover mot nordvest. De er overgrodd med enkelte synlige steiner. To ble funnet ved sjakt og var ikke synlig på markoverflaten.»
ASK ID	24984	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«Lokaliteten ble kontrollregistrert i flere omganger fra 2022-2024. I forbindelse med dette ble alle kartfestet og lokaliteten ble utvidet mot øst og vest for å inkludere alle synlige kulturminner. Lokaliteten består av 214 strukturer i form av 208 røysar, 4 stakketufter og 2 steinstrenger. Røysene på lokaliteten har blitt registrert som gravrøysar, rydningsrøysar og røysar uten spesifikk funksjon. Disse kan være både graver og rydninger, men det er vanskelig å si sikkert uten nærmere undersøkelse (...)»						
ASK ID	64375	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	«Rundhaug. 7 m i diameter. Ein del utgravd i midten. Nokså mye stein syner. NV av haugen ligg noen rydningsrøysar. Kontrollregistrering RFK, 2015: Lokaliteten ble kontrollregistrert i desember 2015. Ved registreringen ble der identifisert i alt 21 gravhauger på lokaliteten. (...)»
ASK ID	141490	Frøyland	Arkeologisk minne	Bosetningsaktivitetsområde	Automatisk freda	«Upublisert rapport v/Linda Julshamn, RFK, datert 03.05.2000.»
ASK ID	141489	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Upublisert rapport v/Linda Julshamn, RFK, datert 03.05.2000»
ASK ID	141478	Frøyland	Arkeologisk minne	Utmarks-kulturminner	Ikke fredet	«Usikker, mulig stakktuft. 2022: Ble avskrevet etter kontrollregistrering i 2022.»
SEFRA K	1121-0006-084					Våningshus, Datering: 1800-tale Verneklasse: C

6.2.2 KM 13 KVERNALAND

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetar med nær geografisk samanheng

Dagen situasjon

Kvernaland, gnr. 27, ligg mellom storgardane Frøyland i nord og Njå i sør. Kvernebekken som renn gjennom garden, har vore ein viktig ressurs. Han startar i Ulvetjørn i Njåfjellet over 200 moh. Her rann bekken mellom gamletunet og fjellbrekka, der det var tre gardskverner. Kvernene har gjeve namn til bekken og kanskje til og med til garden. Garden er relativt liten, og låg aude gjennom mykje av 1400-talet og 1500-talet. Frå skriftlege kjelder veit ein at garden framleis var aude i 1560, men at det i 1602 vart betalt skatt frå garden. Gjennom det meste av 1800-talet var her to bruk, bruk nr. 1 og 3, bruk nr. 2 vart skilt ut i 1868 og bruk nr. 4 i 1870. Åker og buskap var også her lenge den viktigaste næringa (Lindanger og Waula 2003:163-177). Frå gamalt av hadde det vore smie på garden, og denne, i kombinasjon med vassfallet, vart ein viktig ressurs, særleg for bruk nr. 3, der brørne Tønnes og Ole Gabriel Kvernaland kom i frå. Tønnes tok over garden, mens Ole Gabriel starta verksemda «O.G Kvernlands Fabrikk», sjå kap. 6.2.1. Tønnes utvikla gardsmia til ei lita verksemd med fleire tilsette og produserte etterkvart sakser, knivar, torvspader, stokkaskeiser og ikkje minst ljaar. Verksemda lever vidare i dag under namnet TKS Agri (sjå meir under «Nyare tidskulturminne»).

Automatisk freda kulturminne

Den nordlegaste delen av kulturmiljøet høyrer til gnr. 28 Frøyland, men er inkludert i dette kulturmiljøet på grunn av geografisk nærleik mellom fornminna. ASK ID 263382 er eit gardsanlegg med eit tjuetalls røyser, av desse kan nokre vere gravrøyser. Vidare er det på lokaliteten registrert 1 gardfar, 1 hustuft og ei stakktuft (uavklart vernestatus). 50 m mot søraust ligg ASK 247341, ei låg, rund gravrøys. Ho er lite markert i terrenget. Like ved denne er det også registrert ei rydningsrøys, ASK 263379.

I den delen av kulturmiljøet som ligg på garden Kvernaland, er det registrert 4 fornminnelokalitetar. ASK ID 141440 er eit felt med 9 rydningsrøyser og 2 stakktufter. ASK ID 300109 er eit felt med 4 rydningsrøyser og ASK ID 141443 er eit felt med 19 røyser, der 3 kan vere gravrøyser, resten er truleg rydningsrøyser. I tillegg er her også 4 stakktufter. Sør i kulturmiljøet, litt for seg sjølv, ligg ASK ID 300106, ei stakktuft.

Kulturminne frå nyare tid

Gardsmia på Kvernaland låg opphavleg på eit stykkje som kom til å heite Smihushagen. Kring 1880 flytta Tønnes, som då hadde teke over bruk nr. 3, smia ned til bekken, slik at han kunne nytte seg av vasskrafta. Tidlegare låg det ei vasskvern her. Samtidig vart det også stemt opp fleire vatn innover i marka for å få meir stabil vassføring. I smia vart det produsert sakser, knivar, torvspader, stokkaskeiser og ikkje minst ljaar. Han tilsette folk og kring 1900 hadde han fem menn i arbeid hos seg. Utover 1900-talet utvikla verksemda seg, på 1930-talet bygde neste generasjon ny stem og ei stem inne ved Ulvetjørn. Fabrikken vart også flytta lenger ned. Verksemda lever i dag vidare under namnet TKS Agri.

I dag finn ein damanlegg og stem ovanfor fabrikk, S 9 på verdikartet. Stemma er med i kulturminneplanen for Time kommune.

Fornminnelokalitetane ligg i eit kulturlandskap med beitemark og dyrka mark. Steingardar markerer ulike bruk og teigar.

Verdivurdering

Det er fleire fornminnelokalitetar innanfor kulturmiljøet. Dei fleste enkeltminna er rydningsrøyser, sjølv om andre kategoriar som gravrøyser, stakktufter og gardfar også er

representerte. Lokalitetane har høg kunnskapsverdi og er frå ein tidsperiode med svært få skriftlege kjelder. Mange av enkeltminna er lite synlege og dårleg markerte, dette gjev redusert opplevingsverdi. Ei kraftlinje skjer gjennom kulturmiljøet i vest. Samla er delområdet vurdert å ha stor verdi.

KM	VERDI		Utan betydning					Noko		Middels		Stor		Svært stor	
			-----					-----		-----		-----		-----	
13		Oppleving >>>													
		Kunnskap >>>													
		Bruk >>>													



Figur 6-48. ASK ID 247341, gravrøys, dårleg markert på biletet, men er innanfor raud sirkel. Tatt mot nordvest.



Figur 6-49. Austleg del av ASK ID 263382, med enkeltminne 3 og 4, tatt mot søraust.



Figur 6-50. ASK ID 141443, enkeltminne nr. 15. Rydningsrøys, kledd med gras og mose, enkelte stein synlege. Tatt mot sørvest.



Figur 6-51. ASK ID 300106, stakktuft (markert med raud sirkel). Tatt mot vestnordvest.



Figur 6-52. ASK ID 300109, rudningsrøys i framgrunnen, tatt mot nordvest.



Figur 6-53. Stemme, S 9, objekt nr. 181. i kulturminneplan for Time kommune. Damanlegg, gnr. 27/3.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 13			Verne-status	
ASK ID	263382	Frøyland-gards-anlegg	Arkeologisk minne	Gårdsanlegg	Automatisk freda	
«Felt med et tyvetalls røyser, de fleste med diameter under 2 meter. Noen av de større røysene og røysene med regulær sirkelform kan være gravrøyser, de øvrige er sannsynligvis rydningsrøyser. Rett sør for den største konsentrasjonen av røyser ligger det ei mulig NV-SV-orientert hustuft, som måler rundt 19 x 6 meter. Det er antydning til åpninger midt på begge langsiden. Ut fra den mulige tuftas nordvegg går det en mulig rest etter et steingjerde, som først går rundt 4 meter rett nord fra veggen, og deretter dreier mot NV, og kan følges rundt 24 meter i den retninga. Rundt 30 meter sør for den mulige hustufta ligger det ei mulig stakketuft av oval form, som måler rundt 10,6 x 7,3 meter.»						
ASK ID	247341	Frøyland	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	
«Lav, rund røys ligger øverst i terrenget der det flater ut på Kverneland/ Fjermestadheia. Beitemarken fremstår som noe ryddet i området omkring røysen. Røysen måler 6 x 5,5 meter i diameter og er om lag 0,3 meter høy. Den er gresskledd med noe synlig stein i toppen. Lite markert i terrenget, men tydelig avgrenset. Registrert i 2018 i forbindelse med reguleringsplan i nærområdet.»						
ASK ID	263379	Frøyland	Arkeologisk minne	Røysfelt	Automatisk freda	
«Denne røysa ligger rundt 14 meter sørvest for gravrøysa ID 247341, og var synlig på overflaten som en uregelmessig, rund forhøyning i terrenget, med stein i toppen. Ei sjakt ble lagt over den søndre halvdelen av røysa, og avtorvinga gjorde det klart at det enten dreier seg om ei oval røys med stein i 2-3 lag hvor et område i midten har blitt rydda for stein, eller om to mindre og rundere røyser, som har ligget nærmest kant i kant. Det første virka mest sannsynlig, og røysa ble innmålt som én struktur, med mål ca. 5,8 x 4,3 meter. Det ble gravd litt djupere i røysas søndre kant for å undersøke om det kunne være bevarte dyrkningslag under den. Noe slikt dyrkningslag kunne ikke observeres. Under steinlaget var jorda, som ellers i samme sjakt, gråbrun silt og grus. Dels under, dels mellom underste og nest underste steinlag, kunne det observeres små biter med trekull. En kullprøve ble tatt ut herfra. Under dette laget besto undergrunnen av gulrød grus og sand/silt som ellers i sjakta.»						
ASK ID	141440	Kverneland	Arkeologisk minne	Rydnings-røyslokaltet	Automatisk freda	
«Lokaliteten består av 9 rydningsrøyser og to stakketufter. Røysene måler mellom 3 - 4,5 m i diameter og er opptil 0,3 m høye. Samtlige røysene er klart markerte med varierende synlighetsgrad. Stakketuftene er rektangulære, med synlig grøft. Lokaliteten ligger i en vestvendt skråning med utsikt over Frøylandsvatnet.						

Kulturminnet ble kontrollregistrert i forbindelse med arkeologisk registrering av trasé for ny hovedvannledning i 2018.»						
ASK ID	300109	Kverneland	Arkeologisk minne	Rydningsskylitet	Automatisk freda	«Rydningsskylitet bestående av 4 rydningsskyliter.»
ASK ID	141443	Kverneland	Arkeologisk minne	Rydningsskylitet	Automatisk freda	«Lokaliteten ble kontrollregistrert i 2023. Den ble utvidet i NØ og omfatter nå 14 rydningsskyliter, 4 skyliter og 4 stakktufter. Fire rydningsskyliter, tre stakktufter og en usikker gravrøys.»
ASK ID	300106	Kverneland	Arkeologisk minne	Utmarks-kulturminner	Automatisk freda	«Enkel, rund stakktuft. Antydning til indre voll, 5 cm høy, 30-50 cm vid. Grøfta er 20-30 cm bred og 10 cm dyp. Tydelig markert, men noe utflytende mot S.»
S 9						Stemme og damanlegg

6.2.3 KM 14 NETLAND OG TEGLE

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokaliteter med nær geografisk sammenheng

Dagen situasjon

Netland, gnr. 26 og Tegle, gnr. 25, ligg på ei nes som stikk ut i Frøylandsvatnet frå sør. Dei to gardane er av dei minste i bygda og er truleg skilt ut frå garden Njå (Landanger og Waula 2003:138). KM 14 famnar om ein mindre del av dei to gardane; eit jordbrukslandskap med beitemark og dyrka mark og gardstun.

Automatisk freda kulturminne

ASK ID 24983 ligg på gnr. 26/1 og er ein stor gravhaug. Diameteren er 26 m og han er 3,5 m høg. Tydeleg og klart markert. I eit område med beitemark på same garden, er det registrert eit større gravfelt, ASK ID 285847. På lokaliteten er det minst 2 gravrøysar, samt 40 rydningsskyliter, og 2 gardfar. I Askeladden står det at lokaliteten bør kontrollregistrerast.

Vidare mot vest, på gnr. 25, er det registrert eit gardsanlegg med 1 gravhaug og 1 gardfar (ASK ID 60723), eit gravfelt med 3 gravhaugar (ASK ID 44861) og ein enkeltliggjande gravhaug ved Njåbjørn (ASK ID 54621).

Kulturminne frå nyare tid

På Netland, gnr. 25/1 er det ein bygning som er registrert i SEFRAK, dette er ei løe bygd i 1836, registrert med verneklasse B.

Verdivurdering


Kulturmiljøet har ein variasjon av enkeltminne som har høg kunnskapsverdi, fleire er også lett å lese og opplevingsverdien er høg.

Samla er delområdet vurdert å ha stor verdi.

KM 14	VERDI	Oppleving >>>	Utan betydning					Noko		Middels		Stor		Svært stor		
		Kunnskap >>>														
		Bruk >>>														
			▲													



Figur 6-54. Gardstunet til Netland gnr. 25/1. Den SEFRAK-registrerte løa er markert med raud pil.



Figur 6-55. Oversyn over ASK ID 24983 (gravminne) og ASK ID 285847 (gravfelt)

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 14			Verne-status	
ASK ID	24983	Netland	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Stor rundhaug, d. 26m, h. 3,5 m. Nesten gjennomgravd NA-SV. På haugen veks ein del lauvtrær. Haugen kan kanskje vera ein sandhaug.»
ASK ID	285847	Netland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	«Ved befarung i forbindelse med nydyrkingssøknad ble det registrert flere røyser og et gardfar innenfor området. Noen av røysene er trolig gravrøyser. Befart av Rogaland fylkeskommune 13.12.2021. Feltet må kontrollregistreres og enkeltminner måles inn.»
ASK ID	60723	Tegle	Arkeologisk minne	Gårdsanlegg	Automatisk freda	«1. Rundhaugrest. Nå overgrodd med gras. Diameter vanskeleg å avgjere, men truleg 7 m.2. Utgard. Ikkje nemt hos Helliesen. Går frå haug 11 (514 D12 R16) nordover og vestover , nordover til veggen Tegle-Njå, vestover til dyrka mark ca. 100 m.»
ASK ID	44861	Tegle	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	
«Rundhaug. Graskledd. Ca. 11 m i d. og 0,8 m. h. Nå er det ein del stein utkasta fra haugen. Ved sidan av er det også noen små steinrygger. Dette er truleg utkasta fra haugen. To rundhaugar. Ligg ca 1 m fra kvarandre.a. Den nordlegaste er ca 10m i d. og 0,7 m. h. Graskledd Toppen avtatt.b. Den sørlegaste har d. ca. 8,5 m og h. 0,7 m. I midten syner mye stein ellers graskledd.»						
ASK ID	54621	Tegle	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Rundhaug, toppen avtatt.D.13,5 m, h. c1.1 m. Ligg på dyrka mark. På siden graskledd, i midten mye stein.»
SEFRAK	1121-0006-088	Løe				Datering: 1836 Varnekategori: B

6.2.4 KM 15 ASK ID 15192

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetsavgrensing og nærområdet

Dagen situasjon

ASK ID 15192 er rest av ein rundhaug. Gravhaugen har vore rundt 11 m i diameter og om lag 1,5 m høg, men er i dag noko skada. Gravminnet ligg ved nyare uthus/driftsbygningar på gnr. 24/22, på ein lomme med lauvtre, mellom to gardsvegar.

Verdivurdering

Kulturmiljøet består av eit kulturminne, rest av ein gravhaug. Truleg er kunnskapsverdien redusert då gravminnet er skada. Nærmiljøet er prega av nyare bygningar og grusvegar, opplevingsverdien er såleis også redusert.

Samla er delområdet vurdert å ha middels verdi.

KM 15	VERDI	Oppleving >>>	Utan betydning					Noko					Middels					Stor					Svært stor				
		Kunnskap >>>	-----					-----					-----					-----					-----				
		Bruk >>>											▲														

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 15			Verne-status	
ASK ID	15192	Njå	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk freda	«Rest av rundhau. Har vore ca. 11 m. i diameter og ca. 1,5 m høg.I vestenden ein stor stein. Kanten syner bra i nord, aust og sør. I midten større stein.»



Figur 6-56. ASK ID 15192, tatt mot sørvest.

6.2.5 KM 16 HÅFJELL / KLOKKEBERG

- Type kulturmiljø: arkeologiske kulturmiljø i utmark med automatisk freda kulturminne og yngre kulturminne
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: enkeltminne med nær geografisk samanheng

Dagen situasjon

Kulturmiljøet femner om automatisk freda- og nyare tids kulturminne i utmark under 28/20, 3148, 27/5 og 24/33.

Automatisk freda kulturminne

ASK ID 290111 ligg vest for Håfjell, på gnr. 28/20, ikkje så langt frå Mosvatnet. Under arkeologisk registrering i samband med områdeplanen, vart det her påvist eit større gravfelt og busetnads/aktivitetsområde. Lokaliteten ligg på ei høgde som skrå ned mot myr i sør, vest og nordvest. I nordaust ligg lokaliteten i ly for Håfjell. Fornminna ligg i beitemark og det vart påvist 136 røyser, 5 stolpehol, 3 dyrkingslag, 1 kokegrop, 1 bogastelle, 1 innhegning og 1 mogleg grøft. 7 av røysene vart påvist under sjakting og var ikkje synlege på markoverflata. Dette vil seie at det er truleg at det skjuler seg fleire røyser under markoverflata på lokaliteten.

Det vart registrert totalt 136 røyser, plassering i terrenget, storleik, form og moglege kantkjeder, gjer at nokre truleg skal tolkast som gravrøyser. Samlingar av mindre stein, gjerne i tilknytning til større jordfaste steinar, er truleg rydningsrøyser. Det vart også gjort funn av både skrapar i flint og keramikkskår i søkesjakter. Datering av lokaliteten er yngre bronsealder-eldre jernalder (Rogaland fylkeskommune 2022:23-34).

Nyare tidskulturminne

Prosteinen er ein stor stein som markerer grensa mellom gnr. 27/5, 24/33 og 24/18 (lokalnamn.no). Ved vegen, sørvest for Klokkeberg er her ei ruin etter ei torvløe, SEFRAK 1121-0006-009 (kartfestinga i Askeladden er feil, korrekt plassering er S 11 på verdikart). Kring 400 søraust for Klokkeberg er ei ruin etter ei gjetarbu, SEFRAK 1121-0006-010. Denne er avbilda i bygdeboka «Time. Gard og ætt. IV» s 166. Også denne kartfestinga er feil i Askeladden, korrekt plassering er S 12 på verdikartet.

Innanfor kulturmiljøet er her fleire steingardar.

Verdivurdering

Kulturmiljøet har ein variasjon av enkeltminne som vitnar om ulik bruk av området over ein lengre tidsperiode. ASK ID 290111 ligg intakt i eit område utan større moderne inngrep og det er vidt utsyn. Høg kunnskap- og opplevingsverdi, den største verdien er knytt til fornminnelokaliteten ASK ID 290111.

Samla er delområdet vurdert å ha stor verdi.

KM 16	VERDI	Oppleving >>>	Utan betydning					Noko					Middels					Stor					Svært stor				
		Kunnskap >>>	-----					-----					-----					-----					-----				
		Bruk >>>																									
																		▲									



Figur 6-57. Steingard aust for ASK ID 29011. Biletet er tatt mot nordvest.



Figur 6-58. Oversiktsbilete over fornminnelokaliteten (det grøne området midt i bildet). Tatt mot nord.



Figur 6-59. Gjetarhytte, SEFRAK 1121-0006-010, S 12 på verdikart. Tatt mot søraust.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 16			Verne-status	
ASK ID	290111		Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk freda	«Stort gravfelt i beitemark. Den ligger på en høyde i terrenget like inntil Håfjell i østlig kant av lokaliteten. Høyden som lokaliteten ligger på skrår ned mot myr i sør, vest og nordvest. Det ble påvist totalt 144 strukturer på lokaliteten. Det ble funnet 136 røyser, fem stolpehull, tre dyrkingslag/aktivitetslag, en kokegrop, et bogastelle, en innhegning og en mulig grøft. Det ble i tillegg funnet keramikk og flint i tilknytning til ulike strukturer på lokaliteten.»
S 10		Grensestein				
SEFRAK	1121-0006-009	Ruin etter torvløe				Datering: 1836 Varnekategori: C S 11 på verdikartet
SEFRAK	1121-0006-010	Ruin etter torvløe				Datering: Varnekategori: C S 12 på verdikartet

6.2.6 KM 17 ASK ID 5355

- Type kulturmiljø: arkeologiske kulturmiljø i utmark med automatisk freda kulturminne og yngre kulturminne
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetsavgrensing og nærområdet

Dagen situasjon


Kulturmiljøet femner om gardsanlegget ASK ID 5355 som ligg på ei halvøy som stikk ut i Mosvatnet i vest. På lokaliteten er det registrert 1 gardfar, 1 hustuft, fleire rydningsrøyser og 1 mogleg gravrøys. Tufta er nokså omrota, men veggane er delvis graskledde og det er synlege rundkamp.

Lokaliteten ligg i beitemark, i aust er det eit granfelt. Vidt utsyn mot nordvest.

Verdivurdering

Gardsanlegg er ei viktig kjelde til informasjon om førhistoriske samfunn. Høg kunnskap- og opplevingsverdi.

Samla er delområdet vurdert å ha stor verdi.





Figur 6-60. ASK ID 5355 markert med raud pil. Tatt mot aust.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 17			Verne-status	
ASK ID	5355		Arkeologisk minne	Gardsanlegg	Automatisk freda	
«Gårdsanlegg. 1 hustuft og en del rydningsrøyser. Lengst i NØ: Hustuft, rektangulær, orientert Ø-V. Tufta er nokså omrotet p.g.a. hytte som står i Ø-halvdel av tufta. Vanskelig å av- grense. Veggene er delvis gresskledd med rundkamp synlig. Inni tufta ligger det svært mye rundkamp. L. ca. 20 m, br. vanskelig å si, ca. 7-8 m. V og SV for tufta skråner terrenget svakt ned mot vatnet. Ca 5 m sør for tuftas østende: mulig gravrøys 5 m i diam 0,3 m høy. I en radius på ca 70 m fra hyttas vestgavl og mot VNV, V og SV ligger det endel rydningsrøyser D 2-3 m, en del av dem lagt inntil og oppå større steiner/blokker. Dessuten én liten røys ca 100 SV for hytta. Her er det også en steinstreng som kan være rester av gardfar, men som også kan være naturlig. Det samme gjelder en tilsvarende steinstreng ca 30 m rett S for hytta i SV-kanten av anlegget. Ø for tufta skråner det bratt opp. Berg her.»						

6.2.7 KM 18 GAMMEL INDRE HOVEDVEI

- Type kulturmiljø: kulturminne og kulturmiljø knytt til samferdsel
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetsavgrensing

Dagen situasjon

Det var få vegar ein kunne køyre på med hest og kjerre før fram mot slutten av 1800-talet, då vegbygginga i landet verkeleg skaut fart. «Gamle indre Hovedvei», eller «øvre Jæder-vei» vart likevel bygd alt før 1837. Han gjekk frå Vigre i Hå via Garborg, Mossige, Njå, Kvernaland og over Frøyland til han gjekk inn på hovudvegen ved Åse i Høyland. Når hovudvegen var bygd starta bøndene å byggje veg frå gardane fram til hovudvegen. Køyreveg var viktig, ikkje minst for byhandelen; Stavanger vaks i folketal og det vart ein stadig berte marknad for husdyrprodukt (Lindanger og Waula 2003: 244-245).

Gjennom Kvernaland og Njå er vegen i dag, for det meste, godt lesbar, nokre parti med asfalt og nokre parti med grus.

Verdivurdering

Vegen er eit viktig veghistorisk minne. Time kommune har som mål å ta vare på og informere om historia kring eit utval av dei gamle vegane i kommunen. Øvre Jærvegen (Lye – Hommeland – Njå) er ein av dei som er høgt prioriterte (Time kommune 2008:16).

Samla er delområdet vurdert å ha middels verdi.

KM	VERDI	Oppleving >>> Kunnskap >>> Bruk >>>	Utan betydning Noko Middels Stor Svært stor				
			-----	-----	-----	-----	-----
18					▲		



Figur 6-61. «Den gamle indre Hovedvei» ved Njå, tatt mot nord.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 18			Verne-status	
KM 18						«Gammel indre Hovedvei», før 1834

6.2.8 KM 19 ASK 327258-0

- Type kulturmiljø: gardsmiljø og andre kulturminne knytt til landbruk
- Skala: geografisk, kulturmiljønivå
- Avgrensing: kulturminnelokalitetsavgrensing og nærområdet

Dagen situasjon

Lokaliteten består av ei enkeltliggjande kokegrop, relativt sirkulær med eit mål på om lag 60x75 cm. Strukturen var grunn, berre ein cm djup.

Verdivurdering

Strukturen var svært forstyrta, under registreringa vart strukturen snitta. Både kunnskaps- og opplevingsverdi er svært avgrensa.

Samla er delområdet vurdert å ha noko verdi.

KM 19	VERDI	Oppleving > Kunnskap > Bruk >	Utan betydning Noko Middels Stor Svært stor				
			-----	-----	-----	-----	-----
				▲			

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 19			Verne-status	
ASK ID	327258-0		Arkeologisk minne	Kokegroplokalitet	Automatisk freda	«Lokaliteten består av en enkeltliggende kokegrop. Kokegropen var svært forstyrret og kun en liten del av bunnlaget av strukturen var bevart. Den hadde noe ujevn form, men var relativt sirkulær i form. Den målte ca. 60 x 75 cm. Den bestod av brun silt med spredte partier med kull og noe småstein. Strukturen ble snittet og viste en dybde på ca. 1 cm.»

7 PÅVERKNAD- OG KONSEKVENSVURDERING

I vurderingane som er gjort er det lagt til grunn at areal avsett til næringsareal vil bli planert og at det kan komme bygningar mellom 10-26 m i høgde.

7.1 ALTERNATIV

7.1.1 0-ALTERNATIVET

I utgreiinga vert tiltaket vurdert opp mot 0-alternativet som er dagens situasjon i området. Påverking og konsekvens av tiltaket vert vurdert opp mot 0-alternativet, som per definisjon har *ubetydeleg endring og ubetydeleg konsekvens*.

7.1.2 HOVUDALTERNATIV

To hovudalternativ, alternativ 1b og alternativ 2b, vert utgreia i denne rapporten. Tidlegare i planprosessen har også alternativa 1a og 2a vore vurdert.

ALTERNATIV 1B

Alternativ 1b er områdeplanen med omkøyringsveg fv. 505, alt. 1, samt tilkomstveg, alternativ B, til NK4.


ALTERNATIV 2 B

Alternativ 2 er områdeplanen med omkøyringsveg fv. 505, alt. 2, samt tilkomstveg, alternativ B, til NK4.

7.1.3 MASSEUTTAK RK1 OG RK2


Her er det to alternativ:

ALTERNATIV RK2 A



Figur 7-1. RK1 og RK2 er markert med brun skravur. Den delen av ASK ID 5150 som kjem innanfor avgrensinga av RK2 er forutsett fjerna/øydelagt.

ALTERNATIV RK2 B




Figur 7-2. I alternativ RK2 B er området med kryss-skravur bandlagt etter lov om kulturminne og enkeltminna her vert bevart.

7.1.4 NÆRINGSBEBYGGELSE NK3

Her er to alternativ:

Alternativ NK3 A og NK3 B. NK3 B er ei utviding av NK3 A. Sjå figur under.



Figur 3. Bildet over syner dei to alternative utformingane av NK3; NK3 A og NK3 B.

7.2 DELOMRÅDE A

I delområde A er vurderingane like for begge hovudalternativ. For KM 6 er det vurdert to ulike alternativ RK1/RK2: alternativ RK2 A og RK2 B. For KM 9, KM 10 og KM 11 er det vurdert to alternativ for NK3: NK3 A og NK3 B.

7.2.1 KM 1 ÅLGÅRDBANEN OG FIGGJO

Ålgårdbanen ligg, saman med elva Figgjo, lågt i terrenget og tiltaka vil bli mindre synleg frå kulturmiljøet. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil påverke dei kulturhistoriske verdiane til verken Ålgårdbanen, eller fagverksbrua, ved Eikelandshølen, i større grad.

Grad av påverking er vurdert til *ubetydeleg endring*.

KM 1	VERDI	Ubetydeleg verdi Noko verdi Middels verdi Stor verdi Svært stor verdi
KM 1	PÅVERK.	Forbetra Ubetydeleg endring Noko forringa Forringa Sterkt forringa/Øydelagt
KM 1	KONS	+++ /++++ +/+ 0 - -- --- ---- Ubetydeleg konsekvens (0)

7.2.2 KM 2 NORDRE KALBERG

Delar av næringsareal KN6 og NK1, friområde GK1 og GK2, samt ny trasé for fv. 505 kjem innanfor KM 2. Utbygging av KN6 og NK1 vil medføre direkte konflikt med storparten av ASK ID 60874 og heile ASK ID 296014.

Traséen for ny fv. 505 er planlagt nær ASK ID 296009 og ASK ID 15183, men ein unngår direkte konflikt. Det er fare for skade på kulturminna under anleggsfasen og lokalitetane bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i anleggsfasen. Omlegginga av fylkesvegen vil føre med seg meir trafikk, støy og negativ visuell påverknad for kulturmiljøet.

ASK ID 15183 ligg innanfor friområde GK1. Friområdet skal i hovudsak bestå, med potensielt nokre få justeringar for turgåarar, og medfører i seg sjølv ikkje inngrep i kulturminnelokaliteten eller store landskapsendringar.

Landskapet aust og sør for KM 2 er i dag prega av store, moderne inngrep gjennom masseuttak, Fagrafjell transformatorstasjon og fleire kraftleidningar. Ei utbygging i vest vil medføre, forutan direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, ei ytterlegare fragmentering av dagens jordbrukslandskap og det som blir att av KM 2 vil bli liggjande som ei øy, inneklemt mellom store, moderne inngrep. Kulturminnelokalitetane ASK ID 15183 og ASK ID 34828 ligg høgt og ein har godt utsyn frå desse lokalitetane. Det planlagde datalagringssenteret i NK1 vil bli dominerande i synsfeltet mot vest og samanhengen mellom KM 2 og KM 3 vert broten.

Grad av påverking er vurdert til *sterkt forringa*.

KM 2	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 2	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 2	KONS	+++ /++++	+ /++	0	-	--

		Alvorleg konsekvens (---)				

7.2.3 KM 3 ORSTAD

Den største verdien i kulturmiljøet er knytt til ASK ID 54090. Areal avsett til næringsbebyggelse, KN6, kjem innanfor delar av denne lokaliteten og det blir direkte konflikt med fleire rydningsrøyser. KM 3 er knytt til jordbruk og rydningsrøyslokaliteten er lett å lese i dagens jordbrukslandskap. Tiltaket vil endre landskapet og sperre utsynet mot KM 2.

Grad av påverking er vurdert til *sterkt forringa*.

KM 3	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 3	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 3	KONS	+++ /++++	+ /++	0	-	--

		Alvorleg konsekvens (---)				

7.2.4 KM 4 FOSS-EIKELAND

Dei to automatisk freda lokalitetane ligg høgt og fritt, og utan vegetasjon er her vidt utsyn. Gravfeltet ligg kring 400 meter frå KN6 i nord, og dei ulike tiltaka innanfor KN6 og NK1 vil vere godt synleg frå gravminna. Også dette kulturmiljøet er knytt til landbruk og ei realisering av tiltaket vil medføre ei ytterlegare fragmentering av jordbrukslandskapet i området. Grad av påverking er vurdert til *noko forringa*.

KM 4	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 4	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 4	KONS	+++ /++++	+ /++	0	-	--

		Noko konsekvens (-)				

7.2.5 KM 5 ORSTAD SØR

ASK ID 44318 ligg like innanfor plangrensa og i areal avsett til *Friområde GK3*. Friområdet skal i hovudsak bestå, med potensielt nokre få justeringar for turgåarar, og medfører i seg sjølv ikkje inngrep i kulturminnelokaliteten eller store landskapsendringar.

Grad av påverking er vurdert til *ubetydeleg endring*.

KM 5	VERDI	Ubetydeleg verdi Noko verdi Middels verdi Stor verdi Svært stor verdi					
KM 5	PÅVERK.	Forbetra Ubetydeleg endring Noko forringa Forringa Sterkt forringa/Øydelagt					
KM 5	KONS	+++ / +++++ + / ++ 0 - -- --- ----					
		Ubetydeleg konsekvens (0)					

7.2.6 KM 6 FAGRAFJELL/MØGJEDAL

Alternativ RK2 A

Ein mindre del av ASK ID 5150 kjem innanfor plangrensa og innanfor nytt areal til råstoffutvinning RK2. Det blir direkte konflikt med 3 gravrøyser, 6 rydningsrøyser, 2 gardfar og 2 hólvegar (enkeltminne nr. 366, 641, 375, 370, 369, 368, 373, 367, 376, 642). Området her er alt oppstykket av parkeringsplassar og vegar og fornminna ligg i lommer med bevart kulturlandskap. Grensa for masseuttak kjem også nærare lokaliteten i vest, sett i forhold til dagens situasjon. Eksisterande masseuttak, Fagrafjell transformatorstasjon, anleggsvegar og fleire kraftleidningar har alt ein negativ visuell påverknad på den vestlege delen av lokaliteten.

Nytt areal til råstoffutvinning, RK5, grensar mot ASK ID 5150 i sørvest. Dette vil medføre ei ytterlegare fragmentering av jordbrukslandskapet i vest og vil ha ein negativ visuell påverknad på kulturmiljøet. Det vil vere fare for skade på enkeltminne, desse bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i driftsfasen. Lokaliteten vil truleg også bli utsett for støy, som vil påverke opplevingsverdien negativt. ASK ID 44850 vert i mindre grad påverka av tiltaket.

Grad av påverknad er vurdert til *forringa*.

KM 6	VERDI	Ubetydeleg verdi Noko verdi Middels verdi Stor verdi Svært stor verdi				
KM 6	PÅVERK.	Forbetra Ubetydeleg endring Noko forringa Forringa Sterkt forringa/Øydelagt				
KM 6	KONS	+++ / +++++ + / ++ 0 - -- --- ----				
		Betydeleg konsekvens (--)				

Alternativ RK2 B

I dette alternativet vert fleire av enkeltminna innanfor plangrensa bevart og verna gjennom omsynssone. Det er likevel direkte konflikt med dei 3 enkeltminna lengst vest i ASK ID 5150, 2 gardfar og 1 mogleg gravrøys, enkelminne nr. 366, 641 og 375.

Det vil seie at enkeltminne nr. 368, 369, 370, 373, 367, 376 og 642 (3 gravrøyser, 5 rydningsrøyser og 2 hólvegar) vert bevart, men dei vert liggande inneklemt mellom masseuttaket som vil komme tett på, både mot nord, vest og sør. Området her er alt oppstykket av parkeringsplassar og vegar og ny grense for masseuttak vil fragmentere omgjevnadane til fornminna ytterlegare. Eksisterande masseuttak, Fagrafjell transformatorstasjon, anleggsvegar og fleire kraftleidningar har alt ein negativ visuell påverknad på den vestlege delen av lokaliteten.

Nytt areal til råstoffutvinning, RK5, grensar mot ASK ID 5150 i sørvest. Dette vil medføre ei ytterlegare fragmentering av jordbrukslandskapet i vest og vil ha ein negativ visuell

påverknad på kulturmiljøet. Det vil vere fare for skade på enkeltminne, desse bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i driftsfasen. Lokaliteten vil truleg også bli utsett for støy, som vil påverke opplevingsverdien negativt. ASK ID 44850 vert i mindre grad påverka av tiltaket.

Grad av påverknad er vurdert til *forringa*.

KM 6	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 6	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 6	KONS	+++ /++++	+ /++	0	-	--
Betydeleg konsekvens (--)						

7.2.7 KM 7 GJETARHYTTE

Gjetarhytta ligg kring 120 m frå plangrensa og areal avsett til næring, NK3. Hytta ligg høgt og ein har godt utsyn mot vest. Høgdeskilnad vil likevel dempe negativ visuell påverknad.

Grad av påverking er vurdert til *noko forringa*.

KM 7	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 7	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 7	KONS	+++ /++++	+ /++	0	-	--
Noko konsekvens (-)						

7.2.8 KM 8 ASK ID 129145

Kulturminnelokaliteten vert liggjande mellom areal avsett til råstoffutvinning, RK4 og RK5. RK 4 er ei utviding av masseuttak Kalberg sør. Minste avstand frå RK 5 til vernesona på lokaliteten er kring 11 m og frå RK4 til vernesona er minste avstand kring 100 m. Dei to areala avsett til råstoffutvinning vil komme tett på og vere visuelt skjemmaende for lokaliteten. Støy og anleggstrafikk vil redusere opplevingsverdien. Kulturminnelokaliteten bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i driftsfasen.

Grad av påverking er vurdert til *sterkt forringa*.

KM 8	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 8	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 8	KONS	+++ /++++	+ /++	0	-	--
Alvorleg konsekvens (---)						

7.2.9 KM 9 SØRA KALBERG

Alternativ NK3 A

Masseuttak Kalberg sør, ligg rett nord for ein av dei sentrale lokalitetane i kulturmiljøet, ASK ID 60872. Områdeplanen legg opp til utviding av dette masseuttaket og etablering av nytt areal for råstoffutvinning, RK4, og nytt areal for næringsbebyggelse, NK3, i aust. Til saman utgjer dette store inngrep i, og fragmentering av, det overordna kulturlandskapet kulturmiljøet ligg i. Dette vil ha ein negativ visuell påverknad på kulturmiljøet.

Nord for Åslandsvegen er fv. 505 planlagt gjennom ein mindre del av kulturmiljøet i vest. Ny fv. 505 vil komme tett på ASK ID 305243, ein lokalitet med dyrkningsflater og kokegroper. Dette er kulturminne skjult under overflata, noko som er vurdert å redusere grad av visuell påverknad. Det er fare for skade på kulturminna under anleggsfasen og lokaliteten bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i anleggsfasen.

Sør for Åslandsvegen er fv.505 planlagt gjennom eit område med fleire enkeltminne frå nyare tid, tufter, rydningsrøys og moglege spor etter tørkeløe og mura renne ned til Frøylandsåna (ASK ID 14265, ASK ID 217098, ASK ID 217099 og S 7. Ny fv. 505 vil komme berre kring 50 frå ASK 60873 (gravminne) og mellom 85-200 m frå ASK ID 24967. Ei omlegging av fylkesvegen gjennom kulturmiljøet, fører med seg meir trafikk, støy og negativ visuell påverknad for kulturmiljøet.

Samanhengane mellom fornminnelokalitetane innanfor kulturmiljøet vert bevarte. Samanhengen mellom KM 9 og KM 10 vert noko redusert som følgje av næringsareal NK3. Samanhengane med kulturmiljøa i nord, er alt reduserte ved masseuttak, Fagrafjell transformatorstasjon og kraftleidningar.

Grad av påverking er vurdert til *forringa*.

KM 9	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 9	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 9	KONS	+++ / ++++	+/++	0	-	--
Betydeleg konsekvens (--)						

Alternativ NK3 B

Masseuttak Kalberg sør, ligg rett nord for ein av dei sentrale lokalitetane i kulturmiljøet, ASK ID 60872. Områdeplanen legg opp til utviding av dette masseuttaket og etablering av nytt areal for råstoffutvinning, RK4, og nytt næringsareal, NK3, i aust. Til saman utgjer dette store inngrep i, og fragmentering av, det overordna kulturlandskapet kulturmiljøet ligg i. Dette vil ha ein negativ visuell påverknad på kulturmiljøet. ASK ID 5368, rydningsrøyslokalitet, vert liggjande tett inntil grensa for næringsareal NK3.

Nord for Åslandsvegen er fv. 505 planlagt gjennom ein mindre del av kulturmiljøet i vest. Ny fv. 505 vil komme tett på ASK ID 305243, ein lokalitet med dyrkningsflater og kokegroper. Dette er kulturminne skjult under overflata, noko som er vurdert å redusere grad av visuell påverknad. Det er fare for skade på kulturminna under anleggsfasen og lokaliteten bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i anleggsfasen.

Sør for Åslandsvegen er fv.505 planlagt gjennom eit område med fleire enkeltminne frå nyare tid, tufter, rydningsrøys og moglege spor etter tørkeløe og mura renne ned til Frøylandsåna (ASK ID 14265, ASK ID 217098, ASK ID 217099 og S 7. Ny fv. 505 vil komme berre kring 50 frå ASK 60873 (gravminne) og mellom 85-200 m frå ASK ID 24967. Ei omlegging av fylkesvegen gjennom kulturmiljøet, fører med seg meir trafikk, støy og negativ visuell påverknad for kulturmiljøet.

Samanhengane mellom fornminnelokalitetane innanfor kulturmiljøet vert bevarte. Samanhengen mellom KM 9 og KM 10 vert noko redusert som følgje av næringsareal NK3. Samanhengane med kulturmiljøa i nord, er alt reduserte ved masseuttak, Fagrafjell transformatorstasjon og kraftleidningar.

Grad av påverking er vurdert til *forringa*.

KM 9	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 9	PÅVERK	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 9	KONS	+++ / ++++	+/++	0	-	--
Betydeleg konsekvens (--)						

7.2.10 KM 10 SØRA KALBERG II

Alternativ NK3 A

Delar av kulturmiljøet ligg på ei høgde med godt utsyn mot nord og areal avsett til næringsbebyggelse NK3 og råstoffutvinning RK5. Tiltaket utgjer store inngrep i det overordna kulturlandskapet, noko som vil ha ein negativ visuell påverknad på kulturmiljøet. Samanhengen mellom enkeltminne innanfor kulturmiljøet, samt mot KM 9, vert bevart. Grad av påverking er vurdert til *noko forringa*.

Grad av påverking er vurdert til *noko forringa*.

KM 10	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 10	PÅVERK	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 10	KONS	+++ / ++++	+/++	0	-	--
Noko konsekvens (-)						

Alternativ NK3 B

Delar av kulturmiljøet ligg på ei høgde med godt utsyn mot nord og areal avsett til næringsbebyggelse NK3 og råstoffutvinning RK5. Tiltaket utgjer store inngrep i det overordna kulturlandskapet, noko som vil ha ein negativ visuell påverknad på kulturmiljøet. Samanhengen mellom enkeltminne innanfor kulturmiljøet vert bevart, men samanhengen mot KM 9 vert noko redusert som følgje av etablering av næringsareal NK3 B.

Grad av påverking er vurdert til *forringa*.

Alternativ NK3 A

Innanfor det define

Areal avsett til NK

7.3 DELOMRÅDE B

7.3.1 KM 12 FRØYLAND

Alternativ 1b og 2b

Ny fv.505 er planlagt gjennom ASK ID 141487. Lokaliteten vert delt i to og fleire enkeltminne vert øydelagde, nokre av disse kan vere gravrøyser. I tillegg til tap av enkeltminne, vil ny fylkesveg danne ei barriere mellom fleire fornminnelokalitetar og gå gjennom kulturlandskap med steingardar, samt krysse «Gamle Kalbergvegen». Tunnelinnslag vil komme kring 40 meter vest for ASK ID 141484, resten av strekninga går ny fv. 505 i tunell gjennom kulturmiljøet.

Også tilkomstveg til NK 4 medfører direkte konflikt med ASK ID 141487, mellom anna enkeltminne 3, *gravhaugen Floarheio*, vert øydelagt. Vidare medfører tilkomstvegen inngrep i dei austlege delane av ASK ID 141484 og ASK ID 24984. Her er det registrert både rydningsrøyser, gravrøyser og stakktuft. Landskapet er kupert og tilkomstvegen vert stadvis liggjande på store fyllingar og i høge skjeringar. Vegen vil gå gjennom kulturlandskap med steingardar og krysse «Gamle Kalbergvegen».

BK5 og BK6 er areal avsett til bustadføremål og vil medføre direkte konflikt med 3 heile rydningsrøyslokalitetar (ASK ID 295554, ASK ID 180050 og ASK ID 295603). Den sørvestlege delen av ASK ID 24984 ligg også innanfor BK6 og ei realisering av tiltaket vil medføre direkte konflikt med fleire rydningsrøyser også her. Bebyggelsen vil komme tettare på fornminnelokalitetane og redusere lesbarheita til kulturmiljøet i nokon grad

Samla vil tiltaket medføre tap av fleire automatisk freda kulturminne. Ved ei realisering av BK5 og BK6 vil også bebyggelsen flyttast nærare dei fornminnelokalitetane som er att. Dei to vegane vil splitte opp eit samanhengande kulturlandskap med stor tidsdjupne, medføre trafikkstøy og negativ visuell påverknad for kulturmiljøet.

Grad av påverking er vurdert til sterkt *forringa*.

KM 12	VERDI	Ubetydeleg verdi Noko verdi Middels verdi Stor verdi Svært stor verdi						
KM 12	PÅVERK.	Forbetra Ubetydeleg endring Noko forringa Forringa Sterkt forringa/Øydelagt						
KM 12	KONS.	+++ / ++++	+ / ++	0	-	--	---	----
		Alvorleg konsekvens (---)						

7.3.2 KM 13 KVERNALAND

Alternativ 1b og 2b:

Begge alternativa medfører at ny fv. 505 går i tunell under det definerte kulturmiljøet.

Grad av påverking er vurdert til *ubetydeleg endring*.

KM 13	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 13	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 13	KONS	+++ / ++++	+/++	0	-	--

						Ubetydeleg konsekvens (0)

7.3.3 KM 14 NETLAND OG TEGLE

Alternativ 1b

KM 14 grensar til Kvernlandsvegen som vil bli liggjande i mellom kulturmiljøet og ny fv. 505. Minste avstand mellom ASK ID 285847 og ny fv. 505 vil bli om lag 60 m. Ny fv. 505 er ikkje vurdert å ha påverknad på KM 14 i større grad.

Grad av påverking er vurdert til *ubetydeleg endring*.

KM 14	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 14	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 14	KONS	+++ / ++++	+/++	0	-	--

						Ubetydeleg konsekvens (0)

Alternativ 2b

Tiltaket vil ikkje ha påverknad på kulturmiljøet.

Grad av påverking er vurdert til *ubetydeleg endring*.

KM 14	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 14	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 14	KONS	+++ / ++++	+/++	0	-	--

						Ubetydeleg konsekvens (0)

7.3.4 KM 15 ASK ID 15192

Alternativ 1b

Alternativet vil ikkje ha påverknad på kulturmiljøet.

Grad av påverking er vurdert til *ubetydeleg endring*.

KM 15	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 15	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 15	KONS	+++ /++++	+/++	0	-	--
Ubetydeleg konsekvens (0)						

Alternativ 2b

Ny f. 505 vil komme kring 70 m frå ASK ID 15192, gravminne. Vidare er det planlagd ei rundkøyring som koplar Kvernlandsvegen og Njåvegen til ny fv. 505, kring 115 m vestnordvest for gravminnet. Alternativet vil medføre negativ visuell påverknad og auka støy.

Grad av påverking er vurdert til *noko forringa*.

KM 15	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 15	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 15	KONS	+++ /++++	+/++	0	-	--
Noko konsekvens (-)						

7.3.5 KM 16 HÅFJELL – KLOKKEBERG

Alternativ 1b og 2b

Areal sett av til næringsbebyggelse, NK4, kjem i direkte konflikt med delar ASK ID 29011, automatisk freda gravfelt. I den delen som vert øydelagt er her registrert fleire typar enkeltminne; gravrøyser, rydningsrøyser, røyser, bogastelle og innhegning.

Tiltaket vil bli synleg frå Prosteinen, men i liten grad frå ruinane etter gjetarhyttene som ligg i le for to høgder. Den største verdien i kulturmiljøet er knytt til ASK ID 29011 og tiltaket si påverkinga på denne lokaliteten er vektlagt i vurderinga.

Grad av påverking er vurdert til *sterkt forringa*.

KM 16	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 16	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 16	KONS	+++ /++++	+/++	0	-	--
Alvorleg konsekvens (---)						

7.3.6 KM 17 ASK ID 5355

Alternativ 1b og 2b

KM 17, gardsanlegget ASK ID 5355, ligg på ei halvøy som stikk ut i Mosvatnet i aust, kring 600 i luftlinje frå søraustre grense av NK4. Realisering av næringsarealet vil vere godt synleg frå kulturmiljøet og medføre noko negativ visuell påverknad.

Grad av påverking er vurdert til noko *forringa*.

KM 17	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 17	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 17	KONS	+++ /++++	+/++	0	-	--
Noko konsekvens (-)						

7.3.7 KM 18 GAMMEL INDRE HOVEDVEI

Alternativ 1b

Fv. 505 vil krysse den gamle hovudvegen, der den i dag heiter Sletteigsvegen, like nord for eit nyare bustadfelt (Sletteigsvegen 2 -20). Denne delen av vegen er asfaltert. Ny fv.505 vil medføre eit brot i den opphavlege veglinja.

Grad av påverking er vurdert til noko *forringa*.

KM 18	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 18	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 18	KONS	+++ /++++	+/++	0	-	--
Noko konsekvens (-)						

Alternativ 2b

Fv. 505 vil krysse den gamle hovudvegen på Njå, mellom gardstuna til gnr. 24/19 og 13. Her er vegen grusveg, steingardar går parallelt med vegen og her er enkelte lauvtre. Alternativ 2 vil medføre brot på den opphavlege veglinja, i eit parti der vegen har eit autentisk preg.

Grad av påverking er vurdert til *forringa*.

KM 18	VERDI	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
KM 18	PÅVERK.	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa/Øydelagt
KM 18	KONS	+++ /++++	+/++	0	-	--
Noko konsekvens (-)						

7.3.1 KM 19 ASK ID 327258-0

Alternativ 1b

Alternativet vil ikkje ha påverknad på kulturmiljøet.

Grad av påverking er vurdert til *ubetydeleg endring*.

KM 19	VERDI	Ubetydeleg verdi Noko verdi Middels verdi Stor verdi Svært stor verdi
KM 19	PÅVERK.	Forbetra Ubetydeleg endring Noko forringa Forringa Sterkt forringa/Øydelagt
KM 19	KONS	+++ /++++ +/++ 0 - -- --- ----
Ubetydeleg konsekvens (0)		

Alternativ 2b

Kulturminnet vil bli liggjande tett ved fv.505.

Grad av påverking er vurdert til *sterkt forringa*.

KM 18	VERDI	Ubetydeleg verdi Noko verdi Middels verdi Stor verdi Svært stor verdi
KM 18	PÅVERK.	Forbetra Ubetydeleg endring Noko forringa Forringa Sterkt forringa/Øydelagt
KM 18	KONS	+++ /++++ +/++ 0 - -- --- ----
Ubetydeleg konsekvens (0)		

7.4 SAMANSTILLING AV KONSEKVENSA

Tabellen under syner ein samanstilling av konsekvensgrad for kulturmiljøa i dei ulike alternativa, rangering av alternativ og samla konsekvensgrad for alternativa.

Tabell 7.1. Samanstilling av konsekvensgrad for kulturmiljø, rangering av alternativ og samla konsekvensgrad for alternativa.

Kultur- miljø	Alternativ			
	Konsekvens			
	0-alt	Alt. 1b		Alt. 2b
KM 1	0	(0)		(0)
KM 2	0	(---)		(---)
KM 3	0	(---)		(---)
KM 4	0	(-)		(-)
KM 5	0	(0)		(0)
KM 6 To alternativ for utforming av RK2	0	RK2 A (--)	RK2 B (--)	RK2 A (--) RK2 B (--)
KM 7	0	(-)		(-)
KM 8	0	(---)		(---)
KM 9 To alternativ for utforming av NK3	0	NK3 A (--)	NK3 B (--)	NK3 A (--) NK3 B (--)
KM 10 To alternativ for utforming av NK3	0	NK3 A (-)	NK3 B (--)	NK3 A (-) NK3 B (--)
KM 11 To alternativ for utforming av NK3	0	NK3 A (--)	NK3 B (--)	NK3 A (--) NK3 B (--)
KM 12	0	(---)		(---)
KM 13	0	(0)		(0)
KM 14	0	(0)		(0)
KM 15	0	(0)		(-)
KM 16	0	(---)		(---)
KM 17	0	(-)		(-)
KM 18	0	(-)		(-)
KM 19	(0)	(0)		(0)
Rangering	0	2		3
Samla vurdering	0	Stor negativ konsekvens		Stor negativ konsekvens

Samla medfører ei realisering av områdeplanen negative konsekvensar for fagtema kulturmiljø. Det er direkte konflikt med fleire automatisk freda-, samt nyare tids kulturminne, i fleire kulturmiljø og tiltaket vil medføre fragmentering av kulturlandskap med stor tidsdjupne. Både opplevings- og kunnskapsverdi vert svekka for fleire kulturmiljø. Av totalt 19 kulturmiljø, er områdeplanen vurdert å ha alvorleg eller middels konsekvens for 8 eller 9 kulturmiljø (avhengig av alternativ for NK3). Samla konsekvens er vurdert i tråd med tabell i Figur 4-4. Kriterium for fastsetjing av konsekvens for kvart alternativ (MD 2023).

Samla konsekvensgrad, for begge alternativ, er vurdert til *stor negativ konsekvens*.

Rangering av alternativ 1b og 2b

Dei to hovudalternativa er like gjennom store delar av planområdet, også der påverkinga på kulturmiljø er størst. Det er såleis relativ liten skilnad på alternativa. Alternativ 1b er likevel rangert som det beste alternativet, då dette er vurdert som noko betre for KM 15 og KM 18 enn alternativ 2b.

Rangering av alternativ RK2 A og RK2 B (utforming av RK2)

Kultur- miljø	Alternativ		
	Konsekvens		
	0-alt	Alt. RK 2 A	Alt. RK 2 B
KM 6	0	(--)	(--)
Rangering	1	3	2
Samla vurdering	0	Middels negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens

Alternativ RK2 B er vurdert å vere noko betre enn alternativ RK2 A, då det medfører direkte konflikt med færre enkelminne. Det er likevel vurdert å vere relativ liten skilnad på dei to alternativa, då dei bevarte enkeltminna i alternativ RK2 B vil bli liggjande i eit smalt belte inn i masseuttak RK2. Opplevingsverdien vil bli redusert og omgjevnadane enkeltminna ligg i, ytterlegare fragmentert.

Rangering av alternativ NK3 A og NK3 B (utforming av NK3)

Kultur- miljø	Alternativ		
	Konsekvens		
	0-alt	Alt. NK3 A	Alt. NK3 B
KM 9	0	(--)	(--)
KM 10	0	(-)	(--)
KM 11	0	(--)	(--)
Rangering	1	2	3
Samla vurdering	0	Middels negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens

Alternativ NK3 B har ei større utstrekning enn alternativ NK3 A og medfører nærføring til ASK ID 5368 og ei ytterlegare fragmentering av det overordna kulturlandskapet. Vidare medfører alternativ NK3 B reduserte samanhengar mellom KM 9, KM 10 og KM 11. Alternativ NK 3A er såleis rangert som det beste av dei to alternativa.

7.5 KONSEKVENSA I ANLEGGSPERIODEN

Under anleggsperioden vert kulturminne og kulturmiljø utsett for støv og støy og arbeidet vil kunne vere synleg på lange avstandar. Dette er faktorar som reduserer opplevinga av kulturmiljøa. Det vil også vere fare for inngrep i, eller skade på, kulturminne. Sjå kap. 7.5 Skadereduserande tiltak.

7.6 SKADEREDUSERANDE TILTAK

KU-forskrifta stiller krav til korleis førebygge skadeverknader av eit tiltak. Jamfør § 23 skal KU «beskrive de tiltakene som er planlagt for å unngå, begrense, istandsette og hvis mulig kompensere for vesentlige skadevirkninger for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen».

Det er vanskeleg å bøte på arealinngrep som følgje av tiltaket. God landskapstilpassing og revegetering av ramma areal er viktig og kan redusere grad av negativ visuell påverking av kulturminne og kulturmiljø noko, men ikkje nok til å endre konsekvensgrad.

Skadereduserande tiltak knytt til fagtema *landskapsbilete*, vil ofte ha ein positiv effekt på kulturmiljø innanfor same landskapsrom.

Opplevingsverdien knytt til viktige kulturmiljø vert redusert ved støy. God støyskjerming er derfor skadereduserande tiltak for kulturminne i influensområdet. Nye installasjonar som støyskjerm, vollar og gjerder må i størst mogleg grad innordne seg viktige kulturmiljø og kulturlandskap.

Masseuttaka bør fyllast opp att og tilbakeførast til landbruksareal etter at driftsperioden er ferdig. Ein må då ha god landskapstilpassing slik at masseuttaket ikkje vert liggjande som eit permanent terrenginngrep.

Risikovurdering og sikring av kulturminne vil vere viktig for å redusere risiko for forutsette hendingar. Fleire automatisk freda kulturminne kjem svært nær planlagde tiltak og bør sikrast med omsynssone i planen og fysisk i anleggsfase og driftsfase. Dette gjeld for følgjande kulturminnelokalitetar:

- ASK ID 15183
- ASK ID 60874
- ASK ID 296009
- ASK ID 5150
- ASK ID 129145
- ASK ID 305243
- ASK ID 5368
- ASK ID 44318
- ASK ID 141487
- ASK ID 141484
- ASK ID 24984
- ASK ID 15192 (alternativ 2b)

8 REFERANSAR

Brekke, N.G, Nordhagen, P.J. og Lexau, S.S. 2008: *Norsk Arkitekturhistorie. Frå steinalder og bronsealder til det 21.hundreåret*. Det norske samlaget.

Klepp kommune 2021: Kulturminneplan 2021-2031.

Lindanger, B. og Nordås, H. 2005: Klepp bygdesoge 1837-1987.

Lindanger, B. og Waula, J.E. 2003: Time. Gard og ætt. IV.

Måseidvåg, T. 2001: Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp Time, Gjesdal, og Hå kommuner.

Regjeringen 2004: St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med Kulturminner.

Regjeringen 2019. St meld. nr. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold. [Meld. St. 16 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

Riksantikvaren 2003: Kulturminner og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar. Rettleiar. Oslo, 2003.

Riksantikvaren 2019: Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Planlegging etter plan- og bygningsloven. Versjon 20.12.2019. Veileder. Oslo.

Rogaland fylkeskommune: Områdeplan Kalberg 2022 – arkeologiske rapport. Gnr. 28, 29, 30, 31 og 9 Bnr. Fleire, Time og Klepp kommune. Rapport nr. 21 2022.

Sandnes kommune 2020: Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer i Sandnes 2020-2035 (utkast).

Sandnes kommune 2022a: Ganddal. Kulturmiljø og kulturminner.

Sandnes kommune 2022b: Figgjo. Kulturminner og kulturminner.

Time kommune 2008: Kulturminneplan Time kommune 2008-2019. Vedteken av Time kommunestyre 04.11.2008.

Time og Klepp kommune 2022: Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland og Kvernaland. Planprogram. Plan 0548 – Time kommune, Plan 2022003 – Klepp kommune. 04.05.2022.

8.1 KJELDER PÅ INTERNETT

Arkeologisk tilvekst: www.unimus.no

Askeladden: <http://askeladden.ra.no>

Kart, historiske kart: www.1881.no

Kulturminneregisteret, Sandnes kommune: [Kulturminner i Sandnes kommune \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

Lokale stadnamn: [Lokale stadnamn \(lokalnamn.no\)](http://lokalnamn.no)

Miljødirektoratet. Konsekvensutredning av klima- og miljøtema:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/konsekvensutredninger/>

Regional plan for kulturmiljø, Rogaland fylkeskommune 2023: rogfk.no/_f/p1/ic0a6cd68-5ef3-4a3f-b4c4-a7179e52904b/2023_09_04_regionalplanfor_kulturmiljo_krs.pdf

Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/kulturminner>

9 VEDLEGG


Vedlegg A: Verdikart

KU Områdeplan for området Orstad nord,
Kalberg, Frøyland, Kvernaland

VERDIKART KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

VERDI:	AREALFØREMÅL:
Noko	Friområde
Middels	Næringsbebygg. eksist./nytt
Stor	Råstoffutvinning eksist./nytt
Svært stor	Bustadbebygg. eksist./nytt
Plangrense	Ny fv. 505
	Tilkomstveg

RÅDGJEVANDE
ARKEOLOGAR



KU Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland

VERDIKART KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

VERDI:

- Noko
- Middels
- Stor
- Svært stor
- Plangrense

ASKELODDEN

- Freda
- Uavklart vernestatus
- Ikkje freda/fjerna

SEFRAK


- A
- B
- C
- Fjerna SEFRAK
- S - andre kulturminne

AREALFØREMÅL:

- Frrområde
- Næringsbebygg. eksist./nytt
- Råstoffutvinning eksist./nytt
- Bustadbebygg. eksist./nytt

- Ny fv. 505
- Tilkomsveg

RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR



KU Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland

VERDIKART KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

VERDI:

- Noko
- Middels
- Stor
- Svært stor
- Plangrense

AREALFØREMÅL:

- Frrområde
- Næringsbebygg. eksist./nytt
- Råstoffutvinning eksist./nytt
- Bustadbebygg. eksist./nytt

ASKELADDEN

- Freda
- Uavklart vernestatus
- Ikkje freda/fjerna


SEFRAK


- A
- B
- C
- Fjerna SEFRAK
- S - andre kulturminne

- Ny fv. 505
- Tilkomstveg

Alternativ RK2 B: bandlegging etter lov om kulturminne

RÅDGJEVANDE
ARKEOLOGAR





KU Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland

VERDIKART KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

- VERDI:**


 - Noko
 - Middels
 - Stor
 - Svært stor
 - Plangrense
- AREALFØREMÅL:**

 - Frrområde
 - Næringsbebygg. eksist./nytt
 - Råstoffutvinning eksist./nytt
 - Bustadbebygg. eksist./nytt
- ASKELOADEN**

 - Freda
 - Uavklart vernestatus
 - Ikkje freda/fierna
- SEFRAK**

 - A
 - B
 - C
 - Fjerna SEFRAK
 - S - andre kulturminne
- NY FV. 505**

 - Ny fv. 505
 - Tilkomstveg
- RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR**



KU Områdeplan for området Orstad nord,
Kalberg, Frøyland, Kvernaland

VERDIKART KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

VERDI:

Noko

Middels

Stor

Svært stor

Plangrense

AREALFØREMÅL:

Friområde

Næringsbebygg. eksist./nytt

Råstoffutvinning eksist./nytt

Bustadbebygg. eksist./nytt

ASKELADDEN

Freda

Uavklart vernestatus

Ikkje freda/fierna

SEFRAK

A

B

C


Fjerna SEFRAK

S - andre kulturminne

Ny fv. 505

Tilkomstveg

RÅDGJEVANDE
ARKEOLOGAR



KU Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland, Kvernaland

VERDIKART KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

